



# Temaplan for kulturminne



i

# Vang

Vedteke i Vang formannskap 04/12.2018

Sak 059/18



<b>DEL 1 INNLEDNING .....</b>	<b>3</b>
Bakgrunn og føremål .....	3
Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen .....	3
Planens oppbygging .....	3
Arbeidsprosess .....	4
Verdisetjing av kulturminne .....	5
Verdiskaping, bruk og utval .....	5
Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet .....	6
Program, prosjekt og registreringsoppgåver .....	8
Nasjonalt .....	8
På fylkesnivå .....	10
Lokalt .....	10
Nye registreringar .....	12
<b>DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR .....</b>	<b>13</b>
Historia i Valdres .....	13
Prioriterte område for Valdres .....	14
Stølsdrift .....	14
Ferdslehistorie med vegar og skysstasjonar .....	16
Mellomalderkyrkjer .....	24
Varslingsvardane .....	28
<b>DEL 3 PROSESS OG HISTORIKK I VANG .....</b>	<b>30</b>
Arbeidsprosess og forankring .....	30
Historia i Vang .....	30
Tidlegare kartfesta registreringar i Vang kommune .....	31
Kulturhistoriske skrifter om Vang .....	34
Viktige kulturminnegrupper i Vang .....	35
Landbruk .....	35
Friluftsliv, fjell og ferdsel .....	37
Fangstkultur .....	38
Bygningsmiljø .....	39
Steinalderbusettingar .....	39
<b>DEL 4 UTVALDE LOKALITETAR I VANG .....</b>	<b>40</b>
1 Øye stavkyrkje .....	43
2 Høre stavkyrkje .....	48
3 Kongevegen i Vang .....	55
4 Øylo Skysstasjon .....	69
5 Bekkekvornene ved Leineåne .....	79
6 Riddarberget .....	87
7 Skålgropfeltet ved Opdalsstølen .....	91
8 Fangstanlegga ved Skræmetindane .....	96
9 Riddarstøga på Leirhol .....	99
10 Jarnvinneanlegget ved Otrøvatn .....	102
11 Stølsområdet ved Helin .....	107
12 Steinalderbusettingane ved Tyin .....	114
13 Saltmannvegen .....	121
14 Gamle Eidsfoss kraftverk .....	125
15 Sørre Hemsing .....	138
16 Gamle Kvam .....	147
17 Nordigarden og Syigarden Belsheim .....	152
18 Sørre Gjevve .....	158
19 Nedre Kattevål .....	163

20 Torsheim grendahus.....	170
<b>DEL 5 OPPFØLGJING OG VIDARE ARBEID I VANG .....</b>	<b>170</b>
Oppfølgingsområde.....	177
Tettstader - Ryfoss.....	177
Gamle skulebygg og forsamlingshus .....	177
Heimstøler .....	177
Fangstanlegg.....	177
Kraftindustrien .....	177
Bygningsmiljø .....	177
<b>LOVVERK .....</b>	<b>178</b>
Kulturminnelova .....	178
Plan- og bygningslova.....	178
Skogbrukslova.....	179
Listeføring.....	179
Omgrep.....	179
<b>TILSKOTSSORDNINGAR.....</b>	<b>181</b>
Statlege tilskotsordningar .....	181
Regionale tilskotsordningar.....	181
Kommunale tilskotsordningar .....	182
Private tilskotsordningar .....	182
<b>DEL 6 VEDLEGG REGISTRERTE KULTURMINNE.....</b>	<b>183</b>
<b>KJELDER .....</b>	<b>184</b>
.....	185

## DEL 1 INNLEING

### Bakgrunn og føremål

Alle kommunane i Noreg har vore invitert av Riksantikvaren til å søkje om midlar til å utarbeide kulturminneplanar. Valdres-kommunane har søkt om kr 100 000,- kvar til arbeidet i perioden 2013–2015, med ferdigstilling 31.12.2017. Arbeidet skal i hovudsak innehalde minne innanfor ansvarsområda til kommunane, det vil seie bygningsmasse og minne frå nyare tid. Hensikta med planane er ei meir målretta og offensiv forvaltning av kulturminna i kommunen. Denne planen legg ikkje juridiske bindingar til enkeltminne, men kan nyttast som arbeidsreiskap for kulturminneforvaltninga og som grunnlag for å utarbeide kommunedelplan for kulturminne i sin kommune.

### Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen

Areal- og byggesaksbehandling, der planen kan brukast:

- til prioritering/retningslinjer for byggesaksbehandling.
- som grunnlag for utvikling av tettstader
- som grunngeving av omsynssone i juridisk bindande arealplan (kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar eller reguleringsplanar)
- som grunnlag for KU-krav, blant anna i kommuneplanen
- for å skape kjennskap til kulturminne i utbyggingsprosessar

Kopling til andre sektorar i kommunen, slik som folkehelse, oppvekst og utdanning, kultur og næringsutvikling, der planen kan brukast i samband med:

- kulturminne i undervisning eller som grunnlag for gode opplevingar
- tilrettelegging av turløyper
- engasjement i lokalsamfunn (velforeiningar, aktive eigarar osv.)
- grunnlag for lokalt næringsliv
- besøksattraktivitet
- merkevarerbygging eller ramme for aktivitetar (kulturevenement, reiselivsattraksjonar osv.)
- auka lokal bevisstheit om kulturminne
- identitet og samhald

Aktiv tilskots- og økonomiforvaltning, der planen kan brukast:

- til prioritering av kulturminne ved tildeling av midlar
- som grunnlag for skattelette (reduert eigedomsskatt osv.)
- til prioritet ved tildeling av SMIL-midlar, søknad til kulturminnefond osv.
- til føreseieleg planlegging ved kopling til kommunens økonomiplan

### Planens oppbygging

Kvar kommune har fått sin eigen plan. Planen er delt opp i fem delar.

#### DEL 1: BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN

Her er innleiande kapittel som fortel om bakgrunn, roller og arbeidet med planen

#### DEL 2: REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR

I dette kapittelet går vi gjennom dei regionale prioriteringane som gjeld for alle dei seks Valdres-kommunane.

#### DEL 3: PROSESS OG HISTORIKK FOR KVAR EINSKILD KOMMUNE

Her går vi kort gjennom korleis kulturminnearbeidet har føregått i Vang.

#### DEL 4: UTVALDE KULTURMINNE

I dette kapittelet tek vi for oss dei 19 viktigaste kulturminna med forslag til oppfølgingstiltak

#### DEL 5: OPPFØLGING OG VIDARE ARBEID

I denne planen er det sett ei grense på 20 minne. Det betyr at det er fleire minne og tema som ikkje er tekne med. I kapittel 5 er det ei kort skisse over dei som ikkje vart med no, og korleis ein kan arbeide vidare med desse.

#### DEL 6: VEDLEGG TABELLAR

Tabellvedlegg og kart.

### Arbeidsprosess

Proessen i kvar kommune har vore lagt opp slik at kommunen involverer aktuelle lag og ressurspersonar til å kome med innspel. Gruppene har hatt møte etter initiativ frå prosjektleiar etter kvart under arbeidet. For alle kommunane har det vore eit møte før start i samband med søknad om finansiering frå Riksantikvaren (via Oppland fylkeskommune). I søknaden skulle det visast til utval i kvar kommune. I fleire kommunar har det vore nedsett arbeidsgrupper som har definert tema som er aktuelle å kartlegge, og det har vore laga arbeidskart med koordinatfesting og tekst om kulturminna. Alle arbeids-/manuskart er lagt inn i ein registreringstabell. Der har ein også forsøkt å legge inn minne som er registrert tidlegare. Samstundes med at kulturminna er lagt inn i tabell, er det gjort ei verdivurdering der arbeidsgruppa og kommunen har vore med på å velje ut dei 20 viktigaste minna for kommunen. Dette er teke med i kulturminneplanen.

### Stølsminne

I samband med stølsregistreringane i Valdres 2007–2010 vart det registrert om lag 1900 kulturminne i stølsområda. Dei fleste av desse er frå nyare tid. Dei er definert etter Riksantikvarens omgrep og importert inn i Innlandsgis.

### Om registreringstabellen

Oppsettet av registreringstabellen er etter mal frå Riksantikvaren. Tabellen har førehandsdefinerte omgrep. I Valdres har det vore behov for nye omgrep, som til dømes leikeplassar, danseplassar osb., og vi har søkt Riksantikvaren om å få godkjent desse.

Valdres har også hatt behov for å lage ein søkbar kolonne for aktuell bruk av minnet eller informasjonen om minne. Det er gjeve kode for korleis minnet er eigna med tanke på «Lokal base 1 (kommuneplan), 2 (Outtt), 3 (skule), 4 (Temakart)».

Ferdige datasett blir importert i Innlandsgis [http://geocortex2.innlandsgis.no/site\\_open](http://geocortex2.innlandsgis.no/site_open).

Arkeologiske minne som ikkje er registrert tidlegare, skal importerast til databasen *Askeladden* <https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx>

### Kompetanseplan for kulturminne

Kompetanseplan for kulturminnearbeidet i Valdres vart utarbeidd i forkant av utarbeiding av kulturminneplanane. Kompetanseplanen definerer ansvarsområde for alle som er involvert eller har ei rolle i kulturminnearbeidet i Valdres, når det gjeld utførte oppgåver og pågåande oppgåver/prosjekt. Vidare tek planen opp tema som bør inn i ein kulturminneplan.

Kompetanseplanen finn du på <https://www.valdres.no/valdres-natur-og-kulturpark/styringsdokument> og publikasjonar.

# KOMPETANSEPLAN FOR KULTURMINNEARBEIDET I



## VALDRES

2013-2015

*Med hovedvekt på Vang og Ser-Aurdal kommuner*



### Verdisetjing av kulturminne

Minna er verdsett frå 1 til 4 der 1 er høgast og 4 er lågast. I Vang er dei fleste minna ikkje verdsett, men alle kulturminna med verdi 1 (nasjonalt verdifullt) er tekne med (8 stk). I tillegg er 12 minne med verdi 2 (regionalt verdifulle) blant dei utvalde minne for denne perioden.


### Verdiskaping, bruk og utval

Det er ikkje eit mål at alle minna skal vernast for bruk. Tvert om har mange minne godt av å bli nytta. Meir bruk, kjennskap og kunnskap kan føre til at alle blir meir bevisste om verdien av desse kulturminna. Vi har derfor lagt til ein kategori med kodar 1–4 for korleis minnet er eigna til ulike aktivitetar som turoppleving, undervisning, temakart og som saksgrunnlag for forvaltninga.



**Figur 1.** Kongevegen over Filefjell har vore del av verdiskapingsprogramma til Riksantikvaren og Oppland fylkeskommune.

## Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet



### Miljøverndepartementet

Kulturminneforvaltninga har Miljøverndepartementet som øvste forvaltningsorgan, med Statens kulturminneråd som rådgjevande organ. Riksantikvaren (RA) er også eit rådgjevande organ og fagleg sekretariat innanfor kulturminneforvaltninga. Vidare har han ansvar for å setje i verk den politikken som Stortinget og regjeringa måtte bestemme, og har forvaltningsansvaret for kyrkjer frå mellomalderen.

### Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har hovudansvaret for alle kulturminne og held ved like hovudregisteret for kulturminne (Askeladden og Kulturminnesøk).

### NIKU

NINA/NIKU (Norsk institutt for naturforskning og kulturminneforskning) er eit uavhengig forskings- og kompetansemiljø for norske og internasjonale kulturminne. Instituttet har ansvaret for undersøkingar i mellomalderbyane og ved kyrkjestader frå mellomalderen.

### ***Oppland fylkeskommune***

Fageininga kulturarv er kulturminnemyndigheit i Oppland fylke og har forvaltningsansvar etter kulturminnelova. Eininga har særskilt ansvar for automatisk freda minne og vedtaksfreda bygningar. Ho gjev uttaler i bygge- og plansaker og gjennomfører arkeologiske registreringar etter kulturminnelova § 9.

### ***Dei arkeologiske forvaltningsmusea***

Dei arkeologiske forvaltningsmusea (Universitetets kulturhistoriske museum, Oldsak-samlinga, Arkeologisk museum i Oslo, Historisk museum i Bergen, Vitskapsmuseet i Trondheim og Tromsø) har i tillegg til å oppbevare gjenstandar frå forhistorisk tid og mellomalder til oppgåve å behandle søknader om dispensasjon frå kulturminnelova og setje i verk utgravingar. Fram til 1990 vart alle arkeologiske registreringar arkivert på musea, men dette ansvaret vart då delegert til fylkeskommunen.

### ***Kommunane***

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminneomsyn. Han har gjennom plan- og bygningslova ansvar for kulturminneomsyn i samband med bruk og utbygging av kommunen sitt areal.

### ***Valdres Natur- og Kulturpark***

Valdres Natur- og Kulturpark er ikkje eit ledd i forvaltinga, men koordinere en del av kulturminnearbeidet i Valdres. Arbeidet er forankra i årlege og langsiktige handlingsplaner og skal bidra til at kulturarven er forankra i merkevarebygging og verdiskaping. Valdres Natur- og Kulturpark har tilsett ein kulturkonsulent som mellom anna har utarbeida kulturminneplanane for kommunane.

### ***Valdresmusea AS***

Valdresmusea AS omfattar i dag Valdres Folkemuseum, Bautahaugen Samlingar, Bagn Bygdesamling og Gardbergfeltet. Museet er kompetansenav og formidlar av Valdres-historia og har som føremål å drive bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling knytt til den lokale kulturarven. Valdresmusea forvaltar lokalhistoriske arkiv med blant anna folkemusikk, bilete og dokument. Museet har også ein instrumentverkstad og ein eigen bygningsvernrådsgjevar som også arbeider med rådgjeving for huseigarar i Valdres. Valdresmusea har i tillegg utarbeidd tilbod innanfor Den kulturelle skulesekken.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt og eit statleg oppnemnt fagråd, Bunad- og folkedraktrådet, er lokalisert ved Valdres Folkemuseum.

### ***Visit Valdres***

Visit Valdres er paraplyorganisasjonen for reiselivet i Valdres. Visit Valdres skal selje Valdres og marknadsføre Valdres gjennom historia og kulturminna.

### ***Lag og foreiningar***

Valdres har historielag i alle kommunar, og i nokre er det fleire lag. Valdres historielag er overordna lokallaga. Valdres historielag utgjev ei årbok med ulike tema, og dessutan ulike kartleggingsoppgåver og publikasjonar. Dei lokale historielaga har aktivitetar og temadagar, fotoarkiv og publikasjonar.

### ***Skular***


Skulane er den viktigaste formidlaren av kulturhistoria til born og unge.



## Program, prosjekt og registreringsoppgåver

### Nasjonalt

- **Arkeologiske og freda kulturminne.** Mange kulturminne er registrert i samband med Økonomisk kartverk og diverse tiltak og utbyggingsoppgåver. Desse er arkivert i databasa Askeladden på <https://askeladden.ra.no/>
- **Laserskanning frå fly (LiDAR)** er ein teknikk der ein bruker infraraudt laserlys frå fly til å måle avstandar til terreng og objekt. Teknikken kan syne spor under vegetasjonsdekke, og dermed er det enklare å lokalisere minne. Alle Valdres-kommunane har utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde. Prosjektet er ei samfinansiering mellom stat og kommune.



Figur 2. Kartet syner registrerte, freda kulturminne (raude punkt) og område for laserskanning (blå) i Oppland

- **KULA – kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse** er eit tiltak i Riksantikvaren sin regi der det skal veljast ut kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Valdres har spela inn ulike område til Oppland fylkeskommune, som skal ta eit utval frå heile Oppland. Oppland fylkeskommune hentar inn opplysningar frå relevante regionale og lokale aktørar. Innspela frå Valdres er gjevne frå Valdres kulturnettverk (kulturansvarleg i kvar kommune, Valdresmusea, Ung i Valdres og VNK). Forslaget frå Valdres omhandla følgjande:



Figur 3. Innspela frå Valdres. Desse vart redusert i den vidare prosessen i Oppland fylkeskommune. Kart over område som gjekk vidare frå Oppland, er vist på neste side.



Figur 4. Oppland fylkeskommune sitt kart over kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse

- ✓ **Vassfaret og Vidalen, Sør-Aurdal** (kombinasjon fangst- og skogbrukskultur)
- ✓ **Kongevegen gjennom Valdres** (1793, norsk veghistorie)
- ✓ **Stølsvidda Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang** – levande stølskultur med rikt biologisk mangfold og mange kulturspor frå jernalder til nyare tid
- ✓ **Reinfangstanlegg oppunder Jotunheimens sørside i Vang** – større fangstanleggssystem frå vikingtid/mellomalder rundt Slettefjell
- ✓ **Stavkyrkjene Reinli, Høre og Lomen med tilhørende kulturlandskap** – i tillegg til å ha ein stor eigenverdi ligg kyrkjene i omgjenvader med mykje intakt bygningsmiljø og kulturlandskap
- ✓ **Eldre historie ved Vinstervatn** – frå steinalder til stølsdrift
- ✓ **Dei seks varslingsvardane (vetane)** – vetane er meir eller mindre restaurert og tilrettelagt som turmål
- ✓ **Øylo gjestgjevargard med tilhørende kulturlandskap** – ein av dei mest intakte skysstasjonar i Valdres
- **BARK – Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne.** Målet til bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er at eit representativt utval arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom skjøtsel og bli gjort tilgjengelege for publikum. Valdres-kommunane bortsett frå Sør-Aurdal har søkt og fått BARK-midlar frå Riksantikvaren gjennom Oppland fylkeskommune. Det er gjeve midlar til

Vang/Opdalstølen og tilrettelegging av skålgropsteinar og jarnvinneanlegg, Gardbergfeltet i Vestre Slidre, Faslefoss og bronsealderrøyser, jarnvinneanlegg i Øystre Slidre og steinalderbusetnader i Etnedal.

- **Verdiskapingsprogrammet for kulturminne** er eit program som starta i 2006 og vart avslutta i 2015. Hensikta var å bruke kulturarven som utgangspunkt for verdiskapinga. Valdres var ein av pilotane for Verdiskapingsprogrammet for kulturminne i 2006–2010 fordi vi var i ferd med å etablere ein regionalpark. Ei viktig årsak til at Valdres vart valt til pilot, var òg at regionen er det viktigaste stølsområdet i Nord-Europa, og at han har seks av dei 28 stavkyrkjene i Noreg.
- **Norsk kulturminnefond** er ein av dei viktigaste økonomiske bidragsytarane for å restaurere verdifulle bygningar og kulturlandskap. Desse har no knytt sine prioriteringar til dei kommunale kulturminneplanane.
- **Olavsrosa og Norsk Kulturarv**. Norsk Kulturarv har nokre kulturminne i kartløyninga si. Her finn vi nokre av stavkyrkjene, kulturminne som har Olavsrosa, Valdresmusea og dessutan nokre få, spesielle enkeltminne som Lundebrua og Vangssteinen.

### På fylkesnivå

- **SEFRAK-registreringar (Sekretariatet for faste kulturminne)**. Alle kommunane fekk i perioden 1980–2000 støtte til å registrere bygningar frå før 1900. Desse er arkivert i SEFRAK-registeret, og ligg i GAB-registeret. Fleire bygningsmiljø er også registrert i samband med restaureringstiltak.
- **Verdiskaping og innovasjon i kulturarven (VINK)**. Dette er eit program som starta i 2012 og vart avslutta i 2015. Programmet var ei oppfølging av Riksantikvarens Verdiskapingsprogram for kulturminne. I Valdres fell sykkelruta Mjølkevegen og strekninga Kongevegen over Filefjell innanfor programmet.
- **Fagmelding for kulturminne i Oppland** skal utarbeidast i 2017. Fagmeldinga skal peike ut regionalt verdifulle kulturminne og kulturmiljø og blir eit prioriteringsverktøy for vidare arbeid.

### Lokalt

- **Kommunale registreringar**. Fleire kommunar har gjennom fleire år registrert kulturminne. Vang kommune har digitalisert minne frå Økonomisk kartverk (2000) og registrert /digitalisert minne frå nyare tid. I Vestre Slidre skjedde ei oppdatering av fortidsminne i Vestre Slidre med utgjevinga *Minne om fortida – Fortidsminne i Vestre Slidre* (2006). Etnedal har digitalisert stinett frå historiske kart og utarbeidd temakart for kulturminne, og Øystre Slidre har mellom anna registrert spesielle bygningsmiljø. Nord-Aurdal kommune har mellom anna registrert bygningsmiljø i tettstader.
- **Gamal byggeskikk i kommunane**. Kvar kommune har gjeve ut eit hefte om byggeskikken i sin kommune etter SEFRAK-registreringane. Desse har sortert alle registrerte bygg (alle frå før 1900) etter gards- og bruksnummer bak i heftet.
- **Stadnamnregistrering**. Stadnamn er registrert, digitalisert og lagt ut som temaval kulturminne på kartløyninga valdreskart.no
- **Kartlegging av kulturminne, beite og reksler i stølsområde**. I perioden 2007–2011 vart det registrert kulturminne, beite og reksler i stølsområda. Arbeidet vart gjennomført av stølslaga i samarbeid med kommunane i regi av Valdres Natur- og Kulturpark. I utgangspunktet prioriterte ein stølslaga der det var drift. Til saman 1869 kulturminne vart registrert.





**Figur 7.** Tuft etter sel på Skørisstølen. Foto: Ulf Ullring

- **Historielaga** har registrert, men ikkje alle koordinatfesta, mange ulike kulturminne som husmannsplassar, heimstølar, bufarsvegar, bureisingsbruk, fiskesløer, milesteinar o.a. Historielaga har også gjeve ut ei rekkje bøker.
- **Fagernes handelsstand** har gjeve ut bøker om Fagernes
- **Appen Outtt Valdres** skildrar kulturminne som er eigna for tilrettelegging i samband med turar og andre opplevingar.

## Nye registreringar

Etter ei samla vurdering er mykje kartlagt, og det var lite behov for nye registreringar. Det var derimot eit stort behov for å samle, tolke og systematisere eksisterande registreringar i ein samledatabase. Arbeidet er gjort saman med historielag, lokalkjende og kommune, der det er halde informasjons- og arbeidsmøte. Det er teikna på kart, gjeve referansar og tilvisingar som er systematisert i ein samledatabase for import i Innlandsgis. Type temakart er bureisingsbruk, husmannsplassar, kraftverk, møller, reiselivssteder, kyrkjestader, gamle vegar, danseplassar og andre tema historielag og kommune ynskte å ha med. Kulturminna er gjevne ein verdi 1–4 der 1 er høgast. Inntil 20–25 kulturminne med verdi 1 og 2 er tekne med vidare i kulturminneplanen i kvar kommune. For kvart minne er det gjeve informasjon om minnet, grunngeving for verdisetjinga med forslag til tiltak og ansvarsfordeling. Kulturminneplanen kan derfor gje grunnlag for ein eigen delplan for kulturminne dersom kommunen ynskjer det.

## DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR

### Historia i Valdres

#### Frå jeger til bonde

Dei eldste dokumenterte spora etter folk i Valdres er frå eldre steinalder. Ved Sulevatn i Vang er det registrert kol frå groper i bakken som er datert 8000 år attende. I 2015 vart det gjort nye registreringar ved Vinstervassdraget. Der er det gjort funn frå omtrent same periode, med kontinuerleg busetjing gjennom fleire 1000 år. På den tida var valdrisane veidefolk som levde av jakt og fangst. Dei eldste spora etter husdyrbruk og landbruk er om lag 4000 år gamle og er dokumentert gjennom analysar av beitepollen ved Gardbergfeltet på Slidreåsen mellom Vestre og Øystre Slidre. I Gardbergfeltet er det registrert skålgroper som blir rekna for å vere frå bronsealder, og mange gravminne frå eldre og yngre jernalder. Funn av eit romersk sverd vitnar om kontakt med kontinentet lenger sør. I myrfunn frå Jylland i Danmark (Illerup) er det funne gjenstandar frå Sør- og Vest-Noreg frå slutten av romartida. Funna i Danmark er truleg krigsbytteofringar etter tokt mot germanarane som opererte mot grensa til Romarriket (Illekjær, Jørgen 2000).

Den faste busetjinga i Valdres synest å ha vore omfattande allereie i yngre romartid. Både stadnamn, gravfunn og oldfunn fortel om ekspansjon gjennom jernalderen, inn i mellomalder og fram til svartedauden.


#### Frå rikdom til svartedauden

Frå jarn-mellomalder er det mange spor etter jarnutvinning i form av slagghaugar, kolgroper og jarnvinner. Det har vore særst mange stavkyrkjer i Valdres, og desse saman med dei tre steinkyrkjene Ulnes, Slidredomen og Mo kan tyde på at Valdres hadde opparbeidd seg ein viss velstand. Til saman skal det ha vore 18 stavkyrkjer og tre steinkyrkjjer i Valdres. Svartedauden i 1347 tok mange liv, og folketalet vart redusert til om lag det halve av den smittsame pesten. Mange gardar vart lagt aude.

#### Nyare tid

Nyare tid blir rekna frå slutten av mellomalderen, etter reformasjonen i 1537. Etter svartedauden tok folketalet seg langsamt opp, og frå 1600-talet byrjar det å dukke opp fleire støljar. Dei fleste gardane i Valdres er små i europeisk samanheng, og dei var derfor avhengige av å nytte beite utanfor dei dyrkbare områda. Til garden hørde gjerne både ein og fleire haust- og vårstøljar, og ein langstøl.

På 1700–1800-talet vaks folketalet kraftig, og på 1700-talet vart husmannsvesenet vanleg. Etter store folkevandringar frå Noreg til USA på midten av 1800-talet gjekk folketalet ned, og frå 1928 fekk husmennene lovfesta rett til å løyse inn husmannsplassane sine og få dei matrikulert.



Frå garden og heile vegen frå gard til fjell er det spor etter hausting. Fôret vart slått i alle bakkar og lier, lauv, ris og mose vart hausta og drege heim. Mange stader der det no er tett skog, kan du finne enkle steinleggingar etter løetuffer eller stakkstøer.

Då folketalet var på sitt høgaste, vart det også stor etterspørsel etter brensel, og vedskogen strakk ikkje til. Trerøtene stabiliserer jorda og kan dempe jordutglidingar. Der det var hard hogst, vart jorda meir utsett for erosjon og jordutglidingar, som vi hadde fleire stader i Valdres på 1800-talet. Mange stader vart myratorv nytta som brensel, og spor etter dette finst mange stader i Valdres.

### **Frå sjølvberging til råvareleverandør**

Livet vart enklare for bonden under «det store hamskiftet», som industrialiseringa også blir kalla. Vi fekk dampmotor, tog, felles sagbruk og møller, og ikkje minst Fellesmeieriet. Gardane vart meir effektive og kunne produsere meir mat. Då meieria kom, slapp bonden foredle mjølka sjølv, med alt arbeid dette førte med seg. Samstundes med industrialiseringa byrja dei fyrste teikna til attgroing.

Opp mot vår tid har det skjedd endå fleire endringar. Noreg og Valdres har vorte meir avhengige av tilhøve og marknad i resten av verda. Små og brattlendte bruk er tungdrivne, og med auka krav til effektivisering og samstundes låge prisar på importert kraftfôr har bruken av utmark til matproduksjon gått kraftig ned. Mindre hausting har gjeve oss det landskapet vi i dag opplever som attgrodd.

### **Reiselivet**

På 1800-talet kom den spede starten på eit reiseliv i Valdres. Fjellklatring vart «vanleg» på 1800-talet. Briten William Cecil Slingsby (1849–1928), «norsk tindesports far», vitja Jotunheimen fleire gonger. Den Norske Turistforening vart etablert i 1866, og den fyrste hytta i Valdres og Jotunheimen vart sett opp i 1870 på Tvindehaugen ved Tyinvatnet i Vang. Med Valdresbanen i 1906 opna det seg fleire moglegheiter for folk til å kome til fjells – og dermed vart det også grunnlag for fleire høg fjellshotell.

Mange stader, som til dømes på Beitostølen, byrja besøksturismen i samband med stølsdrift. Allereie frå 1930-talet var det reiselivsaktivitet knytt til stølsdrift, og i 1947 kom den fyrste turisthytta på Beitostølen. I 1957 kom *Turistheimen* og i 1965 *Beitostølen Resort*. I dag er det til saman 4000 sengeplassar på Beitostølen i tillegg til 2000 private fritidsbustader.

Ei anna form for reiseliv, eller helseopphald og rekreasjon, var sanatorium. Desse vart nytta i behandlinga av tuberkulose og av nervøse lidningar (nervesanatorium). I Valdres var det fleire sanatorium på 1900-talet.

## **Prioriterte område for Valdres**

I desse avsnitta har vi teke for oss tema som er prioritert for alle dei seks Valdres-kommunane, om enn i nokon ulik grad.

### **Stølsdrift**

For om lag 100 år sidan brukte gardane alt som var av beiteressursar, til husdyrbeiting. Ved kysten vart dyr frakta til øyer, og i fjelldalar vart dyra flytta til fjells. Med både heimstølar og langstølar kan mellom 50 000 og 100 000 stølar ha vore i drift. I 2017 er det om lag 1000. Om lag ein fjerdedel av desse ligg i Valdres. Dette betyr at Valdres er den viktigaste stølsregionen i Noreg og Nord-Europa. Ein viktig grunn til at vi har så mange stølar i drift, er at dei er rike og lett tilgjengelege. Mange stølslag fekk tidleg stølsveg, og på den måten kunne mjølka leverast til Fellesmeieriet også frå stølen, medan stølar utan veg oftast vart nedlagt.

Valdres har viktige stølsområde i alle kommunane, men Nord-Aurdal, Vestre og Øystre Slidre er kjerneområde for stølsdrifta. Derfor har både Fylkesmannen i Oppland, kulturvernavinga i

Oppland fylkeskommune og Valdres-kommunane foreslått stølsområda Nord-Aurdal og Vestre Slidre som utvalt, nasjonalt verdifullt kulturlandskap. I 1988 kom stølsvidda i Nord-Aurdal innanfor Nordisk biotopvern mellom anna på grunn av dei rike våtmarksområda og fuglelivet der.

Stølsområda inneheld mange ulike verdiar. Det viktigaste er utgangspunktet for bruken: beiteressursane. I tillegg er det faste kulturminne som kjøleanlegg, murar, tufter, reksler, danseplassar, lokkarsteinar og anna. På nokre stølar er det også skålgropsteinar, ein type ristningar, som knyter seg til den fyrste jordbrukskulturen for om lag 2000–500 år før vår tidsrekning. I utkanten av stølsområda kan vi finne andre spor som torvuttak og stakkstøer. Mange stader finn vi tufter, steinlegningar, slagghaugar og kolgroper i stølsområda.

Historia i seg sjølv og kunnskapen om bruken er også ein viktig del av historia knytt til stølsområda. Om stølsdrifta forsvinn, mister vi også mykje av kunnskapen om alt som knyter seg til denne haustingskulturen. Sjølv om musea har gjenstandar, musikk, bilete og litteratur om stølsdrift, kan ikkje det erstatte kunnskapen som er oppbygd gjennom generasjonar.

I Noreg og store delar av verda forsvinn mange arter kvart år. Til beitelandskapet knyter det seg arter som har tilpassa seg denne ekstensive bruken gjennom fleire tusen år. Når beitedyra forsvinn, endrar artssamansetnaden seg. Ubeita gras som blir liggjande, endrar både næringstilgang og pH i jorda, og skogen får snart godt feste. Lyselskande beiteplanter blir bytt ut med skogbotn.




**Figur 8.** Bakkesøte treng ope kulturlandskap. Foto: Katharina Sparstad

I Valdres har bøndene sjølv og kommunane kartlagt biologisk mangfald. Fleire utryddingstruga planter og vegetasjonstypar er registrert i stølsområda.

Sjølve stølshistoria har også ein eigen verdi for vår identitet. Mange som bur i Valdres, har ei eller anna stølsoppleving. Om stølsdrifta forsvinn som driftsform, mister vi ikkje berre beiteressursar, biologiske minne og kulturminne, men også ein del av vår eigen kultur. Kultur har dei seinare åra fått



ei mykje sterkare kopling til reiselivet, og det vil derfor også svekke Valdres som besøksregion dersom stølsdrifta forsvinn frå Valdres.



**Figur 9.** Registrerte stølsminne (rosa prikkar) i samband med stølskartlegginga i Valdres

Det blir no arbeid med eit utvida stølsområde som eit utvalt kulturlandskap (Fylkesmannen) og som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (Riksantikvaren og OFK).

### Ferdslehistorie med vegar og skysstasjonar

Den eldste veghistoria er frå tida før både hest og kjerre kom til Noreg. Dei eldste vegane kan kjennast att ved at dei etter kvart danna holveg. Desse kunne bli så djupe at ein etter kvart laga eit nytt spor som vart ein ny og parallell holveg.

Hesten kom ein gong i det fyrste tusenåret før vår tidsrekning. I byrjinga vart han nytta til kløv- og ridedyr, og vegane var dermed kløv- og ridevegar. Før kjerrevegane kom, vart hesten også nytta til å trekke dragslep.

### Saltvegen

Filefjell er det lågaste fjellpasset mellom Aust- og Vestlandet, og ligg under skoggrensa. Det er mindre vêrhardt der enn på enn andre fjelloverganger. Derfor har vegen Lærdal–Filefjell–Valdres gjennom

uminnelege tider vore hovudvegen mellom aust og vest. Her har det vore frakta varer som skinn, horn og jarnbarrar vestover, og salt og andre varer vart frakta hit frå vest. Når folk drog etter salt, var det oftast fleire i lag, og folk slo seg saman på samlingspunkt undervegs før dei drog saman over fjellovergangane. Det var òg ein del gudbrandsdølar frå nedre Gudbrandsdalen som drog gjennom Valdres etter salt.

Ifølgje Knut Hermundstad gjekk saltvegen frå Begnadalen på platået mellom Hallingdal og Valdres nordover til Reinli og vidare til Vestringsbygde. Derfrå gjekk vegen vidare til Flyoset ved Storfjorden mellom Vestre Slidre og Hemsedal. Her samla det seg fleire saltvegar vidare vestover til Grunke, Hydalen og Mørkedalen før vegen kom til Maristova i Lærdal. Det gjekk også ein saltveg lenger aust, frå Fossheim forbi Semeleng, Dingladn, og vidare vest langs Syndisvatna og over Skakadalen, forbi Sulefjell før det bar nedover Lærdal (Hvattum, 1993). Ei rute skal ha gått vidare gjennom Valdresdalen i Lærdal og ned Ljøsndalen.

I 2009 vart det i samband med etableringa av ny trasé til E16 avdekt ein handels- og handverksstad (kaupang) frå 800–1000 på Bjørkum (Bosheim, upubl.). Her er det avdekt om lag 30 hustuffer i tillegg til spor etter teltplassar og buer. Det vart mellom anna funne store mengder halvfabrikata av bein og gevir. Staden ligg ikkje så langt nedanfor der Ljøsndalen kjem ut, og kan ha ein samanheng med transport over fjellet (Bjørkum, 2009). Lenger oppe i dalen, ovanfor Maristova, er det også gjort funn som kan tyde på at det vart utveksla varer på staden.

Frå Vennis skal det ha gått ein saltveg til Årdal. Etnedal og Øystre Slidre skal ha hatt fleire saltvegar. Frå nord i Etnedal gjekk vegen over fjellet og vidare i Øystre Slidre. I Øystre Slidre gjekk det fleire saltvegar. Frå Lykkjegrenda gjekk vegen over Slettefjell. Frå Ukshøvd og Heggebygde gjekk vegen frå Ukshøvdbrue, gjennom Øyangslie, over Ulvhildsete og opp nordaust i Einebuåsen. Frå lenger sør gjekk vegen over Raneisethøvda og nordover Einebuåsen. Etnedølane hadde fleire saltvegar, og dei som budde nørdest i dalen, kom seg over fjellet til Øystre Slidre og følgde vidare same lei. Dei som budde synst i Etnedal, drog over til Sør-Aurdal og følgde vegen derifrå (Hvattum, 1993).

Nord for Tyinkrysset på Filefjell er det også registrert ein stubb av ein jarnalderveg som truleg vart nytta til å transportere jarnbarrar vestover.



**Figur 10.** Saltvegar/saltmannavegar slik dei kan ha gått frå Valdres og vestover. Rosa linje er meir nøyaktig, raud linje er teikna etter tekst og ikkje faktisk sti. Dei gule linjene i Vang, Lærdal og Årdal er andre gamle vegfar.

### *Pilegrimsvegen*

I mellomalderen gjekk også ei pilegrimsrute frå sør og Hedalen stavkyrkje til pilegrimskyrkja St. Thomas kyrkje på Filefjell. Denne ruta vart re-etablert i 2005.



**Figur 11.** Kartet syner Den Bergenske Kongevegen frå Kristiania til Bergen frå 1793 (blå linje) og Pilegrimsvegen Hedalen–Kyrkjestølen, rekonstruert rute (rosa strek). Den historiske vegen (Kongevegen) frå Hedalen til Aurdal er markert med lilla.

### *Bispevegen*

Fram til 1125 var Valdres ein del av Selje/Bjørgvin bispedøme. Frå 1125 og fram til 1631 låg Valdres og Hallingdal under Stavanger bispedøme. Etter 1631 vart dei to dalføra overført til Christiania stift. Stavangerbispem måtte besøke bispedømet sitt innimellom. Skriftlege kjelder fortel at han drog via Nordmannslepa på Hardangervidda og vidare til Ustedalen ved Geilo. Ut ifrå gamle kart som kan vere knytt til Bispevegen, kan han ha kome til Gol og vidare inn i Valdres via Hemsedal, Grøndalen, forbi Vavatnet, ned Hydalen til omtrent ved Vabakkadn eller Grunke, opp Smådalen og forbi Helin ned til Vang. Ei gamal reisehandbok omtalar stien forbi Vabakkadn som eit «eldgammelt slæp». Om det berre har vore biskop Scavenius som drog den vegen, eller om dette var ei opparbeidd ferdslerute, veit vi ikkje. Vi kan derfor ikkje sikkert seie at denne vegen var innarbeidd «bispeveg».



**Figur 12.** Kart frå om lag 1660 teikna av Johan Blaeu.

## Sorenskrivar og fut

Sorenskrivarembetet vart oppretta i 1591. Fram til 1688 høyrde Valdres til under sorenskrivaren for Hadeland, Land og Valdres. Futeordninga kom i 1639, og her vart vi ein del av Hadeland og Valdres futedøme. Dette skapte naturleg nok meir ferdslø mellom desse områda. Frå 1786 vart Valdres eige futedøme (Hvattum 1993).

## Dei fyrste kjerrevegane

Den fyrste køyrevegen for hjultransport i Noreg vart bygd rundt 1630. Seinare vart *kongeveg* ei felles nemning for gjennomgåande hovudvegar som var anlagt av statlege myndigheiter.

Kongeveg nemninga er direkte knytt til tida då Noreg låg under Danmark, og til åra med eineveldig konge (1600–1800). I Noreg er det seks (mogleg sju) vegar der det er dokumentert at dei vart anlagt på kongeleg forordning: Den Bergenske Kongevegen, Den Trondheimske Kongevegen, Den Frederikshaldske Kongevegen, Den Wingerske Kongevegen, Den Sørlandske Kongevegen og Sølvvegen mellom Kongsberg og Hokksund. Det er også mogleg at Den Østerdalske Kongevegen vart anlagt på kongeleg forordning, altså at den også var ein kongeveg.

## Prestegjeld

Organiseringa av prestegjelda hadde naturleg nok også mykje å seie for ferdsla. Fram til 1805 var det tre prestegjeld: Aurdal, Slidre og Vang prestegjeld. I 1848 vart Slidre delt i Øystre og Vestre Slidre. Før den tid drog presten med hesteskys på prestevegen over åsen frå Volbu til Vollen i Slidre for å halde messe. Også Kvamsvegen i Vestre Slidre kan ha fungert som kyrkjeveg fram til delinga i 1848. Den siste delinga skjedde i 1893 då Bruflat sokn i Sør-Aurdal tinglag og Nord-Etnedal sokn vart slått saman til Etnedal tinglag (Hvattum 1993).

## Postvegen

Det norske Postverket, med faste postruter, vart organisert i 1647. Hovudruta for post mellom Oslo og Bergen gjekk der. Posten kom med båt over Randsfjorden til Odnos og vart frakta vidare derfrå med hesteskys over Tonsåsen, gjennom Aurdal, Vestre Slidre og Vang, før fjellovergangen over Filefjell til Lærdal–Gudvangen–Voss–Bergen. Med posten kjem det også eigne postgardar i Valdres. Der vart posten sortert og frakta vidare til neste postgard. Den øvste postgarden før fjellovergangen var Opdal (Uvdal). Kjerstein i Øye var også postgard, og Opdal og Kjerstein hadde kvar si postveke (Hvattum 1993). Det var to postvegar, ein frå Kjerstein opp den merkte Postvegen opp Rødalen, og ein frå Opdal gjekk vestover forbi Tyinkryset/Opdalstølen. Filefjell-overgangen vart rekna for å vere den tyngste og vanskelegaste i landet, og derfor fekk dei øvste postgardane i Vang og Lærdal fritak frå militærplikt.



**Figur 13.** Milestein frå slutten av 1600-talet ved Hermundstad i Vang. Til høgre milestein frå Synshagin i Vang. Foto til høgre: Jahn Børe Jahnsen.

Langs postruta vart det også sett opp milesteinar. Dei eldste kjende milesteinane i Noreg er frå 1687, berre sju av desse er registrert. Tre av dei finst i Valdres, ein ved Hermundstad i Vang, ein ved Reie i Vestre Slidre og ein i Aurdal (Kathrine Thorstensen, 2010).


For meir om postgardane, les *På gamle vegar i Valdres* av Harald Hvattum.

Seinare vart det sett opp milesteinar med jarnplater mellom Odnæs og Filefjell for å vise avstanden for postkøyrarane. Det var to slags skilt med plater av støypejarn. For kvar 10 kilometer stod eit skilt med riksvåpen, posthorn og innskrifta «--- kilometer fra Odnæs». For kvar mellomliggende fem kilometer stod «5 kilometer» med riksvåpen og posthorn. Det er bevart i alt 20 milesteinar mellom Dokka og Filefjell. Tre av desse er på museum, av to finst berre murfoten.

### *Den Bergenske Kongevegen*

Frå Kristiania til Bergen vart Den Bergenske Kongevegen anlagt i 1793. Med veglova frå 1824 skifta kongevegane status til hovudveg, og denne skifta namn til Den Bergenske Hovudvegen (Poulsrud, PM). Den fyrste kjerrevegen gjennom Hedalen vart bygd på 1830-talet, og kan ha vore ein tilførsleveg til Den Bergenske Hovudvegen. Veggen kom inn til Bruflat frå Dokka og gjekk vidare over Tonsåsen, Bjørgo og Aurdal.

Strekninga Kristiania til fylkesgrensa til Sogn og Fjordane låg under Akershus Amt. I 1819 vart heile kongevestrekninga frå Kristiania til stiftsstøtta på Filefjell teikna av Carl Christian Buchholz (1787–1849).



Kart over kongevegen Nørsvinfjorden teikna i 1819

Strekninga frå Bruflat til Tonsåsen er framleis i bruk som vandreveg. I Nord-Aurdal ligg mykje av vegen under det som no er E16. Også i Vestre Slidre er mange strekningar enten under E16 eller dyrka opp. I Vang er fleire strekningar uendra, i Høre, Kvamskleive og over Filefjell.

### **Kongevegen over Filefjell som verdiskapingsprosjekt**

Delar av Den Bergenske Kongevegen i Vang og Lærdal (Kyrkjestølen–Maristuen, Vindhella og Galdane) vart underlagt vern i Nasjonal transportplan. I 2010 vart det etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen, fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Oppland, Vang og Lærdal kommunar, Valdres Natur- og Kulturpark, Valdresmusea, Musea i Sogn og Fjordane og reiselivet i Lærdal og Vang. Samarbeidet gjekk ut på å restaurere og legge til rette strekninga Vang sentrum – Lærdalsøyri til gangbar tilstand. Statens vegvesen finansierte restaureringa innanfor verna strekningar, medan Sparebankstiftelsen DNB, Riksantikvaren, kommunane og fylkeskommunane gav støtte til resten av tiltaket med skjøtsel, skilting, restaurering og tilrettelegging.

### **Skysstasjonar**

Langs dei viktigaste fjellovergangane i Sør-Noreg har det frå kring 1000-talet vore fjellstover der ferdafolk kunne søkje ly og overnatte. Fjellstover frå 1600–1700-talet vart etter kvart avløyst av gjestgjevargardar og skysstasjonar. I 1685 var det sju kjende gjestgjevargardar i Valdres. Desse låg i Bagn i Sør-Aurdal, på Onstad og Svenes i Nord-Aurdal, på Reie og Lis-Lome i Vestre Slidre og på Kvie og Eltun i Vang (Hvattum, 1993). Skysstasjonar har vore flytta mange gonger, alt etter korleis behovet og kapasiteten var. Skysstasjonane fekk etter kvart statleg støtte. I fylkesarkivet over skysdagbøker finn vi 13 slike dagbøker frå Valdres:

- sju frå Vang (fire frå *Skogstad* i perioden mellom 1819–1903, to frå *Nystøga* i periodane 1856–1867, 1896–1897, éi frå *Øylo* som dekkjer åra 1877–1879)
- fire frå Øystre Slidre (éi frå Beito 1892–93, éi frå Jotunheimen hotell 1899–1901, éi frå *Rogne* 1889–1892, éi frå *Skammestein* 1891–1897)
- to frå Nord-Aurdal (éi frå *Strønd* 1818–1826, éi frå *Fagerlund* 1877–1879)

I Etnedal fanst det ein statsstøtta stasjon i Bruflat sokn, Bruflat (*Blåflat*) tidleg på 1800-talet då heile Bruflat var eitt skysslug. Frå byrjinga av var det tilsegnsskyss, men i 1858 vart bøndene einige om å gå over til fast stasjon. Frå Bruflat skysstasjon vart det skyssa til Bang i Sør-Aurdal, *Frydenlund* i Nord-Aurdal og til *Tomlevoll* i Nordre Land. Skysstasjonen vart flytta til *Molandsven* 6. februar 1860, men på grunn av utbygginga av den nye vegen over Tonsåsen vart stasjonen flytta til *Gravadalen*. Etter få år vart dette sanatorium, og stasjonen flytta på nytt midt i 1870-åra, denne gongen til *Sven*, der han vart verande ut 1800-talet.

Ut ifrå skysrekneskap til veginspektørar i 1820-åra kan det ha vore skysstasjonar også i Sør-Aurdal på den tida. Det er då registrert at det vart skifta hestar på gardar som seinare vart skysstasjonar: *Garthus*, *Iljarnstad*, *Bagnsøydgarden*, *Sørum* og *Vøll*. I 1859 blir det nemnt andre skysstasjonar i Sør-Aurdal tinglag. Det var blant anna stasjon på *Kremmarmo* fram til 1870-årene då Vøll overtok. Rundt 1885 vart stasjonen igjen flytta, denne gongen til Fjeldheim. Skysstasjonen på *Garthus* vart flytta til *Tronhus* i 1864. Stasjonen vart flytta vidare til *Storsvee* i slutten av 1860-åra og attende til *Garthus* i 1893. I 1870-åra skal det også ha vore oppretta ein skysstasjon mellom *Storsvee* og *Sørum* på garden *Lindheie*. *Dokke* vikarierte for denne garden frå 1882 og i fire år framover. *Sørum* heldt fram til rundt 1900.

I Nord-Aurdal var det skyss-stad på Frydenlund og på Fagernes, der handelsmann Otto Stuve tok på seg å drive skysstasjonen. Både handelsverksemda og skysstasjonen gjekk så godt at staden utvikla seg til det som i dag er Fagernes. Det hadde også vore skysstasjon på *Strønd*, og i nokre få år i siste halvdel av 1800-talet vikarierte *Strønd* for Fagernes som skysstasjon. I Nord-Aurdal var det også skysstasjon på *Skrautvoll* ein kort periode midt i 1860-åra. Denne vart nedlagt då stasjonen *Rogne* i

Øystre Slidre vart oppretta. I Øystre Slidre er elles følgjande stader nemnt i samband med skysskifte i 1859: *Berger*, *Nordtorp* og *Veningstad*. Det er usikkert om desse var faste, organiserte skyssstasjonar. *Rogne* gard vart fast skyssstasjon om lag 1860. Lengst nord i Øystre Slidre har det også vore ein skyssstasjon på *Skammestein* (1880), *Beito* (1882) og *Kjøk* (om lag 1885).

I Vestre Slidre var det i andre halvdel av 1800-talet to skyssstasjonar samstundes, og begge låg langs Den Bergenske Hovedveg, ein mot sør og ein mot nord. Mot sør var det skyssstad på *Reie*. Denne vart etter kvart flytta til *Hande* og vidare til *Fossheim*. I nord var skyssstaden i 1851 på *Stee*, så flytta til *Ølken*, for så å bli flytta tilbake til *Stee* i 1861/62 og så vidare til *Løkji* i 1880.



Figur 14. Frydenlund skystasjon rundt 1900. Fotograf: Telegrafstyrar Aune i Aurdal



Figur 15: Midtre Rogne skystasjon i Øystre Slidre

I Vang langs Den Bergenske Hovedveg var det skysstasjon på Øylo gjennom heile 1800-talet. Vidare var det stasjon på *Tune*, som seinare vart flytta til *Grindaheim* Hotell, på *Kvame* (seinare flytta til Skogstad) og på *Nystøga*. Den sistnemnda var i bruk gjennom heile andre halvparten av 1800-talet. På Skogstad i Vang var det fast stasjon frå 1823.

Av protokollane kan ein sjå at trafikken auka i siste halvdel av 1800-talet. Årsaka til dette var at turistane byrja kome til Valdres (kjelde: Fylkesarkivet i Oppland).

Det skal også ha vore ein skysstasjon på *Nystøga* ved Otrøvatn på Filefjell på 1600-talet. Eldste bygningen frå Nystøga, som er frå 1760-åra, står no på Valdres Folkemuseum. «På Nystøgun har det i rekkjefølgje vore fjellstove, gjestgjevarstad, skysstasjon og hotell frå midten av 1600-talet og fram til i dag» (Hvattum 2001). Dei andre husa på Nystøga brann ned i 1958. På den andre sida av Otrøvatn ligg tufta etter *Gamlestøga*.



**Figur 16.** Skysstasjonen på Nystøga i om lag 1900. Fotograf: Knut Knutsen

I 1735 var det ti fleire gjestgjevargarder i Valdres langs leia mellom Aust- og Vestlandet. I Vestre Slidre var det ein periode skysstasjon på *Stor-Kvåle*, og i Vang var det gjestgjevargarden på *Lerhol* og *Skogstad*. Med Den Bergenske Kongevegen auka trafikken mellom aust og vest, og det kom endå fleire skysstasjonar. Kartet viser kartlagde skysstasjonar og overnattingsstader.





**Figur 17.** Eksisterande bygningar som har vore skysstasjon (raude prikkar), og stader der det før har stått bygningar som har vore skysstasjon (lyseblå). Lokalisering på kartet av stader der det har vore skysstasjonar, er ikkje komplett. Ein del skysstasjonar var kortvarige og vart flytta.

### Mellomalderkyrkjer

Det er 28 stavkyrkjer i Noreg. Seks av desse ligg i Valdres. I tillegg til dei 28 norske stavkyrkjene er det ei stavkyrkje i Hedared i Sverige, restar etter ei i Greensted-juxta-Ongar i Essex, England, og Vang stavkyrkje i Polen. Vang stavkyrkje vart kjøpt opp av kong Friedrich Wilhelm IV av Prøysen og sett opp i dåverande Tyskland, no Polen, i 1842. Dette set Valdres i ei særstilling. I Sør-Aurdal ligg Hedalen stavkirke (1163) og Reinli stavkyrkje (1326), i Vestre Slidre ligg Lomen stavkyrkje (1192), i Øystre ligg Hegge stavkyrkje (1216), og i Vang ligg Høre stavkyrkje (1179) og Øye stavkyrkje (sist på 1100-talet). I tillegg er det to steinkyrkjer, Slidredomen frå 1268 og Ulnes kyrkje frå om lag 1265, og ein ruin etter ei steinkyrkje på Mo ved Einangsundet i Vestre Slidre. Dateringa av Mo er uvis. Mange av kyrkjetomtene er ukjende for dei fleste, og det bør vere eit mål å få tomter frå mellomalderkyrkjene tilrettelagt for publikum.



**Figur 18.** Vang stavkyrkje teikna i 1841 av Franz Wilhelm Schiertz

I mellomalderen var det minst 22 kyrkjer i Valdres, tre av desse steinkyrkjer. Dette er uvanleg mange samanlikna med nabolandfjøret vårt Hallingdal, der det var åtte stavkyrkjer og ingen steinkyrkjer, medan det i Gudbrandsdalen var 11 stavkyrkjer. Vi kan ikkje seie kvifor Valdres var så rik på kyrkjer, men ein teori er at Valdres hadde bygd seg opp ein velstand som følgje av omfattande jarnutvinning og eksport av jarnbarrar.



**Figur 19.** Eksisterande mellomalderkyrkjer (raude krossar) og andre kjende kyrkjestader frå mellomalderen (grå krossar)

Fordi folketalet hadde auka kraftig, var det naudsynt å utvide plassen til kyrkjelyden. Kyrkjelova frå 1851 bestemte at soknekyrkja skulle ha plass til minst tre tiandedelar av befolkninga. I samband med dette vart mange kyrkjer rivne, eller forlengt eller gjevne korsarmar. Derfor er det svært få mellomalderkyrkjer som har fått stå uendra. Dei opphavlege stavkyrkjene var enkle, og meir like teikninga av Vang kyrkje ovanfor enn den utsjånaden mange stavkyrkjer har i dag. I Valdres er to av kyrkjene relativt uendra, Reinli og Øye. Det vil seie, Øye kyrkje var også riven, men vart attfunnen då kyrkjegolviet i den nye kyrkja skulle reparerast i 1930-åra. Under golvet låg materialane til den gamle stavkyrkja. Øye stavkyrkje vart sett opp att og vigsla i 1965. I mellomalderen vart kyrkjene vigsla med 12 andreaskrossar (krossar forma som ein X). Reinli stavkyrkje er den einaste kyrkja i landet som har alle krossane i behald. Krossteknikken blir også nytta som ein del av konstruksjonen som avstiving.



**Figur 20.** Andreaskross i Reinli stavkyrkje. Foto: Nina Aldin Thune


Dei stavkyrkjene vi ser i dag, er heller ikkje dei eldste. Dei fleste stader stod det ei eldre stavkyrkje. Dei fyrste kyrkjene vart sett rett i jorda, utan steinrekke under. Dette gjorde at dei etter 100–200 år rotne og vart skifta ut. Mange av dagens stavkyrkjer er sett saman av delar av dei eldre kyrkjene. Dette gjeld også Reinli stavkyrkje, som truleg er sett saman av to ulike kyrkjer.

### **Frå katolsk til protestantisk kyrkje**

Stavkyrkjene vart sett opp i katolsk tid. Etter reformasjonen i 1537 var mykje av det katolske inventaret fjerna, og vegg- og takmåleri vart dekt over med måling. Nytt utstyr som preikestol og benkar vart sett inn. Dei fleste kyrkjene har fått behalde treskurd og jarnbeslag frå mellomalderen. Hedalen stavkirke skil seg ut som ei av stavkyrkjene i Noreg som har mest bevart inventar frå mellomalderen. Særleg spesielt er det at kyrkja har den originale madonnafiguren, relikvieskrin, kyrkjemodell og båra til skrinet.

### **Ulik byggeskikk i stavkyrkjene i Valdres**

Hegge, Lomen og Høre er søylestavkyrkjer med frittstående søyler i kyrkjerommet, medan Hedalen og Reinli er einskipa stavkyrkjer med søyler i hjørna. Søylestavkyrkja Hegge skil seg frå Lomen og Høre ved å ha åtte frittstående søyler i kyrkjerommet, fire på kvar side, medan Lome og Høre har fire søyler. Hegge er i form noko mellom dei mangesøyla stavkyrkjene i Sogn og dei firesøyla i øvre Valdres.



**Figur 21.** Til venstre: Hedalen og Reinli er einskapa stavkyrkjer med ei søyle i kvart hjørne. Til høgre: Hegge, Lome, Høre og Øye er søylekyrkjer med frittstående søyler i kyrkjerommet. Frå Håkon Christie: «Middelalderen bygger i tre», 1974.

Tre av kyrkjene, Hegge, Lomen og Høre, har utskorne masker øvst på stavane oppunder loftet. Det er uvisst kva maskene skal symbolisere, men særleg den eine maska i Hegge stavkyrkje liknar umiskjenneleg på einøygde Odin.



**Figur 22.** Figurmaske i Hegge stavkyrkje. Foto O.J. Liodden. Dei to andre maskene er frå Høre stavkyrkje. Foto Katharina Sparstad

Spesielt er det også at både stavkyrkjene i Hedalen, Hegge, Lomen og Slidredomen har kyrkjeklokker frå mellomalderen. Alle stavkyrkjene er istandsett i seinare tid gjennom Riksantikvarens bevaringsprogram for stavkyrkjer (2001–2015).

Ein skulle tru at det var mykje enklare å setje opp ei stavkyrkje enn ei steinkyrkje i mellomalderen. Ein kan derfor spørje seg kvifor det var heile tre steinkyrkjer her, Ulnes, Slidredomen og Mo, som no er ruin. Slidredomen og Ulnes er frå siste halvdel av 1200-talet, medan dateringa av Mo er uviss.

*Slidredomen* var Mariakyrkje og hovudkyrkje i Valdres. Her residerte prosten, biskopens fremste representant, medan biskopen sjølv var i Stavanger. Veggmåleria vart ikkje øydelagt etter reformasjonen, og på veggane er der fleire symbol frå mellomalderen. På austveggen i koret er det eit stort kalkmåleri frå 1400-talet, og i takhimlingen er det eit måleri frå rundt 1250.



Figur 23. Motiv frå veggmåleriet. Foto: Riksantikvaren

Slidredomen skal ha hatt heile 12 kyrkjeklokker. No har kyrkja fire klokker frå mellomalderen. *Ulnes kyrkje* var i svært dårleg forfatning på 1600-talet, og i 1675 var det planar om å rive kyrkja for ei ny tømmerkyrkje. I byrjinga av 1700-talet var kyrkja ute av bruk. I 1737 vart kyrkja sett i stand og teken i bruk att. I Ulnes er det mellom anna funne ein mariafigur frå 1200–1300-talet. *Mo kyrkje* var brukt av gardane Reien og Hande ofl. Truleg vart ho ikkje lenger brukt etter reformasjonen, og kyrkja forfall. I dag er ruinen teken hand om av Riksantikvarens program for ruinar, og sikra. Ved utgraving av Mo kyrkjeruin vart det funne mellom anna skelett av fem yngre kvinner og ei bjørneklo. I Ulnes er det funne ein bjørnelabb, medan det i Hedalen kirke er funne eit skinn av bjørn. For meir informasjon, les *Middelalderkirker i Valdres* av Jahn Børe Jahnsen.

### Varslingsvardane

I Valdres er det seks kjende varslingsvardar, eller vetar. Ordet *vete* kjem av det norrøne ordet *viti*, som tyder teikn, merke eller varde. Vi skil mellom vetar og vardar, der vardar er eit merkesystem av stein langs ferdselsveggar og på fjelltopper, medan vetar av tre var eit varslingsystem som var ein del av det norske forsvarssystemet i mellomalderen. Då danske embetsmenn omsette dei gamalnorske lovene på 1600-talet, vart ordet *vitavordr* (vetevakt) omsett med *vedvarde*. Slik vart ordet *vete* gradvis erstatta av ordet *varde*.

I Noreg knyter historikarane den fyrste bruken av varslingsvardar/*vetar* til Håkon den gode si kongsmakt rundt 950 e.Kr. Vetane kan likevel ha vore i bruk allereie i eldre bronsealder. Når ein vete vart tent, var dette signal om angrep utanfrå, og meldinga vart sendt vidare til neste vete. Det tok eldvarselet sju netter å gå frå sør til nord i Noreg. Angrep kom oftast frå kystsida, og kvart kystdistrikt var inndelt i skipreider som skulle stille skip, mannskap og proviant. Varslingsvardane var i bruk gjennom mellomalderen og etter reformasjonen fram til 1814. Ut ifrå vetepunkt, stadnamn og tradisjon veit vi om om lag 770 varslingsvardar.

Til Valdres kom varselet om krig og ufred frå vete til vete over Hadeland, Toten og gjennom Landbygdene. Siste veten i Land var Vealøysa ved garden Stuve. Herfrå gjekk varselet til Langeberget på Reinli i Valdres. Derfrå gjekk elden til Vardaberget, Ryeberget og Olberg, der varselet delte seg til Kvithøvd og Hugakøllen og gjekk vidare vestover over Filefjell og Skørnsnøse, der det også skal ha vore ein varslingsvarde. Avstanden frå Hugakøllen til Skørnsnøse er lang, og truleg var det fleire varslingsvardar mellom dei punkta. Ut ifrå namnet Vardhovdtinden kan det ha vore ein varslingsvarde der også. Derfrå går siktlinja til Jonskør og Brønin (Bosheim, upubl.)

I Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274 står det at det skulle byggast vetar på dei gamle varslingsstadane. Det skulle også vere vakthus med tak og fire dører. Vetevakta skulle vere på plass innan fem dagar etter at bodstikka hadde gått. Forsømming vart straffa med bøter.



**Figur 24.** Eksisterande varslingsvardar og ei skisse for korleis varderekka kan ha gått gjennom Valdres. Kjelde: Odkjell Bosheim (upubl.)

I Valdres har det dei siste 20 åra vore arrangert vardevandring i regi av Jahn Børe Jahnsen ved Valdres Folkemuseum, seinare Valdresmusea, og Valdres Destinasjon, seinare Visit Valdres. Ved kvar varde er det eit stempel og ei gjestebok. Valdres Natur- og Kulturpark har sett opp tavler og skilt i samarbeid med historielaga med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

## DEL 3 PROSESS OG HISTORIKK I VANG

### Arbeidsprosess og forankring

Før arbeidet starta, vart hovudoppgåver og vektleggingar definert av kulturansvarleg, historielaget og VNK som prosjektleiar. Grappa vurderte at det er lite behov for nye registreringar, men eit stort behov for å samle, tolke og systematisere utførte registreringar. Nokre tema vart valt ut som spesielt viktige for kommunen. Forslag er lagt fram i eit arbeidsforum med ordførar, kulturetat og teknisk etat, og til slutt lagt fram for formannskapet 6. desember 2017. Alle grunneigarane av bygningar og faste kulturminne er kontakta og har samtykt om å bli med i planen. Minna er verdsett frå 1 til 4 der 1 er høgast og 4 er lågast. Det er til saman 8 minne med verdi 1 (nasjonalt verdifulle) og 43 minne med verdi 2 (regionalt verdifulle).



Figur 25. Møte med formannskapet 6. desember 2017. Foto: Katharina Sparstad

Fordi denne planen skal vere mogleg å realisere i komande tidsperiode, er det sett ei grense på 20 minne for kvar kommune. Planen skal også syne tema og tiltak som det bør arbeidast vidare med seinare. Alle minne med verdi 1 der eigaren har samtykt, er tekne med, medan minne med verdi 2 som ikkje vart med no, bør kome inn ved seinare rulleringar.

### Historia i Vang

Vang er den kommunen i Valdres som har størst del av arealet over 900 moh. Difor er historia i Vang prega av bruk av fjellet til jakt og fangst, jarnutvinning, fedrift og fjellbeite. Dei eldste spora etter folk i Valdres er 8000 år gamle og registrert ved Sulevatn i Vang. Vang er også den kommunen som har mest vestleg påverknad, noko som syner seg i gravskikkar i jarnalderen, byggetradisjonar, dialekt o.a.

Spesielt for Vang er også at det er mange skålgropsteinar i heimstølsbeltet – om lag 800–900 moh. Skålgroper er ein type ristning vi knyter til husdyr og beitebruk i bronsealderen. Ei hovudfagsoppgåve ved arkeolog Sonja Innselset har sett skålgropfelta i Vang og Vestre Slidre i samband med eit større område som strekker seg eit godt stykke vestover til Årdal og Luster. Det har også vore omfattande jarnutvinning i Vang, og metoden for jarnutvinning på Filefjell skil seg frå resten av Valdres og har meir til felles med metodar som er brukt omkring på Hardangervidda.

I vikingtid og mellomalder var både jarnutvinning og reinsfangst svært viktig i Vang. Spesielt for Vang er at ein i gravfunn kan finne både gjenstandar frå jakt og jordbruk i same grav. Bøndene var langt på veg sjølvhjelpete med eiga gardssmie og også ofte ei eiga bekkevern.

Folketalet i Vang var høgast i 1845 før utvandringa til Amerika. På slutten av 1800-talet vart reiselivet etablert, og vi fekk skystasjonar, pensjonat og hotell. 1.1.2017 var folketalet 1596, der 12,15 % var sysselsett i primærnæring, 2,29 % i reiseliv og 8,5 % i offentleg administrasjon, 8,37 i undervisning og 23,21 % i helse og sosiale tenester, 16,6 % innanfor bygg og anlegg, 8,5 innanfor handel, medan 3,51 % var sysselsett innanfor kultur og underhaldning og anna tenesteyting i 2016 (kommuneprofilen.no).

## Tidlegare kartfesta registreringar i Vang kommune

- **SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne**


På 1980–1990-talet registrerte alle kommunane bygg som var eldre enn 1900. Bygga ligg i GAB-registeret og er tilgjengelege i digitale kart. Alle kommunane har publisert registreringane i eigne hefte, *Gamal byggjeskikk i ....*



**Figur 26.** Kart over verneverdige (meldepliktige) bygg i Vang. Gul trekant tyder bygg utan meldeplikt, raud trekant tyder bygg med meldeplikt ved tiltak, jf. kulturminnelova § 25, grå er fjerna bygg. Registreringane er samla i eige hefte, *Gamal byggjeskikk i Vang*, Ragnhild Dietrichson

- **Riksantikvaren sin database *Askeladden***


Alle registrerte arkeologiske minne ligg i den nasjonale databasen <https://askeladden.ra.no>




**Figur 27.** Kulturminne frå <https://askeladden.ra.no>



- **Kulturminne i Vang, registreringar og rapport. Vang kommune 2000**  
Om lag 1259 kulturminne vart registrert i samband med kartlegging i 2000.



- **Laserskanning (LiDAR)** er ein teknikk der ein bruker infraraudt laserlys frå fly til å måle avstandar til terreng og objekt. LiDAR er ei forkorting for Light Amplification by Stimulated Emission of Radiation. Teknikken kan syne spor under vegetasjonsdekke, og dermed er det enklare å lokalisere kulturminne. Minne som blir synlege, kan vektoriserast. Alle Valdres-kommunane har utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde. Nedanfor går det fram kva for område som er skanna i Vang, og kor minna frå LiDAR-bileta er vektorisert.



Figur 28 LiDAR-skanna område i Vang. Til høgre er punkttettleiken gradert


- **Turhandboka for Vang, 2001**  
Turhandboka er digitalisert, og innhaldet ligg i Outtt, Vang



Figur 29. Turhandboka frå Vang med kulturminne er digitalisert i Outtt

- **Stølskartlegginga i Valdres**

Stølskartlegginga vart gjennomført i regional regi med støtte frå Riksantikvaren, VNK og Kommunale SMIL-midlar i 2008–2010. Stølsbrukarar har sjølv teikna inn tema på kart. Til saman vart det registrert 118 kulturminne i Vang i samband med stølsregistreringane.



Figur 30. Frå venstre: Registrerte kulturminne i stølsområde, digitaliserte beiteområde og reksler

- **Kulturminne i Outtt**

Valdres og Vang har kvar sin mobilapplikasjon for stigar, kulturminne og andre opplevingar i *Outtt* (sgjå <https://outtt.com/>). Der låg det i 2017 åtte kulturminne i Vang Outtt. Desse og to til, til saman ti minne, ligg i Outtt Valdres.

- **Norsk Kulturarv**

På heimesidene til Norsk Kulturarv står dei som er medlemmer i Norsk Kulturarv, og kulturminne som har fått Olavsrosa. Valdresmusea er medlem i Norsk Kulturarv. Seks kulturminne frå Vang er oppført på sidene til Norsk Kulturarv: Øye og Høre stavkyrkjer, kvernhusa ved Leine, Riddarstøga, Sørre Hemsing og Vangsteinen.



Figur 31. Seks kulturminne er registrert på sidene til Norsk Kulturarv

## Kulturhistoriske skrifter om Vang

### Frå Vang Historielag:

- Johannes Bøe (2009). *Farsarven. Gårds- og bygdehistorie fra Vang i Valdres.*
- Sigfred Hovda (2007). *Boke um Ryfæss : frå nesten ingenting til livskraftig bygdesenter.*
- Bøye Kattevold (2003). *Gamalt fraa Vang. Folkeminnelesna taa Bøye Kattevold.*
- Kjell T. Lund (1997). *Han far. Prestehistorie og bygdeliv i Vang i Valdres.*
- John T. Nystuen (19..). *Erindringer om immigrantane i USA.*

### Andre:

- Geir Beitrusten (1987). *Vang kommune gjennom 150 år.* Vang: Vang kommune
- Nils Oddvar Bergheim (1974). *Folkeminnesamlaren Andris Vang.* Oslo: Det Norske Samlaget
- Anders Frøholm (1985–1991). *Gardar og slekter i Vang. Valdres bygdebok.*
  - Del A: Vestsida frå Nystuen til Øylo 1985
  - Del B: Austsida i Vang sokn 1989
  - Del C: Høre sokn 1991
- Helge Gudheim (2013). *Kinning, bresting og ysting i Valdres : sett i norsk og internasjonal samanheng.* Ulnes: Mat og Kultur AS
- Knut Hermundstad ofl. (1951). *Andris Eivindson Vang og verket hans. Eit 100-års skrift.* Valdres folkeskrift nr. 1. Valdres Historielag
- Knut Hermundstad (1952). *Ættarminne. Gamal Valdres-kultur V.* Norsk folkeminnelag nr. 70. Oslo: Norsk Folkeminnelag
- Knut Hermundstad (1961). *Kvorvne tider. Gamal valdres-kultur VII.* Norsk folkeminnelag nr. 86. Oslo: Universitetsforlaget
- Knut Hermundstad (1969). *Vang stavkyrkje: truleg bygd ikr. 1175.* Vang: Vang sokneråd
- Sigfred Hovda (2002). *Heensåse kyrkje.* Vang: Heensåsen sokneråd
- Sigfred Hovda (2013). *Boke um Herredal'n.* Eige forlag
- Jahn Børe Jansen (2006). *Pilegrim i Valdres. På ny veg mellom gamle kirker.* Oslo: Andresen & Butenschøn topografisk
- Jahn Børe Jahnsen (2008). *Middelalderkirker i Valdres.* Oslo: Andresen & Butenschøn topografisk
- Magny Karlberg (2015). *Frå Versailles til Valdres, ei drakthistorisk reise.* Leikanger: Skald forlag
- Bjørg Lerhol ofl. (2015). *Hugsa du den gønge ... Gamalt frå Vang.* Vang: Vang Mållag
- Aagot Noss (1970). *Johannes Flintoes draktakvarellar.* Oslo: Det Norske Samlaget
- Sverre Thune (2010a). *Fjellpistra. Barndomsminner fra Vang.* Vang: Midtre Tune
- Sverre Thune (2010b). *På støle: minner frå Helin og Smådalen.* Vang: Midtre Tune
- Andris Eivindsson Vang (1974). *Gamla reglo å rispo ifrå Valdris.* Norsk Folkeminnelags skrifter 111. Oslo: Universitetsforlaget
- O.K. Ødegaard (1927). *Gamalt fraa Valdres.* Oslo: J.W. Cappelens forlag

## Viktige kulturminnegrupper i Vang

I desse kapitla tek vi for oss dei tema som kommunen, historielaget og enkeltpersoner meiner er dei viktigaste for kommunen, og som er typiske for Vang

### Landbruk

Landbruket er – og har vore – den viktigaste næringa i Vang . Sjølv om gardane er små i landsmålestokk og europeisk samanheng, ligg jordsmonet på kalkrik fyllitt som gjev gode veksttilhøve. Heile 90 % av arealet i Vang ligg over 900 moh. Desse områda har vore svært viktige som beiteressurs. Fjellbeita ligg ofte i næringsrike område på skifergrunn , og har vore viktige både for stølsdrift, fedrift og som reinsbeite. Frå midten av 1800-talet vart tamreinsdrifta ei viktig næring for ein del bønder.

### Fedrift

Dei gode fjellbeita har vore attraktive som beiteområde – både fe- og hestehamner, og i dei fleste fjell i Vang er det restar etter fangstbuer og felæger. Buene/lægra ligg i fjellområda og er sjeldan større enn at dei tener til anna enn ly. Mange stader er «bua» svært enkel, t.d. kan ein mur under eit framspring også ha tent som ly.

Felægra er ofte av nyare dato enn fangstbuene og knyter seg til fedrift som er kjent frå 1600- til 1900-talet. Fangstbuer og felæger skil seg ikkje særleg frå kvarandre i anna enn plasseringa. Fangstbuene ligg naturleg i typiske jaktområde, ofte i nærleiken av fangstanlegg, medan felægra ligg langsetter drifterutene eller langs gode hamnestrekningar. Fekarar handla krøtter i dalane omkring og dreiv buskapen opp til dei rike fjellbeita om sumaren. På hausten tok dei dyra ned til flatbygder og byar på Austlandet og selde dei der. I 1559 vart det fast marknadsdag i Lærdal slik at det vart lettare for folk i Valdres å drive handel vestover (Frøholm 1972).

Fedrifta er best kjent i dei nordlege delane av kommunen, og dei fleste felægra ligg i området Tyin–Bygdin, der fedrifta ikkje stod i konflikt med etablert stølsdrift. Fekarane leigde hamna, og det blir fortalt at det i 1840-åra vart betalt nokre få tobakksrullar for dei tre felægra ved Eidsbugarden (Løvland 1993).


Langs nordsida av Bygdin var det minst seks felæger, Eidsbua, Brandboden, Tolorboden ved Høystakkane, Nyboden, Hestevolden og Synsbekk. På sørsida av Bygdin var det eitt felæger – Drylleboden i Vølodalen under Dryllenosi (Løvland 1993). Bua ved Eidsboden og Tolorboden vart restaurert rundt 1980–90. I Yksendalen var det oksehamn fram til 1945/46. På nordsida av Bygdin var det hestehamn, og det var hestegjetar Ove Leine frå Vennis som fann hoppa Lenda frå Land som dikteren A.O. Vinje brukte som motiv i eit av dikta sine (Sparstad 2000).



**Figur 32.** I den gamle oksehamna Yksndalen er det framleis gode hamner

### Stølsdrift/heimstølar

Stølsdrifta har vore ein viktig føresetnad for gardsbruka i Vang som i resten av Valdres. Jorda heime på garden vart nytta til vinterfôr som korn, potet og tørrfôr, medan dyra nytta beita i utgarden etter kvart som dei vart grøne om våren. Det meste av mjølkematen vart produsert på fjellet, og her oppe vart det meste av vinterfôr av ost og smør produsert. Dei fleste gardane hadde stølar på ulikt nivå oppetter liene før dei reiste inn på langstølen lengst inne i fjellet. Stølar vart flytta etter ressurgrunnlag og vedtilgong, og mange stader ligg det stølstuffer det det i dag ikkje er støl. Dei fleste heimstølane ute av bruk til stølsdrift, og dei fleste stader er det berre attgrodde tufter att. Eit unntak er lia ovanfor Liagardane på Slettefjelle, der det er fleire heimstølar i drift. Nokre fungerer framleis som heimstølar, medan dei fleste fungerer som støl gjennom heile sumaren, som langstøl. Området er kartlagt som *heilskapleg kulturlandskap*, utan formell status, sjå. naturbase.no. I vurderinga er det vektlagt samanhengen mellom gard, heimstøl og langstøl.



Figur 33. Heilskapleg kulturlandskap frå naturbase.no

Langstølane består oftast av stølslag for fleire gardar. Nedgangen i stølsdrifta har vore dramatisk i Vang som i resten av Noreg. I 2005 var det 43 stølar i drift, medan det i 2016 var 29 stølar i drift, det vil seie ein reduksjon på 32,6 %. Dei viktigaste stølsområda er kring Syndin og Helin der dei fleste gardane i hovudsoknet Vang har langstøl. Elles er det langstølar i Skakadalen, Rødalen, i Jonskør, på Opdalsstølen, Grønstølen, Kyrkjestølen, ved Tyin, i Rysndalen, Herredalen, Raudalen, på Fjellsending og Sanddalen. Elles er det fleire tufter i fjellet som tyder på at det tidlegare har vore stølsdrift i fleire område. Dette kan ein også sjå ut ifrå namn som inneheld «støl» eller «-set», «-sete» eller «-seter».

På nokre stølar er mjølkekyrne erstatta med sau, ammekyr eller så blir stølsbeita nytta til avlatne kyr, men dei aller fleste stadene gror stølsbeita att.

## Friluftsliv, fjell og ferdsel

Sidan heile 90 % av Vang ligg over 900 moh., ligg det også godt til rette for friluftsliv og ferdsle. Den opphavlege bruken av fjellet blir knytt til naudsynte funksjonar som jakt, sanking og husdyrbruk, og det er ei vanleg oppfatning at folk ikkje gjekk tur for turen si skuld, men for eit nytteformål. På gamle teikningar kan ein også sjå at kvinner spann på handtein eller strikka medan dei gjekk. Det betyr sjølvsagt ikkje at folk ikkje kan ha hatt opplevingar av og i naturen som ikkje berre var knytt til nytteverdien. Kwart individ og menneske hadde ei rolle med oppgåver i ein større samanheng.

### *For overklassen*

Frå midten av 1800-talet utvikla overklassen i Europa ei auka interesse for å nytte fjellet til sjølvrealisering og rekreasjon. Vang ligg ved foten av dei høgaste fjella i Noreg, og då friluftslivet utvikla seg på 1800-talet, vart dei meir uframkomelege områda tekne i bruk – ikkje for nytteformål, men for å utfordre personlege grenser – fjella skulle no bestigast.

Ein av dei mest kjende utøvarane som nytta Vangsfjella til friluftslivsaktivitetar, er kan hende William Cecil Slingsby (1849–1928). Han var ein britisk fjellklatrar som hadde mykje å seie for fjellklatring og fjellsport i Noreg, og han blir ofte kalla *norsk tindesports far*.

Ein annan markant person var forfattar Aasmund Olavson Vinje (1818–1870). Han er kjend for aktivt å ha teke i bruk landsmålet, nynorsk, i dikt og sakprosa. Han var også svært glad i friluftslivet og Vangsfjella, og fann ly i febua på Eidsbugarden før han bygde Vinjebue. To år etter at Vinje døydde, vart hytta overteken av Heftye og gjort til ei turisthytte.



Figur 34. Eidsbugarden rundt 1890. Frå Wikipedia. Foto: Aksel Lindal

Vang er også del av historia til Den Norske Turistforening (DNT). DNT vart etablert i 1869, og på nordsida av Tyinvatnet, om lag 750 meter vest for Tyinholmen hotell, ligg ei samanrasa steinbu som skal ha vore den første DNT-hytta. Etablering av DNT blir knytt saman med eit auka behov for nasjonalkjensle i samband med nasjonsbygginga etter unionsoppløysinga i 1814, der fjell og natur var viktige element. Gjennom fleire hundre år har nordmenn hatt hevdvunne rettar til å ferdast ganske fritt i naturen, og i 1957 vart allemannsretten lovfesta gjennom friluftsløva. I dag er det fem DNT-hytter i Vang: Sulebu, Fondsbu, Thomashelleren, Yksndalen og Torfinnsbu, i tillegg til Sørre Hemsing, som har DNT-avtale.

## Fangstkultur

Dei store fjellområda har òg vore ein viktig ressurs som jaktområde. Det vart jakta for matauk og for skinn. Det vart sett opp snare for hare og rype, og då våpenjakta byrja, vart børsejakt mest vanleg. I perioden vikingtid–mellomalder vart reinsfangsten svært omfattande. Vi skil mellom fangstgroper og fangstgraver. Graver knyter vi oftast til reinsfangst, medan groper vart nytta til elgfangst og oftast var større. Bogestille og fangstgraver med og utan leiegjerde finst i alle fjell. Med fangstanlegg meiner vi heile anlegg der fleire graver/bogastille høyrer saman. Det kunne vere vanskeleg å få frakta alt kjøtet heim dersom fangsten var god, og ofte finn vi ein gøymestad for kjøt saman med anlegget. I Vang er det registrert dyregraver/groper til elg og rein med og utan leiegjerde, bogastille og jerv-/revegraver.

Mange stader vart dyregraver nytta heilt fram til 1700-talet. Då erstatta krutet dei gamle fangstmetodane. Samstundes kom det lover og forordningar som avgrensa bruken av gropene. I 1863 vart det endeleg forbode å nytte gropene til fangst, og dei fleste gravene vart fylt att. Årsaka var at dyra ofte leid ein pinefull død i fangstgravene. At reinsjakta var viktig, fortel mellom anna ei segn om ein mann som ville skifte godset sitt mellom to søner. Den eine skulle få garden, den andre reinsgravene. Den eldste fekk velje først. Han valde reinsgravene.

På 1800–1900-talet vart det tamreindrift i Vang.



Figur 35. Bogastille ved Høgeggi. Foto: Nils Indrehus

## Bygningsmiljø

I Vang dominerer gardsmiljø. Gardane ligg spreidd i grender, ulikt landsbypreget som er meir vanlege lenger sør i Europa. Gardane var langt på veg sjølvforsynte, folk smidde, brygga, sydde, slakta og foredla sjølv. Noko generalisert vart alle funksjonane gjort på garden. Desse funksjonane finn vi att i bygningsmassen. Dei gamle tuna hadde lafta hus, støge, fjøs ( gjerne fleire), låve, eldhus, stabbur/bu, tørrstøge og smie. Smia låg gjerne litt unna garden. Enno lenger unna, ved slåtteteigar, låg det løer, og ved nærmaste vassdrag ei bekkvern. Fjøs var ofte delt i mindre småfjøs. På 1900-talet vart det meir vanleg å samle dyr og fôr i same fjøs, oftast raudmåla. På 1800-talet vart det vanleg med støger i to etasjar. Tuna låg som firkanttun. Før utskiftinga var fleire gardar samla i klyngetun. I dag finn vi att element av klyngetun på Kvie og Belsheim. Den gamle bygningsmassen var også prega av naturtilhøve og ressurstilgang, og materiala var oftast henta frå nærmiljøet.

Mange av dei eldste husa er borte, men på dei fleste tun står enten eitt eller fleire hus, eller ei tuft. Nyare våningshus har fått større variasjon etter nyare tids arkitektur og motar, og det meste av materiala er henta utanfrå.

Stølsområda skil seg frå gardsbyggnaden med mindre hus og tettare grendepreg eller nærmast landsbypreg. Stølsbusa ligg i klynge, stølsvollane ligg rundt desse, og dyra fann beita sine i utmarka.

Bygningar frå før 1900 blir rekna som verneverdige. I dag er det framleis nokre få intakte tun med bygningar frå 1800–1900-talet. Desse tuna, slik dei ligg, er med på å fortelje ei historie om Vang. Berre nokre er med i denne kulturmineplanen, og fleire tun bør vurderast når denne planen skal rullerast. I kapittel 5 ligg ei liste over aktuelle gardstun og bygningar som ikkje vart med her.

I Vang har vi også tettstader, og spesielt Ryfoss skil seg ut som ein del av den industrielle utviklinga i fyrste halvdel av 1900-talet. Med fossen som kraftkjelde vart det etablert handel og småindustri som sag, meieri, slakteri, smie, skinnforedling og anna. Også i dag er Ryfoss og omeign eit aktivt område for småindustri med Ryfoss betong, Kviesmo og Tveitabru sag. Les meir i eiga bok om Ryfoss av Sigfred Hovda.

## Steinalderbusettingar

Mange av steinalderfunna som blir gjort, er i fjell og ved vatn. Vang har mykje av begge delar. Her oppe var det godt fiske og gode jaktmoglegheiter på rein. Det er truleg difor det er særst mange spor etter busettingar i Vang. Ein del steinalderbuplassar er oppdaga i samband med regulering av vatn. Oppdemming og tapping har gjort at dei øvste humuslag i strandsona blir utvaska, og spor etter fleire tusen års aktivitet kjem opp i dagen. Typiske funn er koksteinar, avslag og pilspissar, eller av og til ei steinøks som nokon har mista. Ved Tyinvatn var det reinstrekk og bra med fisk. Også ved Bygdin, Fleinsendin, Otrøvatn og Sulevatn er det funne busetnader. Mest spesielt er funna ved Sørre Sulevatn, som viser seg å vere om lag 2000 år eldre enn andre funn i Vang.

Historia om dei fyrste menneska som kom hit etter siste istid, endrar seg etter kvart som ein undersøker nærmare. Sidan isen heldt seg lengst i fjellet, har ein meint at fjellområda vart busett mykje seinare enn lågare område. I 2013 starta utgravingar ved Vinstervatn i regi av NVE. Då vart det på ein odde ved Mørstadstølen i Øystre Slidre avdekt tjukke lag av beinrestar. Dei eldste spora var 8500 år gamle. På toppen av «haugen» fann dei ei grav frå år 500 etter vår tidsrekning, og i grava var det mellom anna 12 pilespissar og ein spydspiss av jarn. Staden har altså vore i bruk i 7000 år! Litt lenger sør, ved Olstappen (600 moh.) i Espedalen, Nord-Fron, fann ein brende elgknoklar som var om lag 10 000 år gamle. Dette er det eldste funn av elgknoklar sett i samband med menneske i Noreg. Dei eldste funna etter folk i Noreg ligg ved kysten og er 11 200–11 000 år gamle. Ein reknar med at det var fleire innvandringsruter etter isen, ei nord i Finnmark, ei frå Baltikum og ei frå Danmark/Tyskland (kjelde [www.noark.no](http://www.noark.no)).



## DEL 4 UTVALDE LOKALITETAR I VANG

### Visjon:

Vang skal vere eit lokalsamfunn der folk verdset kulturminna sine, og der kulturminna spelar ei viktig rolle.

### Mål:


- 1) Kulturminna skal takast vare på for framtidige generasjonar
- 2) Innbyggjarane skal ha eit høgt kunnskapsnivå om kulturarven i Vang
- 3) Kulturminne skal bidra til å styrke Vang-identiteten for alle aldersgrupper
- 4) Kulturminna skal bidra til sosial, miljømessig, kulturell og økonomisk verdiskaping

### Strategiar:

1. Prioritere omsynet til kulturminne i alt planarbeid.
  - Ta omsyn til kulturminne i samband med arealplanlegging, utbyggingar, byggesaksbehandling og andre godkjenningar eller planlegging av fysiske inngrep.
2. Samarbeide og samordne ressursar for ivaretaking av kulturminne.
  - Samarbeide tverrsektorielt, på tvers av kommunen, organisasjonar, enkeltpersonar osb. om ivaretaking av kulturminne.
3. Aktivt engasjere kulturminneforum for å oppnå dei måla som er nemnde ovanfor.
  - Oppmode forumet til å initiere kulturminneaktivitetar og formidlingstiltak. Dei kan og ta initiativ knytt til skjøtsel.
  - Engasjere eit breitt utval av befolkninga i kulturminnearbeidet.
4. Prioritere økonomiske ressursar til aktivitetar gjennomført i regi av kulturminneforum.
  - Sette klare rammer for aktivitetar og tiltak som kan tene måla for kulturminnearbeidet.
  - Initiere arrangement knytt til kulturminne. Minst eitt arrangement kvart år bør vere der folk normalt ikkje ferdast; det bør vere eit arrangement som ikkje er knytt til kyrkjer i drift, badeplassar eller godt etablerte turmål.
5. Sikre at arbeidet med lokale kulturminne og besøk på desse stadene er ein del av opplæringa i grunnskulen.
6. Gjennomføre skjøtselstiltak ved behov.
  - Skjøtselstiltak i vedtekne skjøtelsplanar må ha prioritet.

## Utvalde kulturminne, oversiktskart

Kartet nedanfor viser alle område og stignett som er definert inn som utvalde område i kulturminneplanen.



**Figur 36.** Kartet syner oversikt over utvalde område og stignett i kulturminneplanen

## Omsynssoner i kommuneplanen

Innanfor nokre område har Vang kommune allereie lagt inn omsynssoner med retningslinjer. For denne planen gjeld dette H570\_1, 4, 6, 7, 8, 9, og 12:

Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne, kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet blir oppretthaldne som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.

For område som er markert med omsynssone, skal alle tiltak planleggast og vurderast ut ifrå eit generelt omsyn til dei registrerte verdiane i området før det blir avgjort om det omsøkte tiltaket kan gjennomførast, og kva for vilkår som eventuelt skal ligge til lokalisering og utforming.

Alle område med særlege verdifulle kulturmiljø i Vang

Kode i kartet	Kulturmiljø
H570_1	Høre stavkyrkje nærmiljø
H570_2	Øyebakkin
H570_3	Hensåsen stølar
H570_4	Riddarstøga
H570_5	Prestegard
H570_6	Leinekvernene
H570_7	Kongevegen (Høre)
H570_8	Kongevegen (Neset)
H570_9	Kongevegen (Filefjell)
H570_10	Kongevegen (Øye)
H570_11	Hensåsen kyrkje
H570_12	Øye

Figur 37. Tabellen syner område med særleg verdifulle kulturmiljø i kommuneplanen



Figur 38. Kart over område med særleg verdifulle kulturmiljø i kommuneplanen

På neste side blir dei 20 utvalde områda i kulturminneplanen omtala.

## 1 Øye stavkyrkje

Som dei andre stavkyrkjene er Øye stavkyrkje blant dei eldste bygga landet. Ho er truleg bygd sist på 1100-talet som ei søylestavkyrkje med fire frittstående søyler i kyrkjerommet, men desse ber ikkje noko opphøgd midtparti slik som kyrkjene i Høre, Lomen og Hegge. Hjørnesøylene i kyrkja er for så vidt nok til å halde kyrkja oppe. Øye stavkyrke er uvanleg og liknar mest på Vang stavkyrkje (no i Polen).

### *Brukshistorikk*

Kyrkja stod opphavleg på jordet ut mot Vangsmjøsa. Der var svært fuktig, og under vårflaumen kunne gravene vera fylte av vatn slik at ein måtte leggje steinar på kistene for å få dei ned. Kyrkja var dårleg, så ho rotna opp eller bles ned. I 1747 vart nye Øye kyrkje vigsla. Under ein reparasjon av grunnmuren på Øye kyrkje kring 1930 vart det funne 156 delar av ei eldre kyrkje, Øye stavkyrkje. Det vart til slutt bestemt at ein skulle reise stavkyrkja att på Øyebakken, og ho vart vigsla i 1965.



**Figur 39.** Frå attreisinga av Øye stavkyrkje i 1964. Frå *De norske stavkirkene*, Leif Anker.

Øye stavkyrkje blir no brukt til omvising frå om lag 20. juni til 20. august, til bryllaup og jonsokmesse kvar sumar.

I perioden 2001–2015 vart alle stavkyrkjene i Noreg sett i stand gjennom *Bevaringsprogrammet for stavkirker*. I Øye vart mellom anna delar av takflisene skifta ut.



**Figur 40.** Øye etter restaurering gjennom stavkyrkjeprogrammet (2001–2015) til Riksantikvaren. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 41.** Kyrkja blir nytta til omvisingsteneste i sumarferien

## Registreringar

### Katolsk mellomalderpreg

Kyrkja har svalgangar og halvrund koravslutning bak altaret (apsis). Ho har ikkje benkar i skipet, berre langs veggane, og får såleis eit sterkt mellomaldersk preg. Kyrkja har ei svært smal opning inn i koret, noko som var vanleg i den katolske kyrkja før reformasjonen.

### Portalar, inventar og innskrifter

Stavkyrkja har kopiar av to portalar (truleg frå 1100-talet) med rik dyreornamentikk og kapitel. Ein dørring frå mellomalderen sit på døra. På altaret står eit krusifiks frå 1200-talet med ein Kristus-figur frå 1300-talet. Døypefonten av tre frå 1300-talet er svært uvanleg. Ein benk i koret i stolpekonstruksjon er kanskje frå middelalderen. Runer er påvist i kyrkja, ein av dei kan vere eit Maria-monogram. Ein sliten stein utanfor kyrkja kan ha vore ein altarstein. Han har ei lita fordjuping, kanskje for ein relikvie, med eit lite spor for lukking rundt kanten. Ei innskrift i kyrkja fortel om vigsling 10. september, men årstalet er ukjent (Valdres Natur- og Kulturpark 2013).



**Figur 42.** Den originale portalen står på Historisk museum. Frå De norske stavkirkene, Leif Anker



**Figur 43.** Døypefont frå mellomalderen til venstre. Altar og sakristi til høgre har katolsk preg. Foto: Katharina Sparstad

### Objekt til kart



**Figur 44.** Eit større område ligg som omsynssone C, kulturminne. Den raude prikken syner kor kyrkja opphavleg har stått

### Verdisetting


Stavkyrkjene har verdital 1 Vang kommune

### Grunngeving for verdisetting

Stavkyrkjene er dei eldste bygga i landet. Øye stavkyrkje er i ei særstilling fordi ho langt på veg er slik kyrkjene opphavleg var i mellomalderen.

### Forslag til forvaltning

Det er riksantikvaren som har ansvaret for sjølve kyrkjebygget, og kyrkja er i god tilstand. I samband med besøksteneste og omvising er det behov for eit velkomstbygg med sanitæranlegg til kyrkja. Dette er under planlegging, og eit utkast til reguleringsplan er utarbeidd av kommunen. Stavkyrkja ligg saman med Øye kyrkje i ei omsynssone for kulturminne.




Figur 45. Reguleringsplan for Øye stavkyrkje og Øye kyrkje

### Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på bygningen i opphavleg tilstand. Andre omsyn som bør takast, er:

- å ta vare på kyrkja som religiøst bygg
- å ta omsyn til kyrkjelyden
- å legge til rette for auka besøk
- å legge til rette for god parkering
- opplevinga av kyrkja i landskapet og omgjevnadene rundt kyrkja
- 



Figur 46. Kyrkja i landskapet. Frå studentoppgåve frå UiMB 2009 om stavkyrkja og verknaden i landskapet



Figur 47. Frå studentoppgåve ved UiMB

**Bruk:** Kyrkjeleg aktivitet, kulturelle arrangement, omvisingsteneste

**Hovudmål:** Bevare og nytte kyrkja for religiøse handlingar, formidling og arrangement

**Aktuelle tiltak**

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Betre oppleving av kyrkja	Halde rommet rundt kyrkja ope	Fjerne skjemmande element som containerar og provisoriske bygg	Riksantikvaren Kommunen	Riksantikvaren Kommunen
Unngå slitasje	Vurdere utvida område for spesielle omsyn	Årleg dokumentasjon av status	Kommunen	Kommunen
Ta vare på det religiøse bygget	Planlegging	Kyrkjelege arrangement	Kyrkjelyden	Kommunen/ soknerådet
Ta vare på kyrkjebygget	Rutinar for vedlikehald	Ordinært vedlikehald	Riksantikvaren	Riksantikvaren
Auka besøk	God tilrettelegging	Sørvisbygg med sanitæranlegg	Vang kommune	Kommunen
Auka kjennskap	Marknadsføring	Annonse i Valdresguiden, web og Outtt	Visit Valdres Vang kommune	Visit Valdres Vang kommune

**Oppfølgingsansvar**

Vang kommune, Riksantikvaren, kyrkjelyden



Figur 48. Foto: Katharina Sparstad



## 2 Høre stavkyrkje

Stavkyrkjene er dei eldste bygga vi har i Noreg. Stavteknikken skil seg frå andre byggestilar, og Hørekyrkja er ei søylestavkyrkje med fire frittståande stavar i kyrkjerommet. Dei andre stavane endar på himlingsnivå. Stavane ber eit opphøgd midtparti, i dag dekt av ei himling.

Til Høre knyter det seg mykje historie, og staden er også 1000-årsstad i Vang.



Figur 49. Høre stavkyrkje i 2015. Foto: Katharina Sparstad

### Brukshistorikk

Høre stavkyrkje er frå om lag 1179, datert ved ei svært uvanleg runeinnskrift. Men her har vore ei mindre kyrkje tidlegare. Kyrkja er ei soknekyrkje og i aktiv bruk. Om sumaren er det organisert omvisingsteneste i kyrkja. Kyrkja har fått utvida gravplass (2016) og ny parkering på den andre sida av Fylkesveg 293.




Figur 50. Bilete frå før utviding av kyrkjegard i 2016. Foto: Guro Hovda



**Figur 51.** Kyrkja fekk utvida kyrkjegard i 2016. Foto: Guro Hovda

### Registreringar

Stavkyrkja vart endra i 1822. Koret vart bygd nytt, den halvrunde koravslutninga bak altaret (apsis) vart fjerna, kyrkja vart utvida mot vest, og veggane i skipet vart flytta ut på svalgangen sin plass for å utvide kyrkjerommet.



**Figur 52.** Teikning av «Hurum» stavkyrkje før endringane kring 1850. Dei fleste stavkyrkjene fekk svalgangar seinare i mellomalderen. I Høre stavkyrkje var han broten av vindauga som kom seinare. Til høgre kyrkja i dag. Foto: Dag Nordsveen.

### Runeinnskrifta med Erling Skakke og Nidaros

Runene på staven inne i preikestolen har ei spanande historie. Sagaen fortel at kong Sverre drog gjennom Valdres i 1177 på flukt frå Magnus Erlingsson. Elling, lendmannen på Kvie, hadde slutta seg til kong Sverre mot Magnus og far hans, Erling Skakke. I 1179 fall Erling i slaget på Kalvskinnet i Nidaros, og då avgjorde Elling og broren Audun at dei ville bygge Høre stavkyrkje slik runene viser: «Den sumaren då brørne Elling og Audun hogg til denne kyrkja (fall) Erling i Nidaros.»

### Treskurd, andre runer og inventar

Høre stavkyrkje har ein rik treskurd frå mellomalderen med drakar og løver. Her er to portalar, stavkapitel og toppmasker, søyleportal og ein planke som står i korskiljet. Den tidlegare takryttaren er no port inn til kyrkjegarden. Andre runeinnskriftar fortel om «Bård», «Åsgrim», «Sigrid» og «Gunne». Den eine portalen er i våpenhuset. Mot vegg i våpenhuset finst også eit spesielt fint smijernsbeslag med underplate av messing frå mellomalderen. Dei liknar beslaga i Hedalen, Reinli, Lomen og i kyrkjer i Sogn, noko som strekar under at desse kyrkjene høyrer saman. Eit røykjelseskar frå mellomalderen heng i koret. To klokker i tårnet er også frå mellomalderen (Valdres Natur- og Kulturpark 2013).



**Figur 53.** Til venstre: Treskurd på stolpe i kyrkjerommet. Foto: Ole Jørgen Liodden. I midten: Kyrkjegardsporten er frå takryttaren som er frå kyrkjas eldste tid, og er rik på treskurd. Til venstre lås med beslag på kyrkjedøra, frå mellomalderen. Foto i midten og til høgre: Katharina Sparstad

På loftet øvst på dei åtte stolpane er det utskorne masker.



**Figur 54.** Øvst på dei åtte stolpane er det utskorne masker. Foto: Katharina Sparstad

Til kyrkja høyrer også eit klokketårn, kyrkjeport og kyrkjegard med kyrkjegardsmur. Kyrkjegarden vart utvida i 2016. Ved kyrkja er ein parkeringsplass, og ny utvida parkeringsplass ligg ovanfor kyrkja.



**Figur 55.** Kyrkeporten er sett saman av dei tidlegaste takryttarane. Porten med takryttar vart sett i stand gjennom stavkyrkjeprogrammet til Riksantikvaren (2001–2015). Foto: Katharina Sparstad

Høre stavkyrkje sett i stand gjennom stavkyrkjeprogrammet.



**Figur 56.** Klokketårnet ved Høre stavkyrkje. Foto: Katharina Sparstad

## Høre som 1000-årsstad

### Gyda på Kvie


Høre stavkyrkje med området omkring er Vang kommune sin 1000-årsstad. Snorre Sturlasson fortel i Harald Hårfagres saga at Harald fekk tanken om å samle Noreg til eitt rike av Gyda, dotter til kong Eirik av Hordaland, som var til oppfostring på Kvie. Harald ynskte å ta Gyda til frille, men ho ville ikkje kaste bort møydommen sin på ein mann som ikkje hadde større rike å styre over enn nokre få fylke, sa ho. Harald syntest det var underleg at han ikkje hadde tenkt på dette sjølv, sa han, så han lova at han ikkje skulle skjere eller kjemme håret før dette verket var fullført. Etter slaget ved Hafersfjord omkring 880 var han blitt einekonge over heile Noreg. Då gifta han seg med Gyda, og Snorre fortel at dei fekk fem søner. Dei vart oppfostra på Kvie.



Figur 57. Gyda på Kvien. illustrasjon frå Harald Hårfagres saga av Snorre Sturlasson


### Riddar Sigvat av Leirholmar (1270–1340)

Sigvat var riksråd under kong Håkon V Magnusson (1299–1319). Han vart også kalla Sigvat av Kvie, ettersom han hadde tilhald både på Leirhol og på Kvie. Han var mellom anna med kongen til København i 1309 for å skrive under fredspakta med danskekongen.



Figur 58. Omsynssone med den tidligste Bergenske kongeveg som omsynssone til venstre

## Objekt til kart



**Figur 59.** Omsynssone i skravur mot venstre. I nord-austre del ligg omsynsona innanfor arealplan for Slettefjell. Raudt område er freds areal kring kyrkja, grått område er parkeringsplass.

## Verdisetting

1

### Grunngeving for verdisetting


Stavkyrkjene er dei eldste bygga i landet og er viktige for vår eigen identitet og historie, både som religiøse bygg, bygningsteknisk arbeid og i historisk samanheng.

### Forslag til forvaltning

#### Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på bygningen i opphavleg tilstand. Andre omsyn som bør takast, er:

- å ta vare på kyrkja som religiøst bygg
- å ta omsyn til kyrkjelyden og kyrkjelege aktivitetar
- å legge til rette for auka besøk
- opplevinga av kyrkja i landskapet og omgjevnadene rundt kyrkja
- Ta vare på staden som 1000-årsstad



Figur 60. Kyrkja i landskapet. Frå studentoppgåve frå UiMB 2009 om stavkyrkja og verknaden i landskapet

**Bruk:** Kyrkjeleg aktivitet, kulturelle arrangement, omvisingsteneste

**Hovudmål:** Bevare og nytte kyrkja for religiøse handlingar, formidling og arrangement

#### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Unngå slitasje	Vurdere utvida område for spesielle omsyn	Årleg dokumentasjon av status	Kommunen	Kommunen
Ta vare på det religiøse bygget	Planlegging	Kyrkjelege arrangement	Kyrkjelyden	Kommunen/soknerådet
Ta vare på kyrkjebygget	Rutinar for vedlikehald	Ordinært vedlikehald	Riksantikvaren	Riksantikvaren
Auka besøk	God tilrettelegging	Sørvisbygg med sanitæranlegg	Vang kommune	Kommunen
Auka kjennskap	Marknadsføring	Annonse i Valdresguiden, web og Outtt	Visit Valdres Kommunen	Visit Valdres Kommune
Ta vare på Høre som 1000-årsstad	Informasjon på staden og web Arrangement og markeringar	Oppdatere informasjon web og Outtt	Vang kommune	Vang kommune

#### Oppfølgingsansvar

Vang kommune, kyrkjelyd og Riksantikvar

### 3 Kongevegen i Vang



**Figur 61.** Stifstøtta på Filefjell teikna før 1833. Stifstøtta står enno, men sokkelsteinen er fjerna. Illustrasjon: Valdres Folkemuseum

#### **Brukshistorikk**

Vang og vegen over Filefjell har vore den viktigaste fjellovergangen mellom aust og vest i uminnelege tider. Frå eldre tid er det spor etter jarn- og saltveg. Denne gjekk folk til fots, eventuelt hadde dei kløv eller ridehest. Overgangen er omtala fleire gonger i sagaene. Mellom andre drog Halvdan Svarte, Harald Hårfagre, Olav den heilage og kong Sverre denne vegen (Adriansen, Jan, og T. Ekerhaug 2011).



**Figur 62.** Illustrasjon av Erik Werenskiold: «Olavs menn gjekk seks rasteres veg om natta.» Frå Snorre Sturlasons Kongesaga



Etter kvart vart det naudsynt med kjerreveg som kunne frakte embetsfolk raskast mogleg mellom dei store byane. I perioden frå 1700-talet til 1824 vart det bygd fleire vegar på kongeleg forordning. Desse blir kalla kongeveggar. Vegen mellom Oslo og Bergen vart kalla Den bergenske kongevegen. Etter 1824 vart han kalla Den bergenske hovudvegen. Kongevegane følgde dei opphavlege ferdsevegane, men i staden for å følgje terrenget skulle dei gå beint fram etter «det franske prinsippet».

Vegane som vart bygd som kongeveggar, kan nytte denne logoen i svart-kvitt eller gult-grønt:



Den bergenske kongevegen vart ferdig i 1793. Dette var ikkje berre eit samband mellom Oslo og Bergen, han knytte også saman hovudstadene i Noreg, Sverige og Finland og fortsette heilt til St. Petersburg.

I åra etter 1764 vart det gjennomført nye reformer for vegbygging i Danmark. Dei fekk også mykje å seie for vegbygginga på Kongevegen. Vegane vart bygde ut frå meir vitskaplege teknikkar med oppmålingar og nivelleringar. Transport med hest og vogn stilte krav om slette, jamne og tørre vegar. Difor vart vegen oppbygd med fast grusdekke og god drenering. Det vart laga djupe sidegrøfter og tversgåande steinkister som leidde vatnet bort.

Medan dei gamle allfarvegane følgde tørre knausar og gjekk rundt haugar og store steinar, vart slike hindringar no rydda bort med krut. Prinsippet om dei rette veglinene vart gjennomført utan særleg omsyn til terrenget. Stigninga kunne vere så kraftig at sjølve meininga med vegen – det å kunne køyre med hest og kjerre – vart vanskeleg utan å måtte laste av delar av lasset og heller gå to gonger i bakkane. Snart innsåg ein at vegen ikkje var funksjonell, og etter berre 50 år vart dei vanskelegaste partia lagt om. Dette gjeld mellom anna Kvamskleive.

Delar av Kongevegen blir i dag nytta som turveg. Strekninga Kvamskleive–Lærdalsøyri er sett i stand og tilrettelagt gjennom eit eige samarbeidsprosjekt mellom Statens Vegvesen, Oppland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, Lærdal og Vang kommunar, Valdres Natur- og Kulturpark og Riksantikvaren som bidragsytarar. Statens vegvesen hadde ansvar for dei verna strekningane Vindhella, Galdane og Maristova–Kyrkjestølen. Med i samarbeidet var også musea og reiselivet i begge kommunane.

Prosjektet dekte strekninga som er vist på kartet nedanfor.



**Figur 63.** Strekninga Kongevegen over Filefjell har lagt opp til vandrerute på nordsida av Vangsmjøsa fordi vegen er fjerna frå Mjøsvang til Øye. Grøne strekningar på kartet syner grasdekke, gule er grusdekke, og rosa er asfaltdekke. Kart: Katharina Sparstad

I samband med tilrettelegginga vart det sett opp tavler, skilt, benkar, bruer og klopper på strekninga.



**Figur 64.** Overgangar er tilrettelagt der vegen er broten av ras, flaum, annan veg eller utbygging. Foto: Katharina Sparstad

I 2016 fekk strekninga Vakre vegars pris, og i 2017 fekk strekninga Europa Nostras kulturminnepris i kategorien bevaring.



**Figur 65.** Til venstre frå tildelinga av Vakre vegars pris i 2016. Til høgre frå tildelinga av Europa Nostras kulturminneprisutdeling i Turku, Finland i 2017. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 66.** Dei tilrettelagde strekningane er godt skilta frå E16. Foto: Katharina Sparstad




**Figur 67.** Tavler med informasjon er sett opp langs vandrerruta. Her hovudtavle og områdetavle på Grihamar. Foto: Katharina Sparstad

I 2015 vart det etablert eit bedriftsnettverk for Kongevegen over Filefjell, Kongevegbedrifter Filefjell SA, som driftar nettstaden [www.visitkongevegen.no](http://www.visitkongevegen.no). Fordi Kongeveg-loen berre skal nyttast til informasjon om sjølve vegtraseen, har bedriftene eigen logo:



## Registreringar

Kongevegen gjennom Vang har endra lei fleire gonger. Den eldste vegen gjekk ifrå Høre og ned Remmisgardane og vidare ned til Leirhol, der folk vart rodd over av ein sundmann. I 1808 vart Kvamskleive bygd (samstundes med Vindhella), i 1862 vart vegen lagt ned der E16 går i dag.



**Figur 68.** Før 1808 gjekk Kongevegen i Høre, forbi Åsvang, Hensåsen og ned Remmisgardane. Der gjekk turen over Vangsmjøse frå Leirhol til Synshagin. Kartutsnittet er frå kring 1800 og syner planlegginga av «Den Nye Kongevej». Kjelde: Utsnitt av kartblad 70, «Cart over det Øvre Walderske Compagniet i det Kongelige Aggerhuusiske Regiment», ca. 1799, Kartverket

Av kartet frå 1819 kan vi sjå at vegen då gjekk på vestsida forbi Øylo til Ryfoss:



**Figur 69.** Kart over Kongevegen teikna av Carl Christian Buchholz (1787–1849) i 1819

I dag er vegen stadvis under asfalt. Kongevegen som er synleg i dag, er vist som blå og lilla (frå før 1808) på kartet nedanfor.



**Figur 70.** Registrert, eksisterande original kongeveg er markert med blå og lilla (frå før 1808) strek. Ein stubb skal også gå på austsida av Heensåsen, men den er ikkje registrert.

Tre samanhengande strekningar som er tilrettelagt av Vang kommune og/eller samarbeidsprosjektet Kongevegen over Filefjell: Høre–Åsvang, Kvamskleive til Vang sentrum og frå Nerre Dalen til Stiftsstøtta ved fylkesgrensa til Sogn og Fjordane på Filefjell. Denne strekninga går no samanhengande til Borlaug:

### Høre–Åsvang

Denne vegleia er den aller eldste som går gjennom bygda, like gamal som stigen som går frå Belsheim, gjennom skogen og til Hensgardane. Vegen vart etter kvart rusta opp til kjerrevegstandard. Frå 1793 til 1808 fungerte strekninga som ein del av Den bergenske kongevegen. Vegen mellom Høre og Åsvang er no ein grasgrodd turveg med tilrettelagde kulturminne undervegs. Den tilrettelagde vegen startar ved Laglim og går til Høre stavkyrkje.



**Figur 71.** Lilla strekning frå Hen til Høre fungerte som kongeveg frå 1793 til 1808. Figuren til høgre viser strekning tilrettelagt av Vang kommune.

### Kvamskleive

Vegen over Kvamskleive vart bygd i 1808. Fram til då hadde skyssen gått over Remmisåsen og med båt over Leirholssundet. Vegen var i bruk fram til 1862 då det vart sprengt ut veg der vegen går i dag. Heile vegen vart då lagt langs Begna frå Ryfoss. Mykje av vegen gjekk truleg der dagens E16 går no, men det er fleire strekningar her som truleg ikkje er registrert.



**Figur 72.** Teikning av Kvamskleive frå 1819–1822. Teikning: Carpelan, Wilhelm Maximilian. Nasjonalmuseet.

Vegen i Kvamskleive går stadvis i bratt bergvegg og var/er eit arkitektonisk ingeniørstykke. Delar av vegen hadde glide ut, men i 2017 vart det brattaste stykket restaurert i regi av Statens vegvesen med hjelp av steinmurarar frå Nepal.



**Figur 73.** Vegen før restaurering i 2017. Vegen var rasa ut i det brattaste partiet. Foto: Katharina Sparstad (venstre), Jan Adriansen (høgre)



**Figur 74.** Istandsett parti før og etter. Foto: Jan Adriansen



**Figur 75.** Vegen er idyllisk og stort sett godt vedlikeholden, med unntak av ein del stikkrenner og grøfter. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 76.** Langs vegen er det spanande vegetasjon med mellom anna orkidear. Kongevegen går også rett forbi Gamle Kvam. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 77.** Ned til Søndrol går vegen gjennom ei gøte mellom engene Foto: Katharina Sparstad

Strekket langs E16 frå Søndrol til Mjøsvang går på asfaltert gangveg.



**Figur 78.** Vandrevegen følger gangvegen frå Søndrol til Bøflata. Foto: Jan Adriansen

#### **Nerre Dalen–Tyinkrysset–Kyrkjestølen–Maristøga**

Fram til 2015 var det berre strekninga Kyrkjestølen–Maristøga som var tilrettelagt av Vang kommune. Denne strekninga er no verna gjennom Nasjonal transportplan.



**Figur 79.** Strekninga Kyrkjestølen–Maristøga er verna gjennom Nasjonal transportplan. Foto: Sverre Hjørnevik



Heile strekninga var ferdig tilrettelagt i 2017. Vegen er bunden saman med Kvamskleive på austsida av Vangsmjøsa og går opp i Nerre Dalen. Strekninga frå Nerre Dalen til Varpe bru er den som i dag er i dårlegast stand, med fleire øydelagde steinsette stikkrenner.



**Figur 80.** På vegen frå Nerre Dalen til Varpe bru har fleire av stikkrennene kollapsa. Foto: Katharina Sparstad

Vegen langs Strøndafjorden følgjer stadvis Vestsidevegen. Der han tek av, kan ein tydeleg sjå «det franske prinsipp».



**Figur 81.** Kongevegen går til høgre i biletet og syner godt «det franske prinsipp» med rettlinja veg. Her ved Øygardsjordet på veg mot Hermundstad. Foto: Anders Beer Wilse, 1907.

Vegen over Øygardsjordet er broten av nye bygg, men i 2016 vart det tilrettelagt slik at vegen gjennomgåande er gangbar. På strekninga langst Strøndafjorden vart det «attfunne» ein attgrodd bit av Kongevegen. Denne er no tilrettelagt med støtte frå Valdres Natur- og Kulturpark og Sparebankstiftelsen DNB.



**Figur 82.** Tiltak for å knyte vegen saman ved Strøndafjorden og Øygardsjordet. Tiltaka vart finansiert av Sparebankstiftelsen DNB og organisert av Valdres Natur- og Kulturpark. Foto: Katharina Sparstad


Strekninga frå Hermundstad og nordover går på vestsida av Begna. Strekinga blir nytta til lysløype om vinteren. Han er i brukbar stand, men flere stader er det stor fare for utgraving fordi grøfter og stikkrenner er kollapsa. Langs vegen finn ein nokre av dei eldste festa til telegrafstolpar, som no faktisk er sjeldne kulturminne.



**Figur 83.** Frå Øye til Varpe bru er vegen øydelagt av flaumvatn fleire stader. Foto: Katharina Sparstad

Det er utarbeidd ein skjøtelsplan for forslag til tiltak for strekinga.

Vidare ovenfor Varpe bru vart det kartlagt skadeomfang og igangsett restaureringstiltak i 2017 av Stibbyggjaren AS i regi av Statens Vegvesen.



**Figur 84.** Kartlegging av tiltak frå Varpe bru til Tyinkrysset. Tiltaka vart utført av «Stibbyggjaren AS» ved Geir Vetti



**Figur 85.** Sjerpaer frå Nepal har god erfaring med steinmuring og vart nytta i restaureringsarbeidet. Foto: Stibbyggjaren ved Geir Vetti

Under oppgradering av E16 vart det gjort tilpassingar som knyter vegen saman med strekket vidare opp Tyinkrysset og Filefjell.



**Figur 86.** Kulturminne langs vegen: Skålgropstein med holrom under og dei eldste oppmura stolpefesta. Foto: Katharina Sparstad

Frå Tyinkryssset går vegen langs Otrøvatn og vidare langs E16 til Kyrkjestølen. Her ligg tufter etter stavkyrkja som vart riven i 1808. Ei ny kyrkje vart sett opp i 1971. På Kyrkjestølen er det fleire kulturminne som er knytt til stølsdrifta på staden.



**Figur 87.** Kulturminnetavle fortel om Kongevegen og skysstasjonen på Nystøga. Foto: jan Adriansen

### Objekt til kart



**Figur 88.** Heile strekninga gjennom Vang. Dagens tilrettelagde kongeveg er merkt med blått, raude strekningar ligg inne i Arealplan for Vang som omsynssone kulturminne. Ved Otrøvatn er det omsynssone kulturminne knytt til jarnvinneanlegg og kulturstig, i Øye og Høre er omsynssona knytt til stavkyrkjene i Arealplan for Vang kommune.

### Verdisetting

1

#### Grunngjeving for verdisetting

Den bergenske kongevegen gjennom Vang er godt bevart med tanke på at han ikkje lenger er i bruk som veg. Vegen syner ein viktig del av Noregs veghistorie og vegarkitektur, og er svært godt eigna som opplevingsprodukt for reiseliv og vandreturisme, for fysisk aktivitet og folkehelse og undervisning. Vegen har Europa Nostra sin kulturminnepris, og dette forsterkar det vi allereie veit om kor stor verdi dette kulturminnet har.

## Forslag til forvaltning

### Spesielle omsyn:

På strekninga Kyrkjestølen–Maristøga skal det takast omsyn som er definert i vernegrnlaget. Generelt kan vi seie at det viktigaste er å ta vare på og sette i stand vegen til opphavleg tilstand. Når det gjeld bruk og tilrettelegging, er det viktig at det blir teke omsyn til:

- at vegen i hovudsak ligg på privat grunn. Det er viktig at alle fysiske tiltak på vegen skjer i dialog med grunneigarar.
- tolegrense og belastning på stikkrenner og vegdekke. Der det av ulike årsaker, som til dømes tømmeruttak, slått og rydding, må nyttast tunge maskiner i vårløysinga, bør tømmer takast ut medan det er tele i bakken.
- at grøfter ikkje blir tetta av kvist og organisk avfall frå ryddetiltak.
- forsøpling og slitasje. All tilrettelegging av ferdsel skal vere slik at parkering, sanitærtilhøve og søppelhandtering er lett å ta i bruk for turgåarane.
- vegetasjon. Skjøtselen skal skje med omsyn til kulturminne, og på vegetasjonsfagleg grunnlag. Det er utarbeidd ein skjøtselsplan for Kongevegen over Filefjell som skal nyttast som grunnlag for skjøtsel.
- plante- og dyreliv kring vegen.

**Bruk:** Vegen er primært ein vandreveg. Strekingar som er oppgradert til sykkel og større køyretøy, skal kunne nyttast til det føremålet.

**Hovudmål:** Vegen skal vere ei av dei beste og mest kjende turopplevingane i Noreg. Ein skal sette i stand, skjøtte og auke verdiskaping knytt til vegen.

### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Istandsetting veg	Restaurere grøfter og stikkrenner	Planlegge og gjennomføre istandsettingstiltak som er definert i skjøtselsplan	Kommunen	SVV, Norsk Kulturminnefond, Sparebankstiftelsen
Vedlikehalde vegdekke	Slått og vegetasjonsskjøtsel	Slått og rydding etter lauvsprett	Kommune	Kommune
Hindre erosjon og utgraving	Opne vegflater og grøfter	Fjerne kvist frå veg og grøfter	Grunneigar	Kommune, løypelag, grunneigar
Tilrettelegging med økologisk innsikt	Framheve biologiske kvalitetar	Følgje rettleiinga i skjøtselsplanen	Kommune	Kommune
Vegen skal vere ei nasjonal vandreoppleving	Bygge gode vertskap Marknadsføre	Ambassadør- og vertskapkurs Marknadsføring	Bedrifter Visit S&F VisitValdres	Bedrifter, Visit S&F, VisitValdres, fylke, Innovasjon Norge
Tilrettelegging og tilbod skal ha beste kvalitet	Gje gode opplevingar på alle nivå	Årleg gjennomgang av skilt og informasjon ute og på nett Infrastruktur og logistikk	Kommune Visit S&F VisitValdres Bedrifter	Kommunen, Visit S&F, VisitValdres, Bedrifter, fylke
Auka verdiskaping for lokalsamfunnet	Styrke næringslivet langs vegen	Bedriftsutvikling, pakking og sal	Bedrifter Næringsf.	Bedrifter Innovasjon Norge
Verdiskapinga skal bygge på lokal kultur og tradisjon	Bygge konsept på lokalhistorie og mattradisjonar	Gaiding, forteljingar og lokalmatmeny	Bedrifter	Bedrifter, Innovasjon Norge

### Oppfølgingsansvar

Vang kommune, Statens vegvesen, Kongevegbedrifter

## 4 Øylo Skysstasjon

Garden Øylo med Øylo gjestgiveri ligg langs Den bergenske kongevegen, som no ligg under E16. Til garden og bygningane knyter det seg ei lang og særige historie.



**Figur 89.** Øylo var i bruk som skysstasjon i første halvdel av 1800-talet. Sjølve hotellet vart utbygd i 1884, så dette biletet er teke etter den tid. Foto: Knutsen. (Frå Hvattum, Harald 1993)



**Figur 90.** Tunet på Øylo sett frå aust før gjestgjevargarden vart bygd om i 1884. Frå Valdres bygdebok 1 A. Foto: K. Knutsen



**Figur 91.** Kongevegen og Øylo. Biletet er teke før gjestgjevargarden vart bygd om i 1884. Foto: K. Knudsen/Norsk folkemuseum

Øylo har også vore eit ynda motiv for ulike målarar. Bileta fortel mykje om bruken av området og garden for om lag 200 år sidan. På biletet nedanfor kan vi sjå at det var mykje sengetøy i sirkulasjon. Biletet syner også restar av bygningane på husmannsplassen litt sør for tunet.




**Figur 92.** Måleri, «Høstlandskap, Øylo» av Gerhard Munthe frå 1879. Nasjonalmuseet



**Figur 93.** Flintoe slik han opplevde landskapet ved Øylo på reisa si i 1814. Bilete: Norsk Folkemuseum

### **Brukshistorikk**

Øylo er truleg ein av dei eldste gardane i Vang. Garden var øydegard under svartedauden i 1349, og låg ei tid under prestegarden i Vang. Skriftlege kjelder tyder på at det har vore to husmannsplassar under Øylo. Til garden høyrer også Hugastølen. Mykje av jorda på garden vart dyrka opp etter 1900, då det vart 80 daa fulldyrka og 150 daa anna jordbruksareal. Alle bygga er frå 1800–1900-talet, der låven er det nyaste bygget på tunet.



**Figur 94.** Låven er sett opp etter hotellet i 1884 og var ganske ny då dette biletet vart teke i 1910. Foto: Normann /Vang historiske biletsamling





**Figur 95.** Låven 2017. Her er det båsrom til 22 hestar.

Då Den bergenske kongevegen i 1808 vart flytta frå Høre og Remmen og skulle gå frå Ryfoss langs Begna og vidare opp Kvamskleive, vart Øylo ein naturleg stopp på vegen. Talet på reisande auka, og det vart naudsynt å organisere overnatting med eiga skysslov, som kom i 1816. Skysstasjonane var knytt til gardar som låg strategisk til og hadde kapasitet. Då den nye lova kom, var Øylo allereie registrert i bruk som skysstasjon. I 1821 gjekk Øylo over frå å vere statsstødd skysstasjon til å bli vanleg gjestgjevargard. Øylo fungerte som skysstasjon og gjestgjevargard gjennom heile 1800-talet (Hvattum, Harald, 1993).

I 1884 vart gjestgjevargarden bygd ut til hotell. Den gamle bygnaden vart då bygd inn i hotellet. Etter 1940 vart hotelldrifta nedtrappa.

Det var postopneri her i 1908. Dette vart flytta til Hemsingsundet i 1950. Det har også vore telegrafstasjon her fram til 1950.



**Figur 96.** I stova var det postopneri og telegraf til midten av 1900-talet

I dag står husa i Øylo ubrukte, med unntak av hovudbygningen, som tidvis, og i liten grad, blir nytta til selskap.

Det er elles ei merkt vandrerrute frå Øylo til Hugakollen, ned bufarsvegen og tilbake langs Den bergenske kongevegen frå 1808.



**Figur 97.** Rute frå Valdrestur.com til venstre. Til høgre historisk bilete med ordførar Kristoffer Lerhol på veg heim frå møte i fylkestinget. Foto: Ukjend / Vang historiske biletsamling

## Registreringar

### Tunet

Tunet er i utgangspunktet eit firkanttun og består av ni hus med ulike funksjonar: gjestgjevarhus, buahus, stove, bu, vedskåle/eldhus, smie, uthus, låve og småfefjøs. Eigaren har gjennomført ein del strakstiltak for bygga slik at bygningsmassen er i rimeleg bra tilstand. På gjestgjevargarden er det lagt nytt takdekke i Valdes-shingel. Alle husa treng restaurering i ulike grad. Dette er nærmare omtala i eigne rapportar frå Valdresmusea.

Hotellet vart utbygd i sveitsarstil i 1884. Inne i hotellet er det meste inventaret autentisk, og dei gamle vedkomfyrane står framleis. Spesielt er det at kjente kunstnarar har måla bilete direkte på veggen fleire stader.



**Figur 98.** Gjestgjevarhuset vart ombygd til hotell i 1884. Den gamle stova er bygd inn hotellet. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 99.** Detaljar frå hotellet (venstre) og bua (høgre) Foto: Nils Indrehus



**Figur 100.** Småfeffjøset med påbygg mot sør (til venstre). Låvebrua (til høgre). Foto: Katharina Sparstad



**Figur 101.** Stova sett frå aust. Foto: Katharina Sparstad

Bua på Øylo har ein del røteskadar og skal etter planen restaurerast. I samband med dette er det utarbeidd ein eigen tiltaksplan for bygget.



**Figur 102.** Bua har ein del røteskadar og skal etter planen restaurerast. Foto: Odd Arne Rudi, Valdresmusea



**Figur 103.** Mykje av det gamle inventaret i buahuset er intakt

I samband med restaurering av husa skal det utarbeidast eigne tilstands- og tiltaksplanar, og dei skal nyttast som grunnlag for vurdering av tilstand og tiltak.

#### **Andre registreringar**

Sør for tunet ligg restar av ein husmannsplass med rydningsrøyser, tufter og steingardar. Rett vest for tunet ligg eit gravfelt med minst sju–åtte gravrøyser, rydningsrøyser, åkrar og åkerreiner, vegstubb og varp. Det er også funne ei stridsøks i området.



**Figur 104.** Området med husmannsplass sør for tunet. Frå [ra.asketadden.no](http://ra.asketadden.no). Til høgre: Jarnalderrøys. Stein frå nyare tid er lagt oppå røysa. Foto: Katharina Sparstad

Ved tunet er det også registrert ein bærhage.




**Figur 105.** Gardshagen ligg i overkant av tunet. Foto: Katharina Sparstad


I samband med utviding av E16 vart det i 2013 avdekt eit forhistorisk (jarn- mellomalder) busettingsområde rett nord for tunet. Her vart det mellom anna avdekt tufter, smieplass, eldstader og kokegroper. Litt lenger nord, på nordsida av vassdraget, er det registrert ein steinalderbuplass (sjå figur nedanfor).

I lauvskogen ovanfor Øylo er det registrert leveområde for den raudlista dvergspetten. Nærare Øyloberget er det også innslag av edellauskog

### Objekt til kart



Figur 106. Alle registreringar i området til venstre og sjølvje tunet til høgre. Frå ra.askeladden.no



Figur 107. Forslag til avgrensing av område

### Verdisetting

Tunet er gjeve verdi 1 for Vang kommune.

## Grunngeving for verdisetting

Både den eldre historia og historia som knyter seg til vegtrafikk og skystasjonar i Vang og Valdres, er særst interessant på Øylo. Skysstrafikken i seg sjølv er ein spanande del av norsk historie. Den fortel noko om veghistoria og folka som nytta vegen. Vegen bringa folk frå nabokommunar, byane og det store utland, alle med kvar si personlege historie. Det er ikkje gjort særlege endringar i bygningane, noko som gjer staden til ein av dei mest autentiske skystasjonane i landet. Det meste av inventaret er intakt, og det inkluderer verdifulle og historiske gjenstandar og veggmåleri.

## Forslag til forvaltning

Øylo ligg svært godt plassert med tanke på reiseliv og formidling. Det ligg tett ved E16, samstundes som det ligg uforstyrta i høve til naboar.

### Spesielle omsyn:

- Tiltak på bygg bør ta omsyn til alle utviklingstrekk slik at reiselivshistoria blir teken vare på.
- Sidan Øylo er eit kulturminne av nasjonal interesse, bør alle tiltak vere ei felles satsing og samfinansiering mellom private og offentlege aktørar. Det skal ikkje planleggjast tiltak utan eigars samtykke og sikra finansiering
- Øylo ligg lett synleg frå veg og kan fungere som utstillingsvindaug for lokal kultur-, reiselivs- og samferdslehistorie. Tilboda bør ha høg kvalitet og baserast på lokale tradisjonar og kultur.
- Kring Øylo er det eit flott, men sterkt attgroande kulturlandskap. Dette bør restaurerast og haldast i hevd.
- Det knyter seg også automatisk freda kulturminne til staden. Tilrettelegging og andre tiltak knytt til desse skal skje i samråd med kulturminneforvaltninga.
- Øylo ligg tett ved ein edellauvskog og er leveområde for den utryddingstruga dvergspetten. Det bør derfor takast omsyn til det når det gjeld tiltak som påverkar skogen ovanfor tunet.

### Bruk:

- Øylo skystasjon har samband med Kongevegen og aust-vestsambandet gjennom Valdres. Øylo kan bli eit naturleg stopp-punkt for folk som går Kongevegen over Filefjell. Staden ligg godt til rette for å ta imot besøk, formidle historia og fungere som utstillingsrom for samferdsle- og reiselivshistoria i Vang og Valdres.
- Det er tre hus som etter istandsetting er godt eigna for overnatting.
- Området ligg godt til rette for kulturhistorisk vandring kring garden og større vandrerunde til Hugastølen og Hugakollen.

### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygningane	Utarbeide tiltaksplanar	Søke midlar og sette i gang tiltak etter prioriteringar i plan	Eigar	Kulturminnefondet, kommunen, SVV Uni-stiftinga
Ta vare på kulturlandskapet	Utarbeide skjøtselsplan	Restaurere og skjøtte landskapet	Eigar	Kulturminnefondet, SMIL, Uni-stiftinga
Ta vare på historia		Utarbeide info	Eigar	Sparebankstiftinga
Auke verdiskapinga på staden	Etablere næringsverksemd	Overnatting, bevertning, gaiding	Eigar	Innovasjon Norge Kommunen

## Oppfølgingsansvar


Eigar/foreining/stifting

## 5 Bekkekvernene ved Leineåne

Langs Leineåne, om lag 200 meter frå utløpet, ligg det seks bekkekverner. Kvernhusa høyrer til Vennisgardane, eitt til Sparstad, eitt til Hamre, eitt til Sørre Nordland og tre til Leine. Der er òg ei kverntuft som høyrer til Nørre Nordland. Kvernehusa ligg ovanfor og nedanfor Vennisvegen. Kring dei kvernhusa som ligg på oversida av vegen, ligg ei omsynssone C i kommuneplanen.



**Figur 108.** Kart som syner avgrensinga i kommuneplanen, arealdelen. Flyfoto til høgre syner kor kvernhusa ligg. Frå valdreskart.no og norgebilder.no



**Figur 109.** Namn på dei ulike delane. Teikning: Steinar Gjevre

Ei bekkekvern er driven av vasskraft frå ein kvernkall. Sjølve kverna er montert i eit kvernhus. Kverna består av to kvernsteinar, ein over- og ein understein, montert i ein benk. Understeinen er fast montert i benken. Oversteinen er direkte knytt til kvernkallen, som er montert på ein loddrett aksel rett under kverna. Med akselen blir oversteinen lyfta litt opp og sett i rotasjon.

Ofte vart kvernhuset sett på steinar over ein bekk, ei lita elv eller over eit mindre sideløp av ei større elv. Ein foss kunne gje plass til mange bekkekverner, dei kunne stå på rad og rekkje nedover. Bekkekverna vart gjerne nytta vår og haust når det var størst vassføring. Vatnet vart leidd mot kvernkallen i ei renne av tre. Vatnet vart demt opp ovanfor kvernhusa, og vart sleppt ned i renner når kverna skulle nyttast.





**Figur 110.** Vassrenne på kvernkall. Foto: Tanaquil Enzensberger

### **Brukshistorikk**

Dei fyrste bekkkvernene i Valdres vart truleg bygd på 1200-talet, og er nemnt i rettsreferat frå 1334. Det var vanleg at kvar gard som rådde over eit vassfall, hadde si eiga kvern. Til kvernhuset høyrde oftast ei «turrstøge» (til turking av korn). Det vanlege var å male korn vår og haust.

I 1729 var det 79 kverner i Vang. I 1919 var 16 av dei att. Gardskvernene vart fyrst og fremst nedlagt fordi dei ikkje kunne male mjølet fint nok. Mot slutten av 1800-talet vart det bygd større, konsesjonspliktige møller som kunne male kornet i fleire kvalitetar. Men det synt seg vanskeleg å få bøndene til å frakte kornet til dei større anlegga, ettersom dette tok tid og kosta pengar. Ikkje før korntrygdelova vart innført i 1929, byrja bøndene å bruke dei nye møllene i større grad. Korntrygdelova sytte for eit tilskot til dei som mol kornet sitt ved ei mølle som var godkjent av Landbruksdepartementet. Det var ikkje vanleg at gardskverner vart godkjent som møller slik ei mølle var definert i lova. Fram mot 1940 vart det derfor vanleg å nytte desse kvernene berre for å male malt til øl og korn til dyrefôr. Alle gardane på Vennis hadde kvernene sine ved Leine. Sparstadkverna vart truleg bygd før år 1800. Dei andre kvernene vart reist eller gjenreist etter 1860, da eit stort ras feia vekk mange av husa på Leine. Tuna på Nørre Leine og Vangen vart så øydelagt at dei vart flytta til der dei ligg i dag.



**Figur 111.** Kvernhuset i bruk (til venstre) og kvernhus med kvernkallen til høgre. Foto: Tanaquil Enzensberger

På nordsida av Leineåne, rett ved demninga som matar bekkekvernene, ligg ei anna kverntuft med ein stor kvernstein. I berget ovanfor er det hogd inn ei renne som skulle leie vatnet fram til kverna. Denne kverna var større enn dei andre, og her mol Sørre Leine kornet for andre (som einaste i Vang i 1723).

I dag blir fem av dei seks kvernene haldne ved like etter ei samarbeidsavtale mellom Vang kommune og eigarane, medan kverna til Sørre Leine er fullrestaurert av eigaren sjølv. Eit av kvernhusa i omsynsområdet er fullrestaurert med kvernkall og kvernsteinar og blir nytta til demonstrasjonar.

Kvernene er flittig besøkt i sumarmånadane, og ofte kjem det fleire busser samtidig. Stigane oppover langs elva ovanfor kvernhusa er også flittig brukt. På fine sommardagar er dette eit fantastisk badeområde.

Areala på nedsida av Vennisvegen har vore nytta til åker, slåttemark og beiting, og dessutan som buplass. Også areala på oversida av vegen blir i dag nytta til beiting.

## **Registreringar**

### ***Kvernhus, anlegg og kvernhustuffer***

Det er til saman fire kvernhus innanfor omsynssona til Vang kommune. I tillegg ligg eit kvernhus til 57/3 på nedsida av Vennisvegen som er foreslått i utvida sone. Ei tuft frå ei lita mølle under 56/1 ligg på sørsida av elva med kvernstein og vassrenne i berget. Alle kvernhusa har vassrenner, og ovanfor kvernhusa ligg ei demning (kverndam). Bygga er ikkje SEFRAK-registrert.



**Figur 112.** Vassrenne. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 113.** Demning (til venstre) overfor kvernhusa. Biletet til høgre syner strakstiltak mot utgliding. Foto: Katharina Sparstad

I elveleiet ved kvernene ligg fleire jettegryter. Ved Vangsmjøse like nedanfor kvernene ligg Leinesanden, der segna seier at Olav den heilage gjorde eit forsøk på å kristne vangsgjeldingane. Fleire av bygga treng istandsetting, og eit av bygga var i ferd med å reise ut i Leineåne før det vart sett i gang strakstiltak.

#### Andre kulturminne i og kring området

På nedsida av Vennisvegen og sørsida av elva er naturtypelokaliteten Gammalgarin med den utvalde naturtypen slåttemark registrert i naturtypedatabasen Naturbase. Berre ein del av denne teigen ved elva er foreslått med i kulturminneplanen. Slåtteeinga har verdstatus som svært viktig (A). Verdisettinga er gitt på grunnlag av utryddingstruga beitemarksopp. Kring teigen ligg ein steingard, og om lag midt i teigen ei tuft. Her skal det ha budd ein kar kalla *Tørris i Gara*, og rundt 1830 var det potetåker her. *Tørris i Gara* skal ha vore med på å bygge låven på Nørre Leine. Då var *Tørris* ein gamal mann. Under andre verdskrig vart det gravlagt ein hest i tufta. Teigen vart brukt til kalvekve og haustbeite med mjølkeplass for kyrne fyrste natta dei kom heim frå stølen fram til om lag 1920. (Dette var vanleg så lenge det ikkje var fjøs på stølane, så overgangen til heimebakkane ikkje vart for brå). Seinare vart det hestebeite fram til 1980-åra. Sørsida av steingarden blei teken ned og brukt til brua ved Oldrebekken i 1926 (Sparstad 1998).




**Figur 114.** Lokalitetar med biologisk mangfald og andre kulturminne i tilgrensande område. Til venstre, raud skravering: Svært viktig slåttemark. I midten, grøn skravur: Svært viktig bekkekløft og bergvegg. Raud skravur: viktig open kalkmark. Til høgre: Registrert tuft innanfor området og restar av gamle Leine-tun før flaumen i 1860. Frå naturbase.no og ra.askeladden.no

På oversida av vegen langs både sider av elva er det registrert eit større område av naturtypen bekkekløft og bergvegg. Området er vurdert som svært viktig (A) med den grunngevinga at det inneheld ei rekkje krevjande og sjeldne lav- og moseartar og dessutan hengepiggfrø (NT). Dette feltet strekker seg heilt opp til Lisete. Innanfor bekkekløfta ligg eit mindre område ovanfor dammen og på austsida av elva, registrert som regionalt verdifull (B) open kalkmark. Lokalitetane på oversida av elva er registrert i samband med konsekvensutgreiing av Ylja kraftverk på oppdrag av *Forengen til Begnavassdragets Regulering* i 2014 (Larsen, B. H. & Gaarder, G 2014).

Heile området, også heilt innpå kvernhusa, er i dag ferd med å gro att med kratt og buskas. Mykje av omsynssona var open beitebakke heilt fram til 1990-talet. I dag er det så få husdyr att i Vennisgrenda at det ikkje er nok til å halde areala ved like.

### Objekt til kart

Omsynssone i Vang kommune arealplan er vist som raudt. Forslag til utvida område med den femte bekkekverna på nedsida av vegen (blå skravur). Kulturminneplanen føreslår at Vang kommune i den nye arealplanen utvidar omsynssona slik at også heile kverndammen kjem med.



**Figur 115.** Dagens omsynssone i raudt, og med forslag til utviding i blå skravur. Den blå lina er bufarsvegen frå Leine til Sanddalen. Det nedste kvernhuset ligg nedanfor Vennisvegen og omsynssona i arealplanen. Foto: Katharina Sparstad

### Verdisetting

Kvernhusa ved Leineåne er så viktige kulturminne i Vang kommune at dei må gjevast høgste Verdisetting, Verdisetting 1.

### Grunngjeving for verdisetting

Tradisjon for å nytte bekkekverner kan dokumenterast attende til mellomalderen. Ved Leineåne er det heile fem ståande kvernhus og to tufter etter kvernhus innanfor eit avgrensa område. Kvernhusa fortel også noko om eit egalitært samfunn og naturalhushald.

### Forslag til forvaltning

Kvernhusa er ikkje formelt freda, men i 1965 blei det inngått ei tinglyst vedlikehaldsavtale mellom Valdres Folkemuseum, Vang kommune og kverneigarane. Vedlikehaldet vart dels finansiert av Statens kornforretning. Fram til 1996 var Valdres Folkemuseum ansvarleg for vedlikehaldet, medan Vang kommune stod for finansieringa. I 1996 vart avtala sagt opp munnleg av Valdres Folkemuseum.

Frå perioden 1990 vart eit lite område rundt bygningane bandlagt kring kvernhusa. Dette er markert som omsynssone C på gjeldande arealplan for Vang kommune, område 570\_6 med føremål :

«Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne, kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet blir oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.

For område som er markert med omsynssone, skal alle tiltak planleggast og vurderast ut ifrå eit generelt omsyn til dei registrerte verdiane i området før det blir avgjort om det omsøkte tiltaket kan gjennomførast, og kva for vilkår som ev. skal ligge til lokalisering og utforming.»

Vi foreslår her ei utviding av området slik at det også femner om det femte kvernhuset som ligg på nedsida av Vennisvegen (sjå kart på førre side).

Kvernhusa er løfta fram som sjåverdigheit av Vang kommune, Visit Valdres og reiselivet generelt. Kvernene er flittig besøkt i sumarmånadene, av og til med fleire bussar samtidig. Stigane oppover langs elva ovanfor kvernhusa er også flittig brukt, og kverndammen blir nytta som badeplass. Kvernhusa ligg også langs den tilrettelagde vandreruta for Kongevegen over Filefjell.

På staden er det sett opp toalett og søppelkasse som er oppsett av kommunen, ei informasjonstavle frå Statens vegvesen og ein benk knytt til vandrevegen for Kongevegen over Filefjell. Plakaten gir litt informasjon om kvernene, og andre viktige kulturminne og naturområde langs E16.

Grinda inn til kvernhusa på oversida av Vennisvegen er merkt med ein plakat som seier at grinda skal vere stengd på grunn av husdyr. Ein av bygningane har også påspikra ei A4-tavle som gjev meir informasjon om bygningane. Det er inga planmessig tilrettelegging for ferdsle.



**Figur 116.** Vatnet blir sleppt inn i renna ved at ein opnar stengselet. Foto: Tanaquil Enzensberger

### Spesielle omsyn:

**I nærmiljø:** Inngrep i dei kringliggjande områda vil verke negativt på opplevingsverdien av kvernhusa i sitt naturlege miljø.

**Husdyr:** Fire av kvernhusa ligg i eit beiteområde, slik at besøkande må gå gjennom ei grind. Sjølv om det er skilt på grinda, blir ho ofte ståande open. Det må vurderast om gjerdet og grinda er for låge.

**Slitasje:** Det er ikkje tilrettelagt stig for å leie publikum. Auka trafikk kan gje auka slitasje på vegetasjon og bygningar.

**Nærmiljø:** Dei besøkande beveger seg i stor radius rundt bygningane. Det er eit problem for dei næraste grunneigarane, som ofte får uønskt besøk heilt inn på tunet.

**Tryggleik:** Kvernhusa ligg tett ved elva, og elva kan gå stri i vårløysinga. Det er inga sikring mot elva.

**Bruk:** Kvernhusa skal takast vare på og haldast i stand. Kverner som er fullrestaurert, bør nyttast til demonstrasjon og undervisning.



figur 117. Publikum må gjennom grind og inn i beiteområde for å kome til vernhusa: Foto: Katharina Sparstad



Figur 118. Tilrettelegging på staden. Foto: Katharina Sparstad

## Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygga	Fagleg fundert plan for restaurering med vedlikehaldsplan Oppfølgingsavtale med kommunen	Restaurering etter plan Årleg oppsyn med rapportering og vedlikehald	Valdresmusea Vang kommune	Norsk kulturminnefond Vang kommune
Auke kunnskapen	Samordna og målretta formidling	Utarbeide og distribuere informasjon i samarbeid med fagmiljø Gaiding og undervisning	Vang kommune Visit Valdres Natur- og Kulturpark Outtt	Vang kommune Visit Valdres Vang historielag SLF
Auke opplevinga	Enkel plan for skjøtsel og tilrettelegging	Informasjon/ Gaiding Varsam rydding med omsyn til natur- og kulturlandskap	Kommunen	Kommunen Sparebankstiftinga
Omsyn til beitedyr	Brukarvenleg grindssystem Vurdere høgare dyreskilje	Skifte ut gjerde mot dei fire øvste kvernhusa. Montere sjølvlukande fjør på grind	Kommunen	Vang kommune SVV
Hindre slitasje	Styre publikum	Skilte	Kommunen	Kommunen Sparebankstiftinga

### *Oppfølgingsansvar*

Vang kommune i samarbeid med grunneigarar. I dag blir fem av dei seks kvernene vedlikehaldne i form av ei samarbeidsavtale mellom Vang kommune og eigarane, mens kverna til Sørre Leine blir vedlikehalden av eigaren sjølv.

## 6 Riddarberget

På høgda Riddarberget ligg restar av ei bygdeborg. Bygdeborgar som er undersøkt i Noreg, syner at dei er frå eldre jernalderen, perioden 300–550 år e.Kr.



Figur 119. Foto: Thor Østbye

### Brukshistorikk

Bygdeborgene vart nytta som tilhaldsstad under angrep. Borgene er nesten alltid lagt oppå stupbratte berg med godt utsyn. På den måten hadde høvdingen godt oversyn over ferdsel og varetransport. Inne i borga er det ofte ei kjelde, og i muren finst ei eller fleire port-opningar. Sjølv om ein ikkje har funne restar etter bygningar inne i borga, er det ikkje utenkjeleg at det har eksistert.

*Folkevandringstida* er eit omgrep som seier noko om hendingane i europeisk historie i denne tida då det skjedde massive folkeflyttingar. Ein reknar med at folkevandringane var ein av de viktigaste utløysande grunnane til at Vest-Romarriket fall. Før Noreg vart samla til eit rike, bestod landet vårt av fleire mindre, sjølvstendige einingar med såkalla høvdingdømme. I Europa var det også mange ulike folkeslag med eigne høvdingar. Ein trur at det var hunarane sine bevegelser i det austlege Europa, på 200–300-talet, som var hovudårsaka til folkevandringane. Dei viktigaste stammene blant germanarane som slo seg ned i eller på grensa av Romarriket, var gotarar, vandalar og frankarar, men andre folkeslag, både slaviske og keltiske, migrerte også i denne perioden. Samstundes var det ein pest i Europa som hadde om lag same omfang som svartedauden på 500-talet, som også kan ha bidrege til eller forsterka kulturell oppløysing.

Dei seinare åra er det lagt opp ein kulturstig i området som går innom bygdeborga. Det er også sett opp ein gapahuk og ei kvilebu i området.



Figur 120. På Riddarberget er ein kvilebu, og langs gangvegen på veg opp er ein gapahuk. Foto: Kari B. Wangenstein.



## Registreringar

Restane etter bygdeborgene minner i dag ikkje mykje om ei borg. Murane var berre bygd der terrenget ikkje gav vern nok i seg sjølv, og restane etter desse er ofte rasa saman og overgrodd. Dei låge murane gav ikkje nok vern, og svenske undersøkingar syner restar etter tømmerpalisadar som har hatt steinmuren som forankring. Enkelte borger hadde også tårn av treverk langs muren.

Bygdeborga er i dag synleg som tre murar, men stadvis er dei utrasa og attgrodd med mose. Den lengste muren er 27 meter lang, og byrjar på kanten av stupet. Den andre muren svingar rundt knausen mot ein ny fjellknaus. Den er om lag 15 meter. Denne muren er relativt godt bevart. Sør for knausen er ein tredje mur. Den strekker seg frå kanten av eit lite stup og er om lag 17 meter.

Nedanfor berget ligg mykje hovudstor stein som truleg har rasa ned frå borgmuren. Det skal ha vore funne ei vasskjelde innanfor området, men ho er ikkje funnen av arkeologar. Frå området går «den løynde gangen» ned til noko som skal ha vore stallar under berget.




Figur 121. Stallane. Foto: Thor Østbye



Figur 122. Riddarberget frå fly i 2011. Frå Norge i bilder/<https://www.norgeibilder.no/>

## Objekt til kart



Figur 123. Avgrensinga av området kring bygdeborga



Figur 124. Tilrettelagd kulturstig over Riddarberget. Kartet er utarbeidd av VNK og Visit Valdres

## Verdisetting

Bygdeborga i Høre er eit så viktig kulturminne i Vang kommune at ho må gjevast høgste verdi, 1.

### *Grunngjeving for verdisetting*

Bygdeborger er fysiske minne om ei sær viktig tid i Europas historie. I samband med Vest-Romariket fall var det svært mykje uro med store folkegrupper var på flukt/vandring. Bygdeborga viser med sitt nærvær at Vang var ein del av eit større kulturelt fellesskap. Restane etter bygdeborga på Riddarberget er relativt godt bevart og tyder på at borga har vore mektig. Staden betyr mykje for folk i Vang historisk og som turmål.

### *Forslag til forvaltning*

**Spesielle omsyn:** Steinane ligg på et sva, og det er viktig at dei ikkje blir flytta eller rasar ytterlegare. Vidare bør området og murane haldast opne. Bygdeborga ligg i privat skog, og all ferdsel skal ta omsyn til skogen og plante- og dyrelivet i området.

**Bruk:** Turmål, forteljning og oppleving.

**Hovudmål:** Det viktigaste er å ta vare på bygdeborga. Samstundes er det viktig å bevare historia om henne, og halde staden tilgjengeleg som turmål.

#### **Aktuelle tiltak**

<b>Mål</b>	<b>Strategi</b>	<b>Aktuelle tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Finansiering</b>
Minnet skal gje god oppleving	Tilgjenge	Skilting, parkering og informasjon	Vang kommune Visit Valdres	Vang kommune Sparebankstiftelsen Gjensidigestiftelsen
Minnet skal takast vare på	Rydding og sikring	Årleg ettersyn av tilstanden – eventuelt avtale med turlag eller grunneigar Rydding	Kommune Oppland fylkeskommune	Vang kommune
Historia om minnet skal takast vare på	Formidling	Tekst i Outtt Opplegg knytt til undervisning	Vang kommune Valdres Natur- og Kulturpark Historielaget	Vang kommune Valdres Natur- og Kulturpark

### *Oppfølgingsansvar*

Vang kommune

## 7 Skålgropfeltet ved Opdalsstølen

På Opdalsstølen ligg den største skålgrop-lokaliteten i Valdres med 12 felt. To av desse er lagt til rette for publikum. Frå stølsveg til tilrettelagd stein er det ein merkt og rydda kulturstig på om lag 50 meter. Dei to tilrettelagde steinane ligg på stølsvollen øvst på stigen.



Figur 125. Tilrettelagde skålgropsteinar ved Opdalsstølen

### Brukshistorikk

Området er eit stølsområde, Opdalsstølen under Opdals-gardane i Øvre Dalen. Kor lenge det har vore stølsdrift her, er uvisst, men skålgropene tyder på at det har vore svært lenge. Skålgropene er typiske «jordbruksristningar» og er sett i samband med husdyr- og beitebruk. Gropene har kanskje vore nytta i rituell samanheng og kan vere symbol på sol, astronomiske observasjonar, fruktbarheit eller kvinnelege kjønnsorgan. Kor lenge skålgropar har vore nytta i Noreg, veit vi ikkje, men ein reknar med at dei har vore i bruk frå yngre steinalder og fram til mellomalderen. Hovuddelen av skålgropene ser likevel ut til å vere frå bronsealderen.

Typisk for skålgropsteinar er at dei ligg på stader med vidt utsyn. Sjølv om dei finst i heile landet, skil Valdres og Sogn seg ut ved at skålgropene i hovudsak ligg i stølsområda.

Skålgropene ligg oftast i felt og då:

- i skålgropfelt i område med biletristningar
- i reine skålgropfelt
- i samband med gravplassar
- som berbare gropsteinar



Figur 126. Døme på tavler som er sett opp i området

I Valdres finst berre dei tre siste kategoriane (Sparstad, Katharina, 2000). Dei siste Opdalsstølane var i drift til 1980-talet, og i dag blir vollane tilfeldig beita av sau. I området er det tilrettelagt kulturstig med tilrettelegging med trapp knytt til to av steinane. Det er sett tre kulturminnetavler i området. Tilrettelegginga er utført av Oppland fylkeskommune som eit BARK-tiltak (eiga ordning for tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne). Det er utarbeidd skjøtelsplan med vedlikehaldsavtale for området. Området er nytta som feriestad for stølseigarar og folk som har fritidsbustader der. Det er ikkje lagt til rette frå veg og derfor også lite kjent for folk som ikkje er lokalkjent. Etter at E16 vart lagt om, vart parkeringa fjerna, slik at verken lokalkjende eller besøkjande kan parkere for å kome seg til Opdalsstølen.


I større samanheng har området kring Tyinkrysset vore i stor endring som ein konsekvens av at E16 fekk ny trasé mot tunellopninga, samstundes med at Tyin og Filefjell har vorte utvikla som vinterdestinasjonsområde. Det er nettopp i denne samanhengen at det er aktuelt å gjere området meir tilgjengeleg enn det det er i dag.



Figur 127. Flyfoto frå 2015 syner stor aktivitet knytt til vegbygging ved Tyinkrysset rett sør for Opdalsstølen. Frå [norgebilder.no](http://norgebilder.no)


### Registreringar

Samla tal på groper på Opdalsstølen er ikkje sikkert, men det er minst 50 groper fordelt på 12 steinar.



Figur 128. Skålgroper. Foto: Kari Møyner (til venstre) og Katharina Sparstad (til høgre)


Kring Opdalsstølen og området for tilrettelegging er det mange spor knytt til jernalderen. Det ser ut til at det har vore stor aktivitet knytt til jarnutvinning. I samband med undersøkingar av området Høgeset–Skørnøse vest for Opdalsstølen vart det i 2012 avdekt mange kolgroper, tufter og jarnvinner frå jernalderen. Det vart også avdekt ein kløvveg som truleg er nytta til å frakte jarn vestover. Funn med metalldetektor syntte hesteskosaum, spikar, jarn og slaggl langs vegen.



**Figur 129.** Vest for Opdalsstølen ligg ein jernalderveg (sjå bilete til venstre), fleire hustufter, jarnvinner og kolgroper. Fleire tufter vart utgravne kring 1940. Frå Foto: A. Helmen 1940 (Oppland fylkeskommune 2012). Kartet til høgre syner omsynssona øvst til høgre saman med jernalderveg (rosa) og Kongevegen (blå) og sambandet mellom desse.

### Objekt til kart

Området med skålgropssteinar er freda. I denne planen er det lagt opp til ei mindre sone for sjølv tilrettelegginga knytt til skjøtselsavtale med Oppland fylkeskommune, Vang kommune, grunneigarar og Valdres Natur- og Kulturpark.



**Figur 130.** Områdeavgrensing i kulturminneplanen i blå skravur til høgre. Kulturstigen opp er med i avgrensinga. Kartet til venstre syner avgrensinga i skjøtselsplanen. Avgrensinga (grå line) er feil i høve til skiltplassering, klopp og kulturstig, som startar lenger sørvest. Rett avgrensing går fram av kart til høgre. Nedanfor området har det tidlegare vore parkeringsplass, men denne vart fjerna då ny E16 vart flytta.

## Verdisetting

Skålgropfeltet er eit så viktig kulturminne i Vang kommune at det må gjevast høgste verdital 1.

## Grunngjeving for verdisetting

Feltet på Opdalsstølen er det største i Valdres. Det ligg karakteristisk solvendt i lågalpin sone med groper fordelt på 12 store steinblokker. Som største felt i Valdres er det gjeve høgaste verdivurdering.

## Forslag til forvaltning

Området er tilrettelagt på staden, og det ligg også føre ei eiga skjøtselsavtale mellom Oppland fylkeskommune, Vang kommune og Valdres Natur- og Kulturpark. Dette fungerer for skjøtsel og vedlikehald så lenge avtala blir følgt. Avtala vart utarbeidd i 2009 og gjeld i ti år. Ho må difor reviderast i 2019.

Her frå gjeldande samarbeidsavtale:

### Ansvar og arbeidsdeling

Oppland fylkeskommune har det faglege ansvaret etter forskrift om fagleg og geografisk ansvarsfordeling av 9. februar 1979 etter «Lov om kulturminner», seinast med endring av 29. mai 2000.

Oppland fylkeskommune er ansvarleg for utarbeiding av skjøtselsplan og utforming av skilt. Fylkeskommunen skal gi grunneigar naudsynt fagleg rettleiing om vedtak i kulturminnelova.

Valdres natur- og kulturpark og Oppland fylkeskommune skal administrere og leie arbeidet av første gongs tiltak. Valdres natur- og kulturpark skal elles stå for den praktiske gjennomføringa i samsvar med skjøtselsplanen. Fylkeskommunen skal haldast løpande orientert om framdrift og avgjerder som blir tatt.

Valdres natur- og kulturpark har vidare ansvaret for oppfølging etter første gongs tiltak/skjøtsel. Dette inneber ansvar for å utføre skjøtsel i samsvar med vedlagte tiltak og skjøtselsplan av 25.05.09.

Grunneigar godtek at området som er vist på vedlagte kart, blir tilrettelagt i samsvar med skjøtselsplanen.

### Kostnader og finansiering

Valdres natur- og kulturpark har det økonomiske ansvaret for gjennomføringa av skjøtselsplanen i avtaleperioden. Kostnadene blir dekte av Vang kommune, Valdres natur- og kulturpark og Oppland fylkeskommune.

Oppland fylkeskommune vil bere kostnadene med utarbeiding av skjøtselsplan og avtale og kostnader med informasjonsskilt. Oppland fylkeskommune vil også finansiere førstegongs tiltak ved/på skålgropsteinane som skal leggest til rette særskilt, jf skjøtselsplan.

Valdres natur- og kulturpark har det økonomiske ansvaret for drift.

Valdres natur- og kulturpark har rekneskapsansvar.

Vang kommune hjelper til med maskiner/utstyr dersom det trengst til tiltak med rydding av vegetasjon og andre tiltak.

Tilrettelegginga er lite kjent mellom anna fordi området ikkje er skilta frå veg. Det bør derfor leggest til rette med både parkering og skilt med kulturminnesymbol frå E16. Dette må skje i samarbeid med Oppland fylkeskommune og Statens vegvesen etter initiativ frå Vang kommune, grunneigarar eller Valdres Natur- og Kulturpark.

Det kan også vere aktuelt å legge til rette for ei større kulturvandring på jernaldervegen langs Bjørddøla. Dette må i så fall gjerast som eit samarbeid mellom Oppland fylkeskommune, kommunen og grunneigarane.

#### Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på det samla feltet. To steinblokker er tilrettelagt med trapp. Rekonstruksjonar skal vedlikehaldast, og området rundt dei tilrettelagde steinane med kulturstig bør haldast ope.

Samstundes ligg steinane midt i eit stølsområde, slik at det må takast omsyn til naboeigedommar, husdyr og beitebruk i området.

**Bruk:** Kulturstig, beiting og stølsdrift.

**Hovudmål:** Auka kunnskap om førhistoriske spor etter menneskeleg aktivitet

#### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på skålgropsteinane	Årleg ettersyn	Rutinar for rapportering	VNK Grunneigar	
Auka kunnskap om forhistoria	Informasjon	Tavler og digital info	OFK Kommunen VisitValdres	OFK Kommunen
Tilgjenge	Legge til rette frå E16	Skilting til kulturminne	OFK	Statens vegvesen
Tilgjenge	Legge til rette for bil	Etablere parkeringsplass	Kommunen OFK	Kommunen/ Vegvesen
Ta vare på kulturlandskapet		Sjå over / utføre skjøtsel om naudsynt	VNK	Kommunen OFK VNK

#### Oppfølgingsansvar

Fram til 2019: Valdres Natur- og Kulturpark

I denne planen har vi synt at skålgropfeltet ligg i eit område med andre kulturminne med jernalderveg og andre minne. Området har mange fritidsbustader, og det er svært aktuelt for meir tilrettelegging med aktivitetar.

Det bør derfor vurderast å knyte feltet på Opdalestølen til ei større opplevingsrute med jernalderveg, Kongevegen over Filefjell og andre stinett i eit større område, Filefjell med Børreølia og Otrøvatn/Smedalen. Her ligg ei rik historie som visast i tufter, spor etter jarnutvinning og ski-funnet frå vikingtid ved Otrøvatn.



## 8 Fangstanlegga ved Skræmetindane

Vang ligg heilt oppunder Jotunheimen, med høgaste fjelltopp Kalvehøgde på 2208 moh. Heile 90 % av Vang ligg over 900 moh., det vil seie i dei naturlege leveområda for rein. Derfor er det naturleg at vi finn mange spor etter reinsfangst i Vang. I Vangsfjella finst både fangstgroper (mest for elgfangst), reinsgraver med og utan leiegjerde og. Nokre stader finn vi bogastille saman med reinsgravene, andre stader ligg gravene i anlegg eller enkeltvis. Felles for graver, bogastille og anlegg er at dei er strategisk plassert i høve til trekkruiter og viktige passasjar. Fangstanlegg og bogastille var ofte i kombinasjon.



Figur 131. Bogastille ved Skræmetindane. Foto: Dag Nordsveen

### Brukshistorikk

Fram til 1891 var det villrein i alle Vangsfjell. Dyra var ein del av ein bestand som brukte det meste av alt høg fjell i Sør-Noreg sør for Gudbrandsdalen som trekkområde. Dyretalet i Vang kunne variere mykje frå år til år, men 26.6.1875 vart det sett heile 500 dyr i ein flokk ved Bygdin.

Eit bogastille (eller bogestille, bogastelle, bogahi) er som namna seier, ein plass der ein stiller seg med bogen for å skyte byttet. Ein reknar med at dei fleste bogastilla som fangstanlegg er frå merovingartid/vikingtid. Bogastilla er ofte hesteskoforma, men kan også vere V-forma, ovale, runde eller berre ha enkel steinlegging.



Figur 132. Bogastilla er ofte hesteskoforma. Foto: Thor Østbye

Dei ligg med mursida vendt mot reintrekk, ofte i skråningane ovanfor, for å gje skjul og godt sikte for bogeskyttaren. Dei kan ligge enkeltvis eller i samband med større anlegg med leiegjerde og dyregraver. Høgda varierer mellom 0,5 og 1,5 m, breidda kan vere mellom 1 og 3 m. Vanleg murbreidd kan vere mellom 0,5 og 1 m. Ein kan sjå for seg at namnet Skræmetindane kjem av at det der stod folk som dreiv reinen i retning bogehia, der folk låg klare med pil og boge. Bogastilla kom ut av bruk då børser og krut overtok jakta. I dag blir området brukt til småviltjakt og turområde.


Reinsfangsten i vikingtid/mellomalder ser ut til å ha vore svært omfattande, og det vart teke ut mange fleire dyr enn naudsynt med tanke på kjøt. Gevir og skinn var eksportvare, og ein reknar med at dette vart frakta ut og selt eller bytt mot varer utanfor Valdres. I Lærdal er det avdekt to salsstader, der den eine på Bjørkum syntre fleire tusen kam-emne frå rein. Truleg vart ein del frakta hit og foredla før det vart selt vidare.

I samband med kulturminnekartlegginga i Vang i 2000 er det registrert 26 godt bevarte bogastille sørvest for Skræmetindane/Blåe berge ved Herredalen. Her ser det ut til å vere tre ulike typar bogastille som skil seg klart frå kvarandre. I seinare tid er det kartlagt endå fleire bogastille og dyregraver i same området av Rune Vik og Endre Skavhaug Vik. Alle er lokalisert med GPS.




Figur 133. På dette biletet frå Skræmetindane ligg det 10 bogastille. Foto: Thor Østbye

### Objekt til kart



Figur 134. Område der det er registrert fangstinnreingar for rein. I raude område er det gjort registreringar. Kjelde: Endre Skavhaug Vik

Innanfor eit område under Skræmetindane er det gjort sær mange registreringar, dei fleste bogastille.



Figur 135. 46 lokaliserte bogastille o.a. under Skræmetindane. Kart til venstre: Endre Skavhaug Vik. Til Høgre: Stig frå Outtt.

### Verdisetting

Det store talet på bogastille er samla sett så viktige kulturminne i Vang kommune at dei må gjevast høgste verdital, 1.

### Grunngjeving for verdisetting

Bogastille finst i dei fleste fjellområda i Vang. Dette i seg sjølv fortel ei heilt spesiell historie om livsgrunnlaget til dei som har levd her før oss, og korleis dei nytta fjella. Ved Skræmetindane er det uvanleg mange bogastille. Her har fangsten involvert mange, og det har truleg vore naudsynt med godt organisert samarbeid for å lukkast. Tettleiken og omfanget gjer dette til eit område med høgaste verdi.

### Forslag til forvaltning

#### Spesielle omsyn:

Bogastilla ligg i eit alpint område med sårbar flora og fauna. Området er også aktuelt småviltområde. Auka ferdsel i området kan gje slitasje og uroe vilt.

**Bruk:** Området skal kunne nyttast slik det ligg i dag som tur- og jaktområde. I tillegg kan det nyttast til opplæring og pedagogiske føremål.

**Hovudmål:** Ta vare på bogastilla slik dei ligg, og formidle historia knytt til minna.

#### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på minna	Info	Ingen spesielle	Grunneigarar Vang kommune, OFK	
Formidle fangsthistoria	Info	Vidareutvikle Outtt og utarbeide informasjon	Vang kommune OFK	Vang kommune OFK

Det er her berre teke med eit område med bogastille kring temaet fangstkultur. Ved rullering bør ein vurdere nye område eller tema som til dømes fangstanlegg ved Belgen, fangstbuer og liknande.

### Oppfølgingsansvar

Vang kommune

## 9 Ridдарstøga på Leirhol

Garden Leirhol er ein av dei eldste gardane i Vang. Til garden knyter det seg særst mange kulturminne heilt frå det tidlegaste jordbruket.

### *Brukshistorikk*

Garden har vore særst viktig i mellomalderen. Sigvat Leirholar vart fødd på slutten av 1200-talet. Allereie som ung mann var han både sysselmann og dommar i Valdres og Hallingdal, og var riksråd under Håkon den 5. Magnusson i fyrste del av 1300-talet. I 1987 fekk Vang kommune godkjent våpenskjoldet hans som kommunevåpen, og på nordre Leirhol står framleis Ridдарstøga.



Figur 136. Ridдарstøga sett nedanfrå. Foto Thor Østbye

### **Sigvat av Leirholar**

Riddar Sigvat av Leirholar (1270–1340) var riksråd under kong Håkon V Magnusson (1299–1319). Han vart også kalla Sigvat av Kvien, ettersom han hadde tilhald der òg. Han var med i riksrådet og var med kongen til København i 1309 for å skrive under fredspakta med danskekongen. Dessutan var han sysselmann under kongen for Valdres og Hallingdal og ein mektig mann.

Sigvat er også kjent for Riddarspranget. Segna fortel at Sigvat hadde vore på friing i Gudbrandsdalen. Men riddaren Ivar Gjesling på Sandbu budde nærmare og henta Skorvangssola, som jenta vart kalla fordi ho var så vakker. Jenta likte nok best Sigvat, og då kallen på Sandbu var bortreist, kom det bod til Sigvat. Med nokre menn fór han over Valdresflye, brende Sandbu og «røva» jenta. Ved Riddarspranget over Sjoa var mennene til Ivar Gjesling berre nokre hestelengder bak jenterøvaren. Då tok Sigvat jenta i armane og hoppa over det nifse juvet. Mennene hans hoppa etter, men så vart

det sagt at råttassen Sigvat tok sistemann på spjutspissen og sende han i fossen for å vise korleis det ville gå med forfølgjarane om dei følgde etter. Til straff måtte han avstå Heimdalen og det fiskerike Heimdalsvatnet.

Sigvat vart kalla til dødsleiet til Håkon den 5. Magnusson i 1319. Men som skatteoppkrevjar for kongen i sitt område var han neppe høgt elska av undersåttane sine. Det blir sagt at han mista livet i eit bondeopprør kring 1340. Han vart gravlagd under golvet i Vang stavkyrkje. Det blå våpenskjoldet hans hang over gravstaden hans i mange hundre år – truleg til 1841 då stavkyrkja vart riven. I 1987 tok Vang kommune Sigvat sitt våpenskjold som kommunevåpen ([digitalmuseum.no](http://digitalmuseum.no)).

Bygget har fungert som gardsmuseum og er i dag lagerplass for gamle gjenstandar.


### Registreringar

Bygget Riddarstøga er eit toetasjes hus frå mellomalderen. Fyrste høgda i huset skal vere frå 1100–1200-talet, medan andre høgda truleg er frå omkring 1300 ([vang.kommune.no](http://vang.kommune.no)). Riddarstøga var eit av dei fyrste bustadhusa med to etasjar i Noreg ([digitalmuseum.no](http://digitalmuseum.no)).



Figur 137. Riddarstøga ligg på tunet hos eigaren av Nørre Leirhol, 62/1. Foto: Katharina Sparstad

### Objekt til kart



Figur 138. Riddarstøga ligg på Leirholstunet og er R-merkt. R-merkte felt søraust for tunet er gravminne.

Heile Leirhol er særst rikt på kulturminne, både frå jarnalder og nyare tid. Riddarstøga er markert som eit hus i kartet nedanfor.



Figur 139. Området kring Riddarstøga (til venstre) og Riddarstøga frå vest. Frå [ra.askeladden.no](http://ra.askeladden.no). Foto: Katharina Sparstad

### Verdisetting

Riddarstøga er ein viktig del av historia i Vang og har derfor verdi viktig, 2.

### Grunngjeving for verdisetting

Riddarstøga er frå mellomalderen og er det eldste bygget etter stavkyrkjene i Vang. Det er av dei eldste bustadene med to etasjar i Noreg, og har ei heilt spesiell historie knytt til Sigvat av Leirholar.

### Forslag til forvaltning

Bygget er freda og skal haldast i stand etter fredingsgrunnlaget. Det har mykje inventar av allmenn interesse og er godt eigna som gardsmuseum.

**Spesielle omsyn:** Omsyn skal takast etter føremål for fredinga. I tillegg skal det takast omsyn til uynskt merksemd og trafikk på tunet i samband med bygget, og til eigars økonomi når det gjeld istandsetjing.

**Bruk:** Fungerer som gardsmuseum/lagringsplass for gjenstandar som høyrer til bygget. Dersom eigaren ynskjer og har kapasitet, fungerer det som gardsmuseum.

**Hovudmål:** Ta vare på kulturminnet og historia om bygget og Sigvat av Lerholar.

### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygget	Restaurering og vedlikehaldsplan	Årleg vedlikehald og restaurering om naudsynt	Eigar	Riksantikvar Kulturminnefondet, eigar
Ta vare på historia	Auke kunnskapen	Utvikle informasjon og formidlingstiltak	Vang kommune	Vang kommune

### Oppfølgingsansvar

Eigar, Vang kommune

## 10 Jarnvinneanlegget ved Otrøvatn


Store delar av grunnen opp til 1000 meter ligg på mineralrik grunn og jarnhaldig morene. Samstundes er det gode vasstilgang når det gjeld både grunnvatn, kjelder og overflatevatn. Jarnrike myrar er lette å sjå ved at vass-siget er oljeaktig og raudleg, og at steinane i bekker og grunn får eit raudleg jarnbelegg. Kombinasjonen av vatn og mineral, då jern, gjev gode tilhøve for at jarnet blir felt ut i myrmalm. Finn du myrmalm, kan du smelte det om til jarn. Det er ulike teknikkar for å smelte ut jarnet. I samband med utbygging av Børrelia ved Otrøvatn vart det avdekt spor etter omfattande kolproduksjon og jarnutvinning. Teknikkane på Filefjell ser ut til å vere av ulike slag, med fellestrekk frå Hardangervidda og Dokkfløy (Tveten, Ole 2008).



**Figur 140.** I austenden av Otrøvatn har det vore omfattande jarnutvinning i mellomalderen. Foto: Katharina Sparstad

### Brukshistorikk

Jarn frå myrmalm er nytta frå byrjinga av vår tidsrekning fram til mellomalderen, då gruvedrift vart vanleg. Dei første hundre åra vart malmen smelta med ved. I vikingtida vart veden brent til kol som vart nytta til oppvarming. Med kol vart det ein høgare smeltetemperatur og reinare jarn. Det var omfattande jarnproduksjon i mellomalderen, og også i Smeddalen i Lærdal er det omfattande spor etter jarnutvinning. Mange meiner at stavkyrkja på Kyrkjestølen vart bygd fordi det var så stor aktivitet på Filefjell på den tida, og kan hende det store talet på kyrkjer i Valdres generelt var basert på ein viss velstand som vart bygd opp i Valdres på denne tida. Valdresjarnet var i gamal tid særleg kjent som ypparleg kvalitetssmjarn. Analysar av myrmalmsjarnet syner eit kolstoffinnhald (karbon) opp i 0,69 %. Dette kan ein få om ein smeltar jarnet med trekol og ikkje ved (Brøgger 1925). Få av tollrekneskapene frå dei austnorske byane er tekne vare på, så vi veit litt om kvar valdresjarnet tok vegen. Ein del jarn vart selt til utlandet, særleg England (Jacobsen 1997).




**Figur 141.** Prinsippskisse av jarnutvinning. Teikning etter Norsk Skogbruksmuseum. Illustrasjon: Jan Sparstad (Vang kommune 2000).

I mange nordboreale og subalpine vegetasjonssoner i Valdres finner vi kolgroper. Her vart ved brent til kol i kolgroper. Kolgropa hadde truleg ei ramme av treverk i botnen for å gje betre lufttilgang. Det vart så stabla bjørk eller furu i gropa til haugen ruva om lag 1 m over bakken. Haugen vart så dekt med jord. Kolet blir danna når det skjer ei ufullstendig forbrenning av ved. Veden blir varma opp til om lag 270 °C slik at vatn, oksygen og tjøre blir fjerna og veden blir omforma til 40 % karbon. I dag blir området nytta som rekreasjonsområde og kulturstig. Om vinteren går det skiløyper i området.

### Registreringar

I samband med utbygging av Børrelia og Gudbrandslia vart det registrert 17 jarnframstillingsanlegg og 80 kolgroper innanfor ein omkrins på 500 meter ved Otrøvatnet. I tillegg er det her registrert **fire** hustuffer frå merovingartid (550–800 etter vår tidsrekning), vikingtid og frå 1500–1600-talet. I tillegg vart det avdekt røsteplassar, malmlager, kollager og slagghaugar. Det meste av dette vart frigjeve til bygging, medan eit mindre område vart tilrettelagt som kulturstig (sjå markert område på kartet nedanfor). I området ligg også ein steinalderbuplass (Raude sanden).



**Figur 142.** Kulturminne registrert i enden av Otrøvatn (til venstre). Til høgre område for kulturstig. Frå skjutselplan, Oppland fylkeskommune

Området er rydda og tilrettelagt med kulturstig forbi hustuffer, kolgroper og jarnvinne. Stigen er stadvis kloppa med malmfuru, og bru er bygd over bekk. Ryddinga og tilrettelegging har vore eit samarbeid mellom Oppland fylkeskommune, Valdres Natur- og Kulturpark, Vang kommune og Jotunheimen eigedom.



**Figur 143.** Tre er hogd, kratt rydda i haug og køyrt bort på frosen mark. Malmfuru er nytta til klopping (til høgre) Foto: Katharina Sparstad





Figur 144. Det er sett opp til saman seks tavler ved kulturstigen. Foto: Katharina Sparstad

# Filefjell anno år 1000

1. Det var høve ferde for alle folk. Det var høve og alle i lag med framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk.

2. Det var høve ferde for alle folk. Det var høve og alle i lag med framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk.

3. Det var høve ferde for alle folk. Det var høve og alle i lag med framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk.

4. Det var høve ferde for alle folk. Det var høve og alle i lag med framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk.

5. Det var høve ferde for alle folk. Det var høve og alle i lag med framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk.


6. Det var høve ferde for alle folk. Det var høve og alle i lag med framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk. Men det var ikkje framfærde for alle folk.

© 2017 Oppland fylkeskommune. Alle rettigheter er reservert. Dette er ei offentleg informasjon. Alle rettigheter er reservert. Dette er ei offentleg informasjon.

Figur 145. Tavlene gir ei lettforfattelig innføring i livet for 1000 år sidan. Tavle og illustrasjonar: Oppland fylkeskommune

### Objekt til kart

I kommeplanen sin arealdel ligg eit større område innanfor omsynssone C for kulturminne. Dette er vist som raud skravur på kartet til høgre. På kartet som syner reguleringsplanen til venstre, går det fram at det ikkje er planlagt hytter i dette området. I samband med utbygging av Børrelia og Gudbrandslia vart dei fleste kulturminna frigjevne. Eitt er tilrettelagt med kulturstig. Det er dette området som inngår i denne planen. Sjølv om heile omsynssona går inn i planen, er det området med kulturstig som er prioritert.



**Figur 146.** Det er sett av eit område med omsynssone C for kulturminne i kommuneplanen sin arealdel og i reguleringsplanen (innanfor raud skravur i midten. Innanfor dette området er det tilrettelagt kulturstig (blått område/ blå sirkel). Kartet til høgre syner kor minna innanfor omsynssona ligg.

### Verdisetting

Jarnutvinning og historia knytt til den er viktig for Vang og har verdital 2.

### Grunngjeving for verdisetting

Området ved Otrøvatn har ei om lag 1000 år gamal historie med jarnutvinning. Aktiviteten kan ha ført til ei oppblømingstid, og kan ha vore grunnlaget for at Tomaskyrkja vart bygd på 1100–1200-talet. Området har såleis ei viktig rolle i historia i Vang. Aktiviteten er særst godt dokumentert, og området er godt tilrettelagt for publikum.

### Forslag til forvaltning

Området med kulturstig vart rydda i 2011 og godt tilrettelagt. For oppleving og tilgjenge må landskapet haldast ope. Tavler er sett opp og klopper er lagt, og desse krev årleg tilsyn. I samband med etableringa i 2011 vart det utarbeidd ein skjøtselsplan med avtale om eingongstiltak mellom Oppland fylkeskommune, Vang kommune, Valdres Natur- og Kulturpark og Jotunheimen eigedom for området med kulturstig. Denne planen er effektivert og avslutta i samband med etableringa. Det er også utarbeidd utkast til 10-årig skjøtselsavtale som ikkje er signert/effektivert. For vidare arbeid må det utarbeidast nye arbeidsavtale mellom Oppland fylkeskommune, Vang kommune og Jotunheimen eigedom.

Heile området innanfor omsynssona (også utanfor kulturstigen) er freda. Det skal ikkje gjennomførast tiltak eller aktivitetar som kan påverke vegetasjon eller grunn, utan at dette er klarert med kulturminnemyndighetene. Det skal haldast årleg oppsyn med heile området.

### Spesielle omsyn:

Området ligg tett ved eit område for fritidsbustader og fungerer som rekreasjonsareal. Sjøppel og slitasje kan bli eit problem dersom publikum bevegar seg utanom den tilrettelagde stigen.

**Bruk:** Det tilrettelagde området skal nyttast som kulturstig og friluftsområde. Heile området er freda slik at det ikkje skal vere aktivitetar eller tiltak som set spor der det ikkje er tilrettelagt.

Området er ikkje kjent som kulturstig eller skilta frå veg. Det bør kome opp skilting frå veg (gamle E16) med symbol for kulturminne. Dette må gjerast av Statens vegvesen.



Figur 147. Frå kulturstigen. Foto: Katharina Sparstad

**Hovudmål:** Ta vare på kulturminna og formidle historia i området

### Aktuelle tiltak

Det er ikkje utarbeidd skjøtselsavtale for området. Dette bør gjerast på same måte som for Opdalsstølen. Avtala må innehalde tiltak, ansvars- og kostnadsfordeling.

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på kulturminna	Rutinar for tilsyn og rapportering	Tilsynsavtale i skjøtselsplan	OFK	Etter avtale
Formidle historia	Informasjon	Kulturstig		Etter avtale
Halde landskapet med kulturstig og tilrettelagde minne ope	Skjøtselsavtale	Årleg tilsyn og skjøtsel	Etter avtale	Etter avtale
Auka kjennskap til stigen	Skilte frå veg	Skilte frå veg	OFK	

### Oppfølgingsansvar

Oppland fylkeskommune i samarbeid med Vang kommune og Jotunheimen Eigedom.

*I denne planen har vi synt at kulturstigen ligg i eit område med andre kulturminne. Området her med Smedalen i vest og Tyinkrysset og Grihamarstølen har uvanleg mange spor etter menneskeleg aktivitet frå jarnalder og tidlegare. Det har mange fritidsbustader, og det er svært aktuelt å legge til rette for meir aktivitet for å gjere området endå meir attraktivt. Det bør difor vurderast å knyte feltet til ei større opplevingsrute med Kongevegen og jarnaldervegen ved Opdalsstølen. Heile området er rikt på historie som går fram av tufter, spor etter jarnutvinning og skifunnet frå vikingtid ved Otrøvatn.*

## 11 Stølsområdet ved Helin


Stølsdrift er definert som eit eige ansvarsområde for Valdres. Stølsvidda i Nord-Aurdal vart saman med stølsviddene i Vestre Slidre sett som eit større, samanhengande stølsområde og definert som eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap. Samstundes er det kome på ei eiga liste for kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Vi ser at området med lik typologi ikkje sluttar ved kommunegrensa, men strekker seg inn i Vang ved Syndin, Smådalen og Helin. Helin-området skil seg ut med særleg intakt bygnadsmasse og rikt kulturlandskap. Området er teke med i planen etter behandling i grunneigarlaget.

### Brukshistorikk

Stølsområdet har vore brukt til husdyrdrift i mange hundre, kanskje 1000 år. Ingen har freista å datere stølsdrifta, så vi veit ikkje når denne driftsforma starta i Vang. Føremålet er husdyrbeiting med mjølkproduksjon, som har gjeve det opne landskapet med lågt veksande vegetasjon og med ein heilt spesiell artssamansetnad. Filefjell tamreinlag har også hatt dyr i området på føresumaren og på hausten dei siste 100 åra. I tillegg til beiting har området vorte nytta til fangst, fiske, jarnutvinning, sanking og småskalaturisme. Talet på brukarar på Helin er om lag 30, der tre brukarar framleis driv stølsdrift (2017). Ein av desse held til ved Tangadn med dyr frå éin besetning, medan dei to andre har besetningar frå samdriftsfjøs.

Elles er det både sau og storfe som beitar ved Helin, og området er jakt- og leveområde for elg og hjort. Områda med lågast beitepress er i ferd med å gro att. Helinvatnet er regulert og produktivt fiskevatn.

Sjølv om store delar av busetnaden ligg kring 400–500 moh., kan Vang ut ifrå klima og topografi kallast ei fjellbygd. Gardane er små i norsk og europeisk samanheng, og heile 90 % av areala i Vang ligg over 900 moh. Fjellbeita ligg på morene over næringsrik grunn, og det er naturleg at dei har vore særskilt viktige. I dei vide fjella i Vang finst det også spor etter husdyrbruk i område mange vil karakterisere som «urørt natur». Vi har valt ut eitt stølsområde i Vang som viktig i kulturhistorisk samanheng. Det betyr ikkje at andre ikkje er viktige, men området ved Helin har særleg mange spor etter lang brukshistorikk. Vidare ligg det som ei forlenging av Stølsvidda og avgrensing for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) og nasjonalt verdifulle kulturlandskap (Stølsvidda i Nord-Aurdal og Vestre Slidre). Stølsområdet ligg i det øvre bjørkeskogbeltet på 800–900 moh. og er lett framkomeleg frå gardsbusetnaden i Vang.



Figur 148. Gode beite innanfor gjerde på Helin. Foto: Eli Belsheim

### ***Fleire tusen års bruk***

Det er ikkje datert når husdyrbruken i området starta, men ein skålgropstein ved Skørestølen på Ellevstølen ved Helin tyder på at det var beite/jordbruk her allereie før jernalderen. Skålgroper blir rekna for å vere frå ein tidleg jordbrukskultur i yngre steinalder/bronsealder. På Helestrønd på nordsida av Helin skal det ha vore fast busetnad i vikingtida. Ei segn fortel om 12 bønder på Helestrønd på Helin. I eit skrift frå 1743 står det: «Helestranden i Fjeldet mellom Hallingdal og Valdres der haver været eit helt Annex til Slidre, men nu regnes til Vangs hovedsogns Almindning og bruges alene til Sæter om Vaaren og Høsten ...» (Ruge 1743).

I spesielt turre sumrar har det vore mogleg å sjå konturar etter tufter i det turre graset på Helestrønd (Katharina Sparstad 2000). I nordenden av Helin er det funne ei vikingøks.



Figur 149 Vikingøks funnen på Helin. Foto: Oldsaksamlinga

Det er mange stigar og reksler i området, og nokre turar er tilrettelagde som turstigar. Dei er omtala i Turhandbok Vang i Valdres og logg på Outtt.

### ***Lokalhistorie***

Tidlegare vart det nytta fleire stølar. Om våren flytta Ellingbø-gardane på heimstølen i nørdrre enden av Helin, så til langstølen på Ellevstølen, så tilbake til heimstølen, for så seint om hausten å flytte heim att. På austsida av Helin var heimstølane for Tune- og Kvale-grenda. Dei har langstølane sine på Smådalen. Som i mange andre stølslag i Valdres var det eit strengt beitereregime på Helin. Utmarka vart òg nytta til slått, så buskapen frå Ellingbø-gardane måtte flyttast frå stølane i nørdrre enden av Helin (heimstølar) til Ellevstølen innan ein viss dato. Dei kunne heller ikkje flytte tilbake til heimstølen før etter ein viss dato.

I gamal tid låg stølane på vestsida i nørdrre enden av Helin lenger oppe i lia og ikkje nede ved vatnet. Dette går fram av jorde og hustuffer i området. Kvifor dei vart flytta ned, veit vi ikkje, men det er kjent at fleire stølar vart øydelagt av ras på 1700-talet.

### ***Skuleskøre***

Ovanfor stølen Strønne i nørre enden av Helin oppunder Kvitemøsin er det ei berghole. Her samla skulemannen som dei kalla «Skulin», vinterforet som han slo i området. Denne læraren hadde nokre dyr og fekk ein utkant til slått, men hadde ikkje anna ly for foret om vinteren enn denne berghola. Hola har namnet «Skuleskøre».

### ***Nonssteinadn***

Nord opp for Ellevstølen ligg det to store steinar som blir kalla «Nonssteinadn». Grunnen er at når sola stod over desse steinane om sumaren, visste alle på Ellevstølen at det var «nons» (middag).

### ***Hallingsteinen***

På Gråkampen ligg ei stor flyttblokk, Hallingsteinen. Steinen vart frakta dit med isen i førre istid – og vart liggande att då isen smela ned for om lag 10 000 år sidan. Segna fortel at ein halling på veg til

eller frå Vang kom ut i eit frykteleg uver. Mannen søkte ly her, men fraus i hel. Denne hendinga skal ha gjeve steinen namnet Hallingsteinen. Bak steinen ligg eit steinbord, og steinen på Gråkampen er eit attraktivt turmål.

Steinen ligg utanfor stølsområdet, men er godt synleg frå mange kantar.



Figur 150. Hallingsteinen teikna av Sverre Christoffer Thune.

### Registreringar

Av kulturminne innanfor området er det fleire SEFRAK-registrerte hus. Bygga er vist som gule og raude trekantar. Raude er meldepliktige. For meldepliktige bygningar (bygningar eldre enn 1850) er det lovfesta i kulturminnelova § 25 at ei vurdering av verneverdien *må* gjerast før søknad om endring eller riving kan bli godkjent.




Figur 151. Kulturminne og bygningar som er registrert i Kulturminnesøk, Askeladden og i SEFRAK-registeret (frå før 1900). Kartet til venstre: Raude trekantar syner meldepliktige bygg frå før 1850. Gule trekantar syner andre, meldepliktige bygg. Frå ra.askeladden.no. Kartet til høgre: Den blå sirkelen på kartet til venstre er skålgrøpstein på Ellevstølen. Frå Kulturminnesøk.no

### Stølsregistreringar

I samband med stølsregistreringane i Valdres er det registrert både kulturminne, beite og reksler i området. Nedanfor ser vi beite og reksler innanfor området. Vi kan også sjå registrerte kulturminne i

Vang gjennom stølskartlegginga som stølsbrukarar, kommune og Valdres Natur- og Kulturpark gjorde i 2007–2010. Dei fleste minna er knytt til stølsdrift og er frå nyare tid. Det vart til saman registrert 118 minne i samband med stølskartlegginga. Desse ligg nå tilgjengelege på Innlandsgis.no, under *Temadata, kulturvern og kulturminne i kommunane, Oppland*.




**Figur 152.** Kulturminne, beite og reksler frå stølsregistreringane i 2009/2010. Kulturminne til venstre, beite og reksler til høgre.

Det er også registrert arkeologiske kulturminne i Riksantikvarens database Askeladden. Dei går fram på kartet til høgre ovanfor.

### Registreringar av planter og dyr

På Gilafjell på austsida av Helin ligg Helin plantepark (gul skravur). Her veks den svært sjeldne urvalmuen. Denne veks berre her og i Bleia naturreservat i Lærdal. Delar av området er svært kalkrikt, og det finst også fleire sjeldne artar og artssamfunn her. Dei verna områda er vist på kartet til venstre nedanfor.



**Figur 153.** Til venstre verna områda. Til høgre lokalitetar med verdifulle biologisk mangfald (grøn skravur) registrert gjennom den kommunale kartlegginga (2003–2005). Frå Naturbase.no

I samband med den kommunale registreringa av biologisk mangfald har ein kartfesta kulturlandskap (til venstre) og observasjonar av enkeltarter (til høgre). Kartet er vist til høgre ovanfor. Det er arter av både planter og dyr, då spesielt fugl. Av planter er det registrert fleire sjeldne plantesamfunn som er knytt til kalkrike område i fjellet. Nokre typiske arter for Gilafjell er reinrose, snøsoleie, dvergsyre, marinøkkel og fjellmarinøkkel, som er lista som nær truga (NT) på raudlista, og fjellkvitkurle, som er lista som sårbar (VU).

Langs Helin er det registrert høgstaude-bjørkeskog. På Tangadn og nordsida av Helin er det registrert kulturlandskap med fleire utryddingstruga beitemarkssoppar i tillegg til bakkesøte, snøsøte og marinøkkel, fjellmarinøkkel, kvitkurle, grønkurle og fjellfrøstjerne. Langs Smådøla er det rikt med elveavsettingar, og her veks mellom annan søterot.




**Figur 154.** Til venstre: *Reinrosa* trivst best på kalkrik grunn. Her frå Helin plantepark. Foto: Tanaquil Enzensberger.

Til høgre: Registrert leveområde og enkeltobservasjonar av vilt i området. Frå naturbase.no

### Objekt til kart

Avgrensinga er ei forlenging av omsynssona i stølsområde i Vestre Slidre og stølslandskap med nasjonal verdi (LMD og MD).



**Figur 155.** Forslag til avgrensing av omsynssona. Lyseblå line syner der den gamle Saltvegen kan ha gått.



## Verdisetting

Området er vurdert som viktig, verdital 2.

## Grunngjeving for prioverdisetting

Stølsområda er unike når det gjeld å ta vare på den tradisjonelle haustingskulturen. Det er i dag under 1000 støler i drift på landsbasis, og Vang har om lag 4 % av desse. Området skil seg ut med tanke på byggeskikk, biologisk mangfald, økologi og tradisjon. Området ved Helin ligg også som ei forlenging av Stølsvidda i Nord-Aurdal og Vestre Slidre, som i dag er definert som eit *utvalt kulturlandskap i landbruket* under LMD. Naturtypen strekker seg inn i Vang kommune, og det er i dag eit unaturleg skilje i kommunegrensa. I tillegg inneheld området eit svært rikt plante- og dyreliv med fleire truga og sjeldne arter.

## Utfordringar

Talet på brukarar har gått kraftig ned, hovudsakleg fordi det samla talet på mjølkeprodusentar er redusert. Samstundes har enkelte besetningar gått inn i samdrift der ei (av tre) besetningar har slutta å bruke stølen sommaren. Utfordringa for unge brukarar er å halde fram med stølsdrift innanfor dagens rammer.

Det kan også vere ei utfordring for stølsbrukarar å nytte beiteressursane dersom forvaltninga av dei freda områda blir for byråkratisk og ikkje tek naudsyn til den fleire tusen år gamle beitetradisjonen i området.

## Forslag til forvaltning

Det viktigaste for stølsområdet er at det er i bruk som husdyrbeite. Det må leggest til rette med god logistikk og tilrettelegging for bruk med tilhøyrande vegar og bygningar. Vidare er det viktig at området blir nytta av folk til ferdsle og berekraftig utnytting til jakt, sanking og hausting, aktivitetar og reiseliv. For målretta forvaltning bør det utarbeidast ein forvaltningsplan for stølsområdet.

### Spesielle omsyn:

Beitedyr har høgast prioritering i området. Det må takast omsyn til

- tradisjonelle reksler og beiteområde
- eksisterande bygningsmasse og byggeskikk
- kulturminne og historia som er knytt til stølsområda
- tråkk og ferdsel der det er registrert prioriterte naturtypar

### Tiltak:

- Rydding av beite og reksler inn til beiteområda
- Auka beitetrykk og målretta beiting når det gjeld gamle beiteområde og område som er rydda
- Informasjonstavler med informasjon om verdiane i området og oppmoding om omsyn i høve til frittgåande dyr, søppel og anna
- Tilrettelegging for framtidig stølsdrift og beiting
- Vedlikehald av bygningsmasse

### Bruk:

Beiting, hausting, fiske, jakt, fjell- og landbruksbasert næringsverksemd, kunnskapsbasert turisme, rekreasjon

## Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Tiltak	Ansvar	Finansiering
Betre tilgjenge	Planar for bruk, rydding og tilrettelegging av stølsområda	Rydding av beite og reksler inn til beiteområda	Kommune, stølsbrukarar, hytteeigarar	Kommunen
Ta vare på landskap og biologisk mangfald	Planar når det gjeld beite kvalitet og botaniske verdiar	Auka og målretta beiting	Stølslag, beitebrukarar	Kommunen/ Fylkesmann
Auka kunnskap	Utarbeide informasjon saman med forvaltningsplanen for Stølsvidda	Lage faldarar, setje opp infotavler	Kommune, VNK, stølslag Bioforsk	Kommune, Sparebankstiftinga/ UNI-stiftinga
Utnytting av beite-ressursar	Tilrettelegging for framtidig stølsdrift og beiting	Tilpasse verkemiddel	Kommune, stølseigarar	Kommune (SMIL)/
Ta vare på bygningar og byggeskikk	Rutinar for å ta omsyn til byggeskikken	Tilpasse verkemiddel, kurs og informasjon	Kommune, huseigarar	Norsk kulturminnefond /SMIL
Auka næringsutvikling og bruk	Stimulere til natur- og kulturbasert turisme	Mobilisering, rettleiing	Kommune, stølsbrukarar, bedrifter	Kommune, Innovasjon Norge
Auka kunnskap og bruk	Involvere born og unge	Utarbeide opplegg for Den kulturelle skulesekken/ undervisning	Kommune	Kommune/ Valdresmusea/ fylkeskommune
Auka volum på mat frå fjellet	Stimulere til auka matproduksjon frå fjellet	Støtte opp om matnettverk og lokale produsentar	Kommune/ Innovangsjon/ VNK	Kommunen/ Innovasjon Norge

## Oppfølgingsansvar

Stølseigarar, Vang kommune, Innovangsjon




Figur 156. Helin sett frå nord. Foto: Trond Røvang

## 12 Steinalderbusettingane ved Tyn

Historia om dei fyrste menneska som kom hit etter siste istid, endrar seg etter kvart som ein grev seg tilbake i historia, bokstavleg tala. Sidan isen held seg lengst i fjellet, har det vore ei vanleg oppfatning at det tok mykje lengre tid før folk nådde fram hit. Funn frå brende elgknoklar i Espedalen, Nord-Fron i 2013 synte seg å vere 10 000 år gamle. Oppdemming og tapping av regulerte vatn har gjort at dei øvste humuslaga i strandsona blir utvaska, og spor etter fleire tusen års aktivitet kjem opp i dagen. Typiske funn er koksteinar, avslag og pilspissar, eller av og til ei steinøks som nokon har mista. Ved Tyn var det reinstrekk og bra med fisk. Dei eldste funn etter folk i Noreg ligg ved kysten og er 11 200–11 000 år gamle.

### Brukshistorikk

Fjella i Vang har vore nytta av folk heilt sidan isen trekte seg tilbake. I fjellet held reinen til, og ved vatna var det både fangstplass og leveområde for folk. Mange steinalderbuplassar er oppdaga i samband med regulering av vatn. Reinen kryssar gjerne innsjøar for å spare omveg, og jegerane, som kjende reinen sine trekkruter, låg og venta til dyra var utpå. Utpå fjorden tok jegerane att dyra og avliva dei med klubber, piler og spyd. Dei daude skrottane flaut på vatnet fordi håra i pelsen er fylt med luft (Jacobsen & Larsen 1992).



Figur 157. Teikning frå avisartikkel av fylkesarkeolog Harald Jacobsen, 1997/98. Teikna av Kari Furøy

Funna frå Tyn er ikkje av dei eldste, men dei er til gjengjeld uvanleg mange. Funna strekker seg over ein 5000-årsperiode. Av prøver av kol og bein som vart sendt inn i 2003, var dei frå 2000 til 8300 år gamle, det vil seie frå eldre steinalder til eldre jernalder. Funna fortel at det har vore buplassar kring heile Tyn, med hovudtyngda i nord. Dei eldste er frå ein veidekultur med jakt og fangst. Buplassane vart nytta om sumaren, og truleg drog menneska ned til kysten om vinteren. Sjølv etter at jordbruket var etablert, vart området nytta, og dei yngste funna er 300 år gamle (Trond Løvdøen 2003).



**Figur 158.** Tyin, ved Målnesodden. Foto: Av Tore Urnes from Oslo, Norway - Jotunheimen, CC BY 2.0, <https://commons.wikimedia.org/>

### Registreringar

Området vart undersøkt i fleire omgangar, i 1961/62 i samband med reguleringa, og i 2002.



**Figur 159.** Biletet syner registreringar i 1961/62 i svart og 2002 i raudt. Foto: Trond Løddøen

Undersøkingane har gitt mange funn både av buplassar og enkeltfunn. «Vanlege» funn er koksteiner, det vil seie stein som var varda opp og nytta som varmekjelde i kokegroper. Desse kan kjennast att fordi dei er varmpåverka, og ofte sprekt på grunn av varmen.




Fig. 6. Oversikt over kartlagte kulturminner, samt overflate- og prøvestikkregistrert areal.

Figur 160. Registrerte lokalitetar frå registreringsarbeidet i 2002. Kjelde: Årsrapport Fase 1A-2002

Det er tidlegare mellom anna funne ei grønsteinsøks ved Tynholmen. Denne er oppbevart ved Oldsaksamlinga i Oslo.



**Figur 161.** Grønsteinsøks frå Tynholmen. Foto: Oldsaksamlinga

Dei fleste funna er frå gjenstandar som låg ope i strandsona. Det er funne reiskapar og avslag av flint, kvarts og skifer. Det mest vanlege materialet er lokal kvarts og/eller rhyolitt, men det er også gjort fleire flintfunn. Flint finst ikkje i fjellet og tyder på kontakt med kystområde. I Noreg finst ikkje flint naturleg, og det som er laus stein, har flytt seg med isflak frå Skåne og Danmark. Det er også funne ulike steinøkser, mellom anna ei øks av Nøstvedt-typen. Den kan ha kome frå Oslofjord-området, der denne typen var vanleg. Slike økser er sett i samband med stokkebåtar og kan tyde på at det har vore nytta stokkebåtar på Tyin.


I tillegg vart det funne kol, humus og beinmateriale under utgravingane. Til saman vart det funne 68 gjenstandar i 2002.



**Figur 162.** Nøstvedt-øks funnen ved Tvindehaugen i 2002. Nøstvedt-kulturen er nemninga på eit fiskar- og jegerfolk som levde i området rundt Ås kommune siste perioden av eldre steinalder. Foto: Trond Lødøen



**Figur 163.** Pilesmiss av skifer frå yngre steinalder funnen i 2002



**Figur 164.** Tidlegare funn ved Tyin. Frå Valdres årbok 1978. Fleire av gjenstandane er av flint. I Noreg finst flint berre ytst ved kysten.

## Objekt til kart



Figur 165. Kartet syner kvar det er mest aktuelt å sette opp tavle.

## Verdisetting

Det store talet på kulturminne frå ein periode på over 5000 år gjer området viktig, verdi 2.

## Grunngjeving for verdisetting

Vang er særskild rik på steinalderhistorie knytt til fjellet, og ved Tyn er det rikt på minne gjennom fleire tusen år. Derfor er dette minnet viktig for Vang.

## Forslag til forvaltning

Tyn er regulert, og forvaltninga av området skil seg ikkje frå andre regulerte fjellvatn når det gjeld reguleringsvilkår og bygging i strandsona.

### Spesielle omsyn:

Området er allereie godt dokumentert, og dei fleste gjenstandar arkivert. Det er likevel viktig at det som no er i området, får liggje i fred for ettertida.



**Bruk:** Det går ein veg langs Tyin frå Framnes til Tyinholmen og vidare inn til Eidsbugarden. Denne vert nytta av bilar om sommaren og av beltebil og som skiløype om vinteren. Det er ikkje forslag til annan bruk av området enn det som ligg føre i eksisterande planar i kommunen.

Langs vegen er det ein del stopp-plassar. Det mykje historie i området, og det bør informerast om dette i ei eller fleire tavler ved Tyin.

**Hovudmål:** Formidle den første bruken av området frå eldre steinalder fram til nyare tid.

#### Aktuelle tiltak

Det er aktuelt å sette opp ei eller fleire informasjonstavler i området. Tavla bør stå der det allereie er parkering og god utsikt over vatnet. Informasjonen skal fortelje om fangsthistoria frå eldre steinalder til nyare tid, med kopling til dagens tamreinsdrift. For freda minne må tavler settast opp i samarbeid med Oppland fylkeskommune. Aktuell stad er Tvindehaugen eller Målneset.



Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Auka kunnskap	Gje fagleg informasjon	Sette opp informasjonstavle	Grunn eigar	Sparebankstiftinga, UNI-stiftinga, kommunen, Oppland fylkeskommune
Auka attraksjonsverdi	Gje lett tilgjengeleg informasjon	Vurdere fleire informasjonsflater til å formidle historia	Grunn eigar	Grunneigar, utbyggjar, kommunen

#### Oppfølgingsansvar

Vang kommune, grunneigarar

## 13 Saltmannvegen

Salt har alltid vore viktig, og for å få tak i salt på Austlandet måtte du dra over fjellet til fjordane i vest. Salt vart ofte bytt mot andre produkt som skinn, horn og jarnbarrar. Vegen over Filefjell var mindre vêrhard enn andre fjellovergangar, og derfor har vegen Lærdal–Filefjell–Valdres gjennom uminnelege tider vore hovudvegen mellom aust og vest.

### *Brukshistorikk*

Å frakte verdifull last var sårbart, og derfor var det ofte mange i følge. Folk møtte på bestemte samlingspunkt og møtte fleire grupper undervegs før dei drog samla over fjellovergangane. Når dei kom så langt vest som til Vang, var det ofte mange i følge.

### *Registreringar*

#### **Vegane**

Ifølge Knut Hermundstad starta saltmannvegen gjennom Valdres i Begnadalen og gjekk via Vestringsbygde over til Flyoset ved Storfjorden. Her samla det seg fleire saltmannvegar som gjekk saman vidare vestover til Grunke, Hydalen og Mørkedalen ned til Borlo.


Det gjekk også ein saltmannveg lenger aust (geografisk nord), langs Syndisvatna og over Skakadalen, forbi Sulefjell før det bar nedover Lærdal (Hvattum, 1993). Denne vegen kan ha kome ned til Maristøga og Bjørkum via Valdresdalen og Ljøsnedalen. I Valdresdalen er det registrert eit merkingssystem (Hegg-Lunde, Dagfinn PM). På strekninga over Syndin og Sulefjell er det ulike kjelder, og stigane har endra seg til ulike tider. Der går ei varderekke av same type som i Valdresdalen (sjå kart), og det er sannsynleg at det er denne som vart nytta som saltmannveg. På Storeknippa ligg ein stor varde på om lag tre meter som er godt synleg frå mange kantar. Ein slik varde kan tyde på at dette har vore eit viktig landemerke.



**Figur 166.** På Storeknippa er det ein stor varde som tyder på at dette var eit viktig landemerke. Foto: Ingebjørg Lunde

Frå Vennis skal det ha gått ein saltmannveg til Årdal. Denne gjekk truleg over Vettismorki, der det er farbart lende.

I området Urdsdalen sørvest ligg eit tydeleg vardesystem med vegmerke. Her går en gamal stig, og det er også hogd ut trinn i berget som gjer det enklare for hest å kome fram.



**Figur 167.** Vegane slik dei kan ha gått igjennom Vang. Prikkanne i sørvest viser kvar det ligg varderekkjer. Raude prikkar er kulturminne som kan ha tilknytning til saltmannvegen.

### Andre kulturminne


Området er svært rikt på kulturminne, der dei eldste funna er frå eldre steinalder, og stadfesta som 8000 år gamle ved Sørre Sulevatn. Området inneheld også fangstanlegg for rein og bogastille, og reinsgjetarbu frå byrjinga av tamreinsdifta. Bua vart lagt i nærleiken av eit læger som truleg er av eldre dato.

Nord for Tyinkryset på Filefjell er det også registrert ein stubb av ein jernalderveg som truleg vart nytta til å transportere jarnbarrar vestover. Denne er vist i kapittel 7, skålgropfeltet på Opdalsstølen.

Ovanfor Maristova vart det i 2016 funne sverd, pilespissar og jarnbarrar som kan ha samanheng med transport langs saltmannvegen.

På Bjørkum i Lærdal vart det i 2009 grave ut ein handels- og handverksstad (kaupang) frå 800–1000-talet. Her fann dei om lag 30 hustuffer, spor etter teltplassar og buer og store mengder halvfabrikata av bein og gevir. Staden ligg ikkje så langt nedanfor der Ljøsndalen kjem ut, og kan ha ein samanheng med transport over fjellet (Bjørkum, 2009).

### Objekt til kart



**Figur 168.** Kart som syner der saltmannvegen kan ha gått, i rosa/raudt. Kongevegen er merkt oransje. Midt i kartet er eit område med varderekkje, og på toppen av Storeknippa ligg ein diger varde. I arbeidet framover bør ein kartlegge dei rette traseane. Særleg området i sørvest mot Maristøga, der det ligg ei varderekkje, bør stadfestast med gps.

### Verdisetting

Dokumentasjon og historie knytt til det eldste aust-vest-sambandet er sett til verdi 2.

### Grunngjeving for verdisetting

Ferdelshistoria over Filefjell er i ei særstilling for Vang fordi det er eit av dei eldste aust-vest-sambanda i Noreg. Historia er truleg like gamal som den fyrste folkesetnaden i området. Dei gamle

vegane har ei historie som er spanande for fleire, og her er det godt eigna for å legge til rette for ferdsel og formidling.

### *Forslag til forvaltning*

#### **Spesielle omsyn:**

Saltmannvegane har forhistorisk opphav og skal ikkje øydeleggjast av korkje attgroing, forvitring, slitasje eller nedbygging.

**Bruk:** Kartlegging av vardesystemet, og registrering og dokumentasjon av ferdselsvegane. Tilrettelegging for ferdsel på eigna strekningar.

**Hovudmål:** Auke kunnskapen om ferdselen gjennom Vang

#### **Langsiktig mål:**

- Formidle historia
- Setje i stand og gje nytt liv til dei gamle vegfara

#### **Aktuelle tiltak**


Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Auke kunnskapen og engasjementet om ferdselshistoria	Involvere grunneigarar og historielag	Invitere til temasamlingar	Vang kommune	Vang kommune
Få oversikt over vardesystem og ferdselsårer over Filefjell	Dokumentasjon og kartlegging	Kartlegge med gps og dokumentere andre minne i området	Vang kommune, Oppland fylkeskommune	Vang kommune, Riksantikvar, Miljødepartementet
Auke kunnskap om historiske samanhengar	Dokumentasjon og kartlegging	Kartlegge og dokumentere andre minne i området	Vang kommune, Oppland fylkeskommune	Vang kommune, Riksantikvar, Miljødepartementet
Auka aktivitet i Vang	Legge til rette for ferdsel	Rydde, merke og marknadsføre eigna strekningar	Vang kommune, Oppland fylkeskommune	Sparebankstiftinga, Gjensidigestiftinga, Norsk kulturminnefond
Samanhengande turveg	Søke samarbeid med Lærdal kommune, grunneigarar og historielag	Etablere formelt samarbeid om konkrete tiltak	Vang kommune	Vang kommune

### *Oppfølgingsansvar*

Vang kommune

## 14 Gamle Eidsfoss kraftverk

Eit vasskraftverk er eit kraftverk som produserer elektrisk energi (Kjelde: Wikipedia). Energiproduksjon ved vasskraft utnyttar vatnet sitt kretsloop som energikjelde. Energien kan transporterast via kraftlinjer over store avstandar. Vasskraft har ikkje klimagassutslepp, men miljøet kring regulerte vassdrag kan bli endra ved endring i landskapet ved regulerte magasin og nye eller endra vassveggar som tunellar og røyrgater. Vegetasjon og insektliv knytt til vassdraget kan også verte endra når vass tilgangen vert endra, som til dømes ved fossefall og vass-sprøytsoner.



Figur 169. prisnippskisse vasskraftverk. Kjelde: Wikipedia

### Brukshistorikk

Krafthistoria i Vang byrja kring 1920. Då tok grunneigarar og andre initiativ til den fyrste utbygginga av Eidsfoss mellom Strøndafjorden og Vangsmjøsa. I 1923 stod kraftverket ferdig med ei yting på 300 kW og med leidningsnett til Tyin.



Figur 170. Gamle Eidsfoss i 2018. Foto: Katharina Sparstad

Oppstart på bygging av «Nye» Eidsfoss Kraftverk var ca. 1952 på andre sida av Begna elv nærare garden Brekke. Det vart sprengt ut tunnel og lagt røyrgate frå tunellen og ned til det nye kraftverket. Fallhøgda er 49 m, med ei slukeevne på 10 kubikkmeter i sekund etter siste utbygging her i 1983. Den vart utført 10 år etter siste utbygging av Ylja som var ferdig i 1973. Slukeevna i Eidsfoss vart då tilpassa vassmengda frå Ylja.



**Figur 171.** Nye Eidsfoss Kraftverk vart bygd i 1952. Biletet er frå 2015. Foto: PeltonMan

Frå 1956 var effekten på kraftverket 2,2 MW. Nye Eidsfoss vart ombygd i 1983 og fekk inn to maskiner med 2,4 MW og 1,7 MW. I 2009 fekk Eidsfoss ei ny oppgradering då det mellom anna vart installert nytt styringssystem. Eidsfoss produserte i 2018 21,5 GWh/år. Installert effekt er no 4,2 MW.

Også lenger vest ved sjølve Fløgstrøndfjorden ligg det kraftverk. Gamle Ylja vart bygd i 1940. Ylja nyttar vasskraft som kjem gjennom tunell og renn frå Sanddalen, Øyangen og Steinbuvatn med røyrgate ned fjellsida til kraftstasjonen. Restar etter Gamle Ylja er ein betongbygning på høgre side før Fløgstrøndfjorden frå aust mot Filefjell. I 1973 vart Nye Ylja Kraftverk sett i drift ved Strøndafjorden, og i seinare tid er det gjennomført fleire **endringar** ved Ylja kraftverk. Kronologisk utbygging og kapasitetsendringar av anlegg:

- 1923: Gamle Eidsfoss, 300 kW
- 1940: Gamle Ylja, 700 kW
- 1956: Nye Eidsfoss, 2 MW
- 1967: Kalvedalen Kraftverk 20 MW
- 1973: Driftssett Nye Ylja: 67 MW
- 1983: Ombygging av Nye Eidsfoss 4,2 MW
- 2017: Ylja: Nytt ute anlegg 132 kV spenning og ny hovudtransformator på 20 MVA.

I 1940 vart Vang Energiverk etablert. Det er Vang kommune som eig Vang Energiverk KF (kommunalt foretak), og kraftverket har nettverksemd innanfor Vang kommune. I 2018 er det 15 tilsette ved kraftverket. Gamle og nye Eidsfossen ar saman svært godt egna til å formidle krafthistoria i Vang. Gamle Eidsfoss har alt inventar intakt, og blir allereie nytta til omvising ved høve. På Nye Eidsfoss er det full drift og såleis lett å sjå korleis drifta foregår.

## Registreringar

Gamle og nye Eidsfossen ligg på kvar sin side av vassdraget Til Nye Eidsfoss høyrer rørgater og liner. Like ovanfor Gamle Eidsfoss ligg ei gamal mølle. Inne i Gamle Eidsfoss er alt inventar intakt, medan anlegget på Nye Eidsfoss er intakt og i aktiv bruk. Ved området vert det lagt eit massedeponi frå ny tunell ved E 16. Det er tenkt ein parkeringsplass på deler av massedeponiet i samband med Den Bergenske Kongevegen som går frå Nerre Dalen og vidare opp til Hemundstad, Varpebru og Lærdal/Bergen.

## Gamle Eidsfoss

### Innvendig i gamle Eidsfoss

Inne i gamle Eidsfoss er utstyret slik det var etter stopp i 1950 åra, då nye Eidsfoss vart sett i drift.



Figur 172. Turbin og stabiliseringsjul. Foto: Katharina Sparstad



Figur 173. Alt inventar står att på gamle Ylja. Foto: Katharina Sparstad





Figur 174. Spenningsmålarar



Figur 175. Til venstre stabilisator jul. Til venstre: Nils Arne Skeie frå Vang Energi inspiserer utstyret. Foto: Katharina Sparstad

### Utvending

Bygget er av betong i to rom.. Til bygget er det sett ein utedo av tre. Bygget har ein del slitasjeskadar. Rommet mot E16 er dekt med bølgeblekk og verkar tett, medan rommet mot elva har sprekkar med lekkasje i taket. Veggene mot sør har også sprekkar som går gjennom heile veggene. Vindaugene mot E16 er knust. Delar av murpussen er skala av. Ned frå E16 går ei trapp med gelender av tau. Kring huset er det mykje kratt og ein del søppel.



**Figur 176.** Huset har ein del skader. Frå venstre, sørsida har sprekkar i muren, og avskaling av murpuss. Bilete i midten: Til bygget er det ein utedo. Bilete til høgre: Taklekasje- Foto: Katharina Sparstad



**Figur 177.** Knuste vindaug på sida mot E16. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 178.** Til venstre: Kratt kring gamle Eidsfoss. Til høyre: Trappa frå E 16 ned til kraftverket. Foto: Katharina Sparstad

Ned til Eidsfoss gjekk ei røyrgate som no er fjerna. Ovanfor ligg ei demning og støttemurar som røyrgata låg oppå.



**Figur 179.** Rester etter røyrgata . Foto: Katharina Sparstad



**Figur 180.** Demninga ovanfor gamle Eidsfoss. Foto: Katharina Sparstad

### **Nye Eidsfoss**

Nye Eidsfoss er i full drift med alle tilpassingar til moderne drift. I 1983 gjekk nye Eidsfoss gjennom ei omfattande oppgradering.



**Figur 181.** Nye Eidsfoss er frå 1953 og vart ombygd i 1983- Foto: Katharina Sparstad



**Figur 182.** Kontoret på nye Eidsfoss. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 183.** Transformator skåpa. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 184.** Det er to turbinar på nye Eidsfoss. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 185.** Vassrør ut frå turbinen. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 186.** Vatnet ut frå nye Eidsfoss. Foto: Katharina Sparstad

Vatnet kjem inn til nye Eidsfoss frå Strøndafjorden gjennom tunnel og røyrgate.




**Figur 187.** Siste delen inn til nye Eidsfoss går vatnet i røyr. Foto: Katharina Sparstad

## Objekt til kart



**Figur 188.** Nye Eidsfoss med blå farge på kartet til venstre. Gamle ylja ligg nedst på kartet til høgre, medan mølla ligg ovanfor gamle Ylja merka med blå strek. Frå valdreskart.no


Området langs E 16 sør for kraftverket er i endring og vert nytta som massedeponi i samband med tunell for E 16.



**Figur 189.** Området kring Eidsfossen. Frå Valdreskart.no



Kartet nedanfor syner korleis området er planlagt etter at arbeidet med tunell og massedeponi er ferdig. Det er lagt opp til ei liten parkeringsplass (grått felt). Område 2 i sirkelen er direkte knytt til gamle Eidsfossen.



Figur 190. Kart over planlagt arealdisponering etter at E16- tunell er avslutta

## Verdisetting

Vasskraft er svært viktig for Vang og har verdital 2.

## Grunngjeving for verdisetting

90 % av areala i Vang ligg over 900 meter. Det betyr at dei produktive areala er små og dermed har begrensa moglegheiter til avkastning. Kommunen eig Vang Energiverk, og inntektene har vore nytta til nye investeringar. I moderniseringa på 1900-talet var krafta og kraftinntektene svært viktige for utviklinga av Vang. Kunnskapen om dette er viktig for å forstå Vang slik kommunen er i dag. Derfor er verdien sett til 2.

## **Forslag til forvaltning**

Gamle Eidsfoss er i relativt bra stand, men forfell fort med dei skadane bygningen no har. Han bør restaurerast med taktetting, nye vindauge og pussing. Områda ned til og kring gamle Eidsfoss bør ryddast for kratt og søppel. Parkeringsplassen til gamle Eidsfoss er ved den gamle mølla og bør skiltast.

Forslag til framtidig bruk og forvaltning er som i dag, men med ei vidareutvikling av formidling og omvising. Kraftproduksjon, forbruk og berekraft blir ikkje mindre aktuelt, og utarbeiding av eit enkelt opplegg for skule og undervisning bør vere eit mål.

Vang Energiverk KF er eigd av Vang kommune og blir drive som ei sjølvstendig inntektsgjevande og resultatorientert verksemd med eige budsjett og rekneskap. Det er Vang Energiverk som eig gamle Eidsfoss, og som mellom anna held bygningen ved like og betaler forsikring.

**Spesielle omsyn:** Ta vare på bygning og inventar

### **Bruk:**

Formidling og omvising. Det er ein unik situasjon at alt inventar står att i gamle Eidsfoss. Saman med nye Eidsfoss gjev dette særst gode høve for formidling. Det viktigaste er å ta vare på bygning og inventar i gamle Eidsfoss, sidan dette er eit av dei få gamle kraftverka som har alt inventar intakt. Vidare bør det nyttast til å formidle historia om kraftproduksjonen i Vang.

Gamle og nye Eidsfossen bør ses i samanheng med heile området, men mølla og Den Bergenske Kongevegen. Mølla vert nytta til materiallager, men eigar er positiv til at mølla vert tilrettelagt i framtida. Det bør sikrast nedgang til gamle Eidsfossen, eventuelt frå ny parkeringsplass på massedeponiet. Det bør også setjast opp ei informasjon tavle ved parkeringsplassen om dei tilrettelagte kulturminna i området.

**Hovudmål:** Ta vare på kunnskapen om krafthistoria i Vang

### **Aktuelle tiltak**

<b>Mål</b>	<b>Strategi</b>	<b>Aktuelle tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Finansiering</b>
Auke kunnskapen om utviklinga av Vang som kraftkommune	Formidling	Utarbeide tekst om historikk på heimesidene og hefte/faldar	Vang Energiverk	Vang Energiverk
Auke kunnskapen om energi-produksjon, forbruk og berekraft	Formidling Søke samarbeid med Energisenteret og Valdres energi	Eigen tekst på heimeside og faldar	Vang Energiverk	Vang Energiverk
Ta vare på og bruke Gamle Eidsfoss saman med nye Eidsfoss til formidling	Aktiv forvaltning og bruk av Gamle Eidsfoss Plan og opplegg for omvising	Plan for vedlikehald Omvising	Vang Energiverk	Vang Energiverk
Knytte gamle Eidsfossen til historia i eit større område.	Planlegge tilrettelegginga for med attraksjonar i eit større område	Sikre nedgang til Kraftverket Legge til rette ved mølla Utarbeide infotavle over minna i området	Vang kommune Statens Vegvesen	Vang kommune Statens Vegvesen

## **Oppfølgingsansvar**

Vang Energiverk

## 15 Sørre Hemsing

Sørre Hemsing er ein av dei få gardane i Vang som har eit intakt firkanttun. Garden har ei historie frå vikingtid eller før, og til garden ligg eit intakt kulturlandskap.



**Figur 191.** Tunet i 1960-åra. Frå Gardar og slekter i Vang. Foto: F. W.

Til garden høyrer også Sørre Hemsingstølen i Rysndalen frå 1760; den første brann i 1840, og ny vart sett opp i 1841. Selet i Rysndalen blir leigd ut for vekesutleige.

### Brukshistorikk

Sørre Hemsing er truleg frå vikingtida eller tidlegare. Hemsing var éin gard fram til 1640 då han vart delt i Sørre og Nørre Hemsing. Garden Hemsinghaugen vart slegen saman med Sørre Hemsing kring 1760 (Frøholm, Anders 1985). Til Sørre Hemsing høyrer 40 daa dyrka mark og støl i Rysndalen og Herredalen.



**Figur 192.** Fire personar ved Hemsingtunet ca. 1943, bildet er av Boye, Normann og Sigrid Hemsing. Ungjenta er ukjent. Foto: Ukjent / Valdresmusea AS

I dag blir garden driven av Arne og Berit Nefstad, som overtok garden i 1995. Dei overtok garden frå Normann Benjamin Hemsing (1921–1995). Normann hadde overteke garden i 1939 frå den ugifte onkelen sin, Andris Nilsson Hemsing (1860–1939), og Andris hadde overteke garden etter far sin, Nils Andrisson Igdun i 1911.



**Figur 193.** Førre brukaren, Normann Benjamin Hemsing. Biletet er teke på Sørre Hemsing-stølen på Hellestølen i Herredalen. Foto: Berit Nefstad

Då Normann overtok garden i 1939, var det kyr på garden, og i 1948 hadde han 10 kyr, 11 ungdyr, 19 sauer og ein gris. Normann slutta med kyr i 1966 og dreiv berre med sau dei siste åra. Fram til han døydde, hadde tida stått meir eller mindre stille på garden. Tunet stod om lag slik det stod for 150 år sidan. Normann dreiv garden langt på veg på gamlemåten med ljåslått, utan traktor. På den måten er mykje av det biologiske mangfaldet i enga bevart.

Berit og Arne har sidan dei overtok, drive besøksgard med bevertning og overnatting, og hadde fram til 2017 ammegeit og sau. Oppistøga vart restaurert i 1997, og i 1998 starta dei opp med servering og overnatting i Gamlestøga, som vart restaurert i 1999 og innreidd for bevertning og overnatting, i tillegg til sengeplassar i buahuset. Til saman har Sørre Hemsing 14 sengeplassar og 35 bordplassar. Sørre Hemsing ligg ved gøta som går opp til Rysndalen og Herredalen og DNT-hytta på Tomashelleren, og Sørre Hemsing har DNT-avtale. Arne og Berit brukte eitt år på restaurering før dei opna for gjester. For dette har dei fått Olavsrosa av Norsk Kulturarv.



**Figur 194.** Berit og Arne Nefstad har drive Sørre Hemsing sidan 1998. Til høgre: Sørre Hemsing har DNT-avtale og har fått utmerkinga Olavsrosa av Norsk Kulturarv. Foto til venstre: Geir Helge Skattebo Til høgre: Geir Norling

## Bygningane

Tunet er eit intakt firkanttun der alle husa er frå 1800-talet eller tidlegare. Bygningane vart registrert av Slidre bygg i samband med kulturminneplanen. Tunet har åtte lafta hus. På tunet står støga, gamlestøga, buahuset, låven og fjøset. Litt unna tunet står tørrstøge, kvednhaus og smie. Taka på støga, våningshuset og låven er tekt med skanta skiferstein. Bu (stabbur) og smie har papp på taket. Fjøs, tørrstøge og kvednhaus er tekt med torv. Støge og våningshus har tørrmur som fundament. Fjøset har pilarar av gråstein som fundament. Dei andre husa står på steinlaft, nokre med fyllmur.



**Figur 195.** Husa før og etter restaurering. Foto til venstre: Gerry Rogers, til høgre: Geir Norling

Det eldste huset er gamlestøga. Gamlestøga har lafta konstruksjon i ein etasje, sval i reisverk, og saltak med svai. Taket er tekt med ein gamal type skantestein. Huset vart flytta hit på 1700-talet og skal vere frå 1600-talet. Bygg frå før 1650 er automatisk freda.



**Figur 196.** Gamlestøga (til venstre) om lag 1901. Foto: Ukjend/Valdresmusea AS. Til høgre: Gamlestøga er sett i stand og nytta til bevertning og overnatting. Foto: Geir Norling



**Figur 197.** Bekkekvern til venstre. Fjøset sett frå dørhella på Gamlestøga til høgre. Foto: Geir Norling

## Stølen

Til garden høyrer ein støl, Hellestølen i Rysndalen. Selet frå 1841 er restaurert og blir nytta som feriestad, til kurs og utleige.




Figur 198 Stølen før og etter restaurering. Foto til venstre: Berit Nefstad, til høgre: Jan Askildsen

## Kulturlandskapet

Kulturlandskapet er prega av kontinuerleg bruk frå steinalder til no, med åkrar, utslåtter og husmannsplassar. Her er registrert både gravhaugar som er datert vikingtid, rydningsrøyser og steingardar. Garden ligg innanfor eit område som er definert som nasjonalt og regionalt verdifullt, kategori A og B. Her er eit rikt biologisk mangfald, og fleire mindre lokalitetar innanfor eigedomen har status som nasjonalt verdifulle på grunn av sjeldne arter og artssamansetnader knytt til natur- og slåtteeng. Her er mellom anna registrert den freda planta *dragehovud*.

Gjennom dette kulturlandskapet har vertskapet lagt opp ein kultursti frå fjord til fjell heilt inn i Herredalen med skilt og informasjonstavler.



Figur 199. Registrerte område med nasjonalt (øvst) og regionalt verdifullt biologisk mangfald. Frå naturbase.no



Figur 200. Kulturlandskapet på Sørre Hemsing inneheld fleire utryddingstruga slåtteeingar. Foto: Tanaquil Enzensberger





I moderne jordbruk er det vanlig å dyrke kulturreng i åkerbruk. Då blir jorda med jerna mellomrom plygd og sådd til med innkjøpte såfse. Den blir gjødsla med kunstgjødsel og kanskje sprøyta mot ugras, planteskadegjørar og skadedyr. I ei slik moderne kulturreng er det veldig få planteslag. Den mest påfallande blomsterna er gjerne "den gule belga" på forsommeren, med løvetann og smørblomster som viktigste innslag



Brudespore forsvinner med moderne jordbruk

## HJARTEGRASENGA

**Enga**  
Enga som ligger på høyde med tunet og derfra ned til veien er ei vanlig moderne slåtteng. Men høyere oppe i terrenget har slåtteengene alltid vært behandlet tradisjonelt, og det kan vi se på plantelivet. Denne artsrike naturenga er selve juvelen i krona i Sørre Hemsing.

Om sommeren er her blomster og strå i mange farger og fasonger. Vegetasjonstypen kalles dunhavre-eng. Det er kanskje den mest fargerike engtypen vi kan finne i Norge. Det er mange alminnelige naturengplanter her, blant annet engkvein, gulaks, rødsvingel, engfytile, ryllik, hare-rug, blåkløkke, prestekrage, engsoleie, småengkall og engsyre. Dessuten er det typisk for engtypen at det vokser dunhavre, gulmaure, rød-knapp, gjeddekarve og rundbølg. Blant de mest spesielle plantene på engene er Bekkgrirens, marimokler, vill løt, hjerte gras og brudespore. Det forekommer også hvit brudespore her.

For noen år siden ble de nederste delene av engene temmelig hardt gjødslet. Selv om det bare ble brukt husdyrgjødsel, har både hjerte gras og brudespore gått tilbake i antall. Det er bare å håpe at bestandene vil ta seg opp igjen.

**Brudespore**  
Brudespore er en orkidé. De lysrøde blomstene med små sporer sitter i lange aks-samlinger. Ikke bare er blomstene kunstverk, men de har også en fantastisk duft av nellik og kardemomme.

Brudespore er en av de eksklusive artene som blir borte ved moderne landbruk og gjengroing. Den tåler slett ikke gjødsling. Den trives ikke på beitemark fordi den lett blir skadet hvis den blir utsatt for tråkk fra husdyra. I noen områder kan den holde seg på gamle slåtteenger som nå blir brukt som beitemark. Brudespore er flerårig og forekommer bare på kalkrik mark.

I slåttenga i Sørre Hemsing er det mange brudesporeplanter, som blomstrer i juni/juli. Her står det også å, blant de rosa blomstene, en liten bestand med hvite aksengrøner. Norge har tatt på seg en seg om internasjonalt freigjørelse med å ta vare på brudespore, og den står oppført som nær truet (NT) på Norsk Rødtliste (2006).

**Hjerte gras**  
Som de fleste gras er hjerte graset nærmest umulig å få øye på når det står uten blomster eller fra. Men aksene til hjerte graset er påfallende. Småaksene ser på avstand ut som små svevende kuler. Ser man nærmere på dem ser man at hver "kule" har en delikat hjerte fasong.

Hjerte gras er særlig knyttet til tidligere slåtteng (natureng). Planten tåler moderne jordarbeiding og gjødsling dårlig. I dag er hjerte gras blitt så uvanlig at mange bare har sett den i importerte buketter med tørkede blomster og strå.

Hjerte gras i enga viser at vi har med en tradisjonelt bevart slåtteeng å gjøre. Spes det kunstgjødsl, vil plantene fort forsvinne. Plynging tåler den heller ikke godt. Mange steder er gamle slåtteenger i Valdres, særlig i bratt lende, blitt benyttet som beitemark i de siste 30-40 årene. Hjerte graset gir ikke ut når engene blir brukt som beite, men om tradisjonell slått gjenoppstår, er erfaringen at hjerte graset står i antall.

Takst og foto: Tanaquil Enzensberger





VALDRES  
Natur og Kulturpark

Figur 201. Sørre Hemsing har skilta kulturstig med informasjonstavler i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark

# SØRRE HEMSING

## FRÅ FJORD TIL FJELL

 "HISTORISKE" STADER  
SOM ER BORTE NØ

 DNT-STIGEN

 KULTURSTIGEN



Figur 202. Teikning frå fjord til fjell av Sigfred Hovda

### Registreringar

På tunet står fem bygningar, medan tre ligg litt aust for tunet.






**Figur 203.** Bygningane i og kring tunet. Frå valdreskart.no

I tillegg til bygningane er det gjort fleire registreringar på Sørre Hemsing. Areala til 67/1 har mange kulturspor. I tillegg til rydningsrøyser og steingardar er det funne ei holsteinsøks, pilspissar, eit beisel og slag. Holsteinsøksa er truleg frå yngre steinalder. Eit heilt spesielt funn vart gjort ved Hemsingbrue, der det er funne eit båtspant frå om lag 300 fvt. Spantet er svært likt ein type som er funnen utanfor Bergen.


Nedanfor tunet ligg fleire husmannsplassar, utløer og slåtteteigar, og lenger nede ved fjorden ligg tufta etter sundmannen som rodde folk over fjorden før vegen kom.



**Figur 204.** Flyfoto med Lidar-skanning. På dette biletet kjem det fram kulturspor som ikkje kan sjåast på vanlege bilete. R-merka er funnstadene. Alle registrerte fornminne er vist til høgre. Lokaliteten nedst på kartet er funnstaden for båtspantet.

Det er også registrert og digitalisert kulturminne frå nyare tid frå Neset til Hensfjellet av Sigfred Hovda. Kulturstig og skjøtselplan har teke registreringane som eit utgangspunkt.

### Objekt til kart



Figur 205. Avgrensning av området til venstre. Til høgre registrerte kulturminne registrert av Sigfred Hovda frå Neset til Hensfjellet, sett saman med kulturstigen.

### Verdisetting

Sørre Hemsing er gitt verdi 2.

### Grunngjeving for verdisetting

Det er svært få intakte tun att i Vang, Valdres og elles i Noreg. På Sørre Hemsing er i tillegg mykje av det opphavlege kulturlandskapet intakt. Både landskap og hus er i god stand.

### Forslag til forvaltning

Området er forvalta av eigarane. Det er gjennomført ei kartlegging av landskap og enkeltelement i området (*Tradisjonslandskapet i Sørre Hemsing*, Enzensberger, Tanaquil 2008) med skjøtselplan. Planen tek for seg dei ulike minne og teigar frå fjorden til Hensåsen. Denne skjøtselplanen bør leggjast til grunn for vidare forvaltning av området. Bygningsmassen er i god stand og treng vanleg vedlikehald.

### Spesielle omsyn:

Det biologiske mangfaldet er knytt til slått med lett reiskap, utan bruk av kunstgjødsel og sprøytemiddel. Dette må det takast omsyn til. Vidare er det viktig at dei opphavlege bygningane får stå, og at det ikkje blir utført tiltak som øydelegg tun eller omgjevnader.

**Bruk:** Slått, beiting, bevertning, overnatting, vandring, formidling, bustad, utleige

**Hovudmål:** Det viktigaste er å ta vare på kulturhistoria i heile området.

### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
-----	----------	-----------------	--------	--------------

Ta vare på husa	Årleg bruk og vedlikehald	Årleg tilsyn og vedlikehald Søke finansiering	Eigar	Norsk kulturminnefond SMIL Eigar
Ta vare på kulturstigen	Bruk og ferdsel	Oppdatere skilt og Outtt Årleg vedlikehald	Eigar	SMIL Eigar
Ta vare på teigar og kulturminne	Årleg slått og skjøtsel	Rydding, slått eller beiting etter skjøtselplan	OFK Eigar	RMP Eigar
Ta vare på det biologiske mangfaldet	Årleg skjøtsel	Rydding, slått eller beiting etter skjøtselplan	Eigar	RMP Eigar
Ta vare på historia	Formidle	Oppdatere tekst på Outtt og web	Eigar	Uni-stiftinga Sparebankstiftinga

### *Oppfølgingsansvar*

Eigar



**Figur 206.** Foto: Geir Norling

## 16 Gamle Kvam

Gamle Kvam er eit meir eller mindre intakt firkant- tun frå 1800-talet. Bygningane vart ståande då tunet vart flytta ned til E16 kring 1960.



**Figur 207.** Til venstre: Tunet sett ovanfrå. Foto: katarina Sparstad. Til høgre: Tunet sett frå innkjørsla. Foto: Jan Askildsen

### *Brukshistorikk*

Historia om Kvam går lang tilbake i tid. Sjølve namnet stammer frå dei første gardsbruka og kjem frå gamalnorsk; "Hvamr", som tyder stutt dal eller vik i lende med høge bakkar på sidene. Garden skal vera rydda i tidleg gamalnorsk tid, og har vore prestebolgods, men var sjølveige i 1834.

Nyare tids historie på garden er svært rik. Kvam var frå gammalt presteenkesete, og i periodar to bruk. På 1800-talet var garden lensmannsgard i over 50 år. Her vart det også halde ting, og i stova i 1. etg. på våningshuset kan ein sjå spor etter verksemda som tingstad. Lensmannsgarden er no drive som eit gardsmuseum.

Garden med tunet vart dreve av familien Wangenstein/Kvam til 1960, då vart det bygd ny driftsbyggnad nær E-16. Gardsfolket flytta ned til nytt tun i 1971. Kvam har støl i drift på Hugastølen. Det er også stølstomter «nye stølen» og Smalastølen heime i lia, «gamle stølen» på Hugastølen.



**Figur 208.** Hugastølen. Foto: Guro Kvam

### Gjest Baardsen

Det var ofte storfolk innom i *Kvam*, og ein av dei meir kjende «gjestene» var nok stortjuven Gjest Baardsen. Den kjende "meistertjuven" var fange her under transport frå Bergen til Akershus festning. I 1827 vart Gjest Baardsen dømt til livsvarig slaveri og hamna i arresten her under fangetransporten frå Bergen til Akershus festning. Gjest Baardsen var ein notorisk forbrytar kjend for sine mange rømmingar. Han bar på 30 kilo jern for å hindre han i å stikke av, og i *Kvam* bad han lensmannen om å få ha av jerna medan han sov. Det skulle han få om han gav sitt ord på at han ikkje ville nytte høvet til å rømme. Gjest Baardsen gav sitt ord - og heldt det, fordi han "ikkje ville bryte eit løfte til ein lensmann som tok han for sitt gode ord!" (Frå boka "Mitt levnedsløp" av Gjest Baardsen.)

### Dagens bruk

Dei seinare åra (sidan 1990-talet) har tunet på Gamle *Kvam* vore nytta til gardsturisme med omvising, servering og gardsmuseum. Bygningane er særst godt tekne vare på, og inventar, utstyr og innreiing er intakt i alle husa. Dette inkluderer dei fleste detaljer frå lensmannsgarden, som klede, dukar, kjøkenutstyr, auser, kar, tønner med meir. Tunet ligg i ei slak helling, er romsleg og derfor også godt egna til friluftsteater og arrangement. Tunet ligg rett attmed Den Bergenske Kongevegen og får besøk både frå turgåarar og bilturistar frå E16.



**Figur 209.** Til venstre: Frå låven. Det meste av det opphavlege utstyr og inventar på frå garden er på plass og intakt. Foto: Geir Norling.

**Figur 210.**



**Figur 211.** Støga (våningshuset) har vore nytta til bevertning dei seinare åra. Foto: Thor Østbye


### Registreringar

Gamletunet har 9 hus frå rundt 1780 til 1860 åra. På garden er det gjort funn av pilspissar frå år 5-600 e.kr, samt ei jærnøks frå om lag år 1000 e.kr (yngre jærnalder).

Gamletunet er så å seie intakt, og eigar har brukt mykje tid og pengar på istandsetting. Dei einaste husa som no er borte, er livausfjøset, og den gamle lensmannsarresten. Arresten vart selt rundt 1920, og flytta til Smådalen for å brukast som stølshus, men grunnmuren står enno på tomta i tunet her. I tillegg låg det ei tørrstøge og eit kvernhus nede ved bekken.




Figur 212. Bygga med trekant markeringar er registrert som meldepliktige i SEFRAK-registeret



Figur 213. Skisse av tunet med ståande bygningar og tufter.

Alle bygningane er godt tekne vare på. Fjøset vart fullrestaurert i 2010

### Objekt til kart



**Figur 214.** Avgrensing av tunet i blå skravur til venstre. Kongevegen ligg som omsynssone til høgre på kartet. Til høgre: Tunet og Kongevegen med ein flik av friluftsområde som lysare raudt

### Verdisetting

Tunet og historia knytt til Kvam gjev verdi 2

### Grunngjeving for verdisetting

Gamle Kvam som lensmannsgard har ei heilt eiga historie. Det er heilt unikt at det i tillegg til godt bevara hus, er så mykje godt bevara inventar og utstyr. I fjøset er det teke vare på innreiing, og i støger, låve og bu er alt inventar slik det var då garden vart fråflytta i 1960. Arbeid med vedlikehald og tilrettelegging av museum er gjort av eigaren sjølv. Tun og hus er såleis særst godt egna til formidling og gardsturisme. Garden ligg også langs Kongevegen over Filefjell og er viktig også av den grunn.

### Forslag til forvaltning

Det beste for husa er at der bur folk. Husa i Gamle Kvam er sett i stand på ein autentisk måte, er soleis ikkje egna som moderne bustad. Dei seinrare åra er tunet nytte til gardsturisme, og både plassering og tilgjenge får veg frå E16 og Kongevegen gjør staden attraktiv for gardsturisme.



**Figur 215.** Gamle Kvam er skilta frå E16. Foto: Katharina Sparstad

**Spesielle omsyn:**

Tunet ligg synleg og vakkert til. Det bør derfor takast omsyn til siktline inn til tunet frå veg og Kongeveg. Tunet er autentisk både utvendig og i inventar, og dette er det take omsyn til i restaurering og tilrettelegging. Det er drift på hovudbruket, og aktivitetane i Gamle Kvam må ikkje hindre eller stå i konflikt med gardsdrifta.

**Bruk:** Tunet ligg lett synleg frå E16 og tett attmed Den bergenske Kongevegen. Kongevegen er no tilrettelagt for auka ferdsle og har fått Europa Nostra sin kulturminnepris i 2017. I 2018 vart også DNT si Stølsruta Tisleia – Sørre Hemsing kopla til Kongevegen. Alt dette vil truleg gje auka interesse og trafikk for gamle Kvam som gardsmuseum. Ein gardsmuseum med bevertning er ei god motivasjon til å halde hus og tun i stand på, og såleis ein optimal bruk av tunet og bygningane samstundes som at verdiane vert tekne vare på. Med museums og omvising vert også kunnskap og den spesielle historia om staden delt til glede for mange.

**Hovudmål:** Ta vare på tunet. Det bør også vere eit mål å formidle historia om garden

**Aktuelle tiltak**

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på tunet	Årleg tilsyn/vedlikehald	Sjekke forfall, jordsig og vasstilhøve. Slå gras på tunet		Eigar
Ta vare på bygningane	Årleg tilsyn og vedlikehald	Restaurere etter behov	Eigar	Norsk kulturminnefond, eigar Vang kommune Uni stiftinga
Formidle historia	Aktiv bruk og formidling	Guiding, forteljning, arrangement og oppdaterte infotavler	Eigar Valdresmusea Historielag	Eigar Sparebankstiftelsen DNB, UNI Stiftinga
Vidareutvikle næringsverksemd	Enkel bedriftsplan	Produktutvikling, marknadsføring, deltaking i marknadsnettverk	Eigar Visit Valdres Gards- og stølsnettverket i Valdres	Eigar, Visit Valdres Innovasjon Norge
Sikre landbruksdrifta i Kvam	Ta omsyn til gardsdrifta i Kvam	Planlegge tiltak og aktivitetar saman med gardbrukar	Eigar og drivar av gardsmuseet	

**Oppfølgingsansvar**

Eigar



## 17 Nordigarden og Syigarden Belsheim

Belsheim er eit klyngetun med to gardar, *Nørre* og *Sørre* Belsheim, øvst i Torpegardane. Eit tredje tun, Granlund, ligg litt ovanfor og er ikkje med i denne planen. Tunet ligg på vestsida av elva Rysna, tett oppunder Belsheimberget, med skog bak seg og åkrar nedanfor seg. Alle bygningane er frå slutten av 1800-talet, og tunet er blant dei eldste i Torpegardane.



**Figur 216.** *Sørre* og *Nørre* Belsheim i vinterdrakt. Foto: Eli Belsheim

## Brukshistorikk

Belsheim er blant dei eldste gardstuna i Torpegardane. I Torpegardane er det spor etter jordbruksdrift allereie i yngre jernalder, og på eigedommen ligg to gravrøyser frå jernalder. Under Belsheim har det også vore husmannsplassar der mellom andre bibelforskar og lærar Johannes Belsheim vaks opp.

I Nordigarden Belsheim er bustaden innreidd for moderne bruk, og tunet er busett av eigarane.

Syigarden vart driven med tradisjonell gardsdrift til utpå 70-talet og var busett fram til 1986 av Andris Olsen Belsheim. Dagens eigar, Eli Belsheim, er sjuande generasjon på garden, og har vore fastbuande. No er støga til tider i langtidsutleige, medan jorda blir leigd bort til beite.

Trass i tronge kår økonomisk sett så var dei godt stelt i Belsheim med tidleg vår og gode avlingar. Berget gir le for den elles så kjente vangsvinden. Dei hadde nok mat, og garden baud på nok hamn til dyra. Det er fortalt om godt samhald på desse gardane. Fyrst på 1900-talet var det eit trettitals menneske som budde her og i Granlund. Til jul var det juleselskap, og alle fekk plass, trass i små støger. Gards- og skogsdrifta baud på sine utfordringar i bratt lende, og ein kan berre ane alt slit og arbeid som ligg bak alle rydningar, murar og bygg.

På slutten av 1800-talet valde fleire også her å reise til Amerika, og mange brev og dessutan nokre få gjenstandar på garden er frå Amerika.

## Registreringar

Til saman er det 14 SEFRAK-registrerte hus innanfor området. Tre av desse er meldepliktige. I tillegg er det to tufter.



Figur 217. Bygg som ligg i SEFRAK-registera, er vist med gule og raude (meldepliktige) trekantar

**Syigarden Belsheim** består av til saman fem hus: støge, stabbur, smådyrfjøs, kyrfjøs, brønn og stall. Til tunet høyrer også ein låve som er teken ned og merkt for restaurering. Alle husa på Syigarden Belsheim er frå rundt 1880. Vidare står det att tufter etter gamlestøga, som vart erstatta av noverande støge på 1880-talet.

Støga er godt renovert og vedlikehalden. Innvendig er det gjort noko oppattmåling, då etter gamal fargeskala og med linoljebasert måling. Bustaden er innreidd for moderne bruk. I stabburet har det tidlegare vore innreidd for overnatting. Stabburet vart totalrenovert rundt 2010, men innreiing for overnatting står enno att. Fjøset og smådyrfjøset treng noko vedlikehald/restaurering i form av mellom anna styrking av tak og eventuell utskifting av stokkar. Stallen er intakt, men treng ei totalrenovering. Den er av nyare dato, rundt 1950, men var viktig for bruken og drifta av garden, og høyrer slik med. Brønnen er heilt intakt, med sveiv og kjetting, men manglar ferdig skifertak. I tillegg er det tre løer og ein låve med køyrebru/veg inn på låven på jordet nedanfor tunet. På desse står det att mykje restaureringsbeid.



**Figur 218.** Låve/løe. Foto: Eli Belsheim



**Figur 219.** Bua på Nørre Belsheim-tunet. Foto: Eli Belsheim

Det stod også ein låve i tunet, men denne måtte takast ned på grunn av dårlege grunnforhold og mykje røte. Han er merkt for restaurering, men det blir svært krevjande å få han opp att.



Det er også godt restaurerte og vedlikehaldne sel og fjøs på Åtjernstølen, men stølen er ikkje ein del av planen. Stølen vart sist brukt til støling på 1960–70-talet, og har sidan vore nytta som fritidsbustad. På heimstølen i Slettefjellet står berre delar av hustuftene att.

**Nørre Belsheim** består av fire hus, eit gulmåla hovudhus, stabbur, fjøs, låvar og kårhus. Kårhuset er ferdig restaurert i første etasje, medan det i andre etasje er sjablongmåling som bør restaurerast. Hovudhuset er ferdig restaurert, medan første etasje i kårbustaden er restaurert. På stabbur og fjøs/låve er det gjort ein del arbeid, men ein del arbeid står att.

I samband med kulturminnekartlegging i Vang i 2000 gjekk det fram at av dei 11 skaftholøksene som er funne i Vang, er tre funne i Torpegardane. Skaftholøksar blir knytt til det første jordbruket og er av dei eldste funna i torpegrena. Det er også registrert to gravhaugar og ei kokegrop. Ved sjakting i samband med etablering av røyrgate då Ala kraftverk skulle byggast, vart det funne ein nøkkel frå før-reformatorisk tid. Det er også registrert ei kokegrop nedanfor tunet. Kokegroper er groper med eit kollag dekt av skjørbrend stein. Desse er oftast knytt til matlaging. Groper er ikkje datert, men kan vere frå steinalder til vikingtid.

I enga og ved elveløpet er det registrert sjeldne og raudlista planter som trollskjegg, smalfrøstjerne (ved elveløp) og hengepiggfrø. Den eldste traseen til Den bergenske kongevegen gjekk ned forbi Belsheimgardane.

### Objekt til kart





Figur 220. Tunet til høgre og tun med jorde, løer og stigar til venstre



Figur 221. Stigen rundt Belsheimberget

### *Verdisetting*

Tunet er viktig for Vang og fått verdital 2.

### *Grunngjeving for verdisetting*

Det knyter seg ein sær lang kontinuitet til drifta under Belsheimberget, noko funna kring garden vitnar om. Dagens tun er eit klyngetun frå slutten av 1800-talet, og etter utskiftinga på 1800–1900-talet er desse svært sjeldne. I tillegg er husa intakte og tekne vare på av eigarane. Mykje av inventaret er også teke vare på i bygningane.

### *Forslag til forvaltning*

Tuna skal nyttast til drift og bustad og dekke alle naudsynte behov til dette. Istandsetting av bygningar er naudsynt, elles trengst ordinært vedlikehald. Måling bør skje etter originale prinsipp og fargeval.

Nedanfor tunet er ei slåtteeing/beitemark med naturengpreg. Enga blir nytta til beiting, og det er viktig at ho blir beita eller slått. Det kan vere aktuelt å legge opp ein naturstig til ein eksisterande stig over Belsheimberget og knyte stigen til løene i enga nedanfor som ein rundtur.

I 2016 vart det gjeve konsesjon på eit småkraftverk, som er under planlegging. Dersom det blir realisert, blir det etter dagens krav usynleg røyrgate, og kraftverket vil ikkje skjemme tun eller kulturlandskap på noko vis.

**Spesielle omsyn:**

Det viktigaste er å ta vare på det autentiske preget på gardstunet.

**Bruk:** Bustad, gardsdrift om småskala næringsverksemd.

**Hovudmål:** Setje i stand og gje nytt liv til bygningane.

**Aktuelle tiltak**

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ha gardstunet intakt og sette det i stand slik det var på 1880-talet	Restaurere alle husa	<b>Syigarden Belsheim</b> - sette opp att låve på tunet - skifertak og utskifting av stokkar på smådyrfjøs og kyrfjøs - restaurere alle løer og låven i skogen - innreie stabbur - restaurere stallen	Eigar	Eigar, SMIL, kulturkontor, Norsk Kulturminnefond
Sette i stand slik det var før forfall	Restaurere alle husa	Nørre Belsheim: Restaurere løer, restaurere stabbur og fjøs/låve og restaurere sjablongmåling i kårstøga på	Eigar	Eigar, SMIL, kulturkontor, Norsk Kulturminnefond
Intakt beitemark			Eigar	Eigar, SMIL
Rydde og merke kulturstig			Eigar	Eigar, SMIL, UNI-stiftinga

**Oppfølgingsansvar**

Eigar



Figur 222. Løe. Foto: Eli Belsheim

## 18 Sørre Gjevre

Sørre Gjevre ligg vakkert til under Slettefjell. Garden er ein solvend fjellgard på 30 daa og ligg på om lag 750 moh. i Liagardane, tett oppunder heimstøbeltet. Tunet er eit klassisk intakt firkant-tun der bygningane er knytt saman i to av tunvinklane. Alle husa er eldre enn 1900. Bygga er istandsett av eigarane dei seinare åra.



Figur 223. Låven sett ovanfrå. Foto: Katharina Sparstad

### Brukshistorikk

Sørre Gjevre er ein av fire Gjevre-gardar: Nørre, Midtre, Sørre Gjevre og Elvestad. Gjevre er truleg den eldste garden i Liagardane, truleg frå merovingartida (år 600–800). Garden var truleg tom etter svartedauden og øydegard til sist på 1500-talet. I 1965 var det to hestar, seks storfe, ti sauer og to geiter på garden. Sørre Gjevre har støl ved Fleinsendin.

Dei siste brukarane på Sørre Gjevre var brørne Anders Andersson Gjevre og Ola Andersson Gjevre, som dreiv fram til 1980. Dei dreiv med sau dei siste åra. Anders Torsteinsson Gjevre overtok garden i 1980. Dei nye eigarane begynte å restaurere garden for 16–17 år sidan. Tunet blir i dag nytta som feriestad. Støga vart sett i stand kring 2009.




Figur 224. Støga før og etter restaurering. Foto til venstre: Jens Möller. Støga har fått sett i eit glas og ein veranda. Foto til høgre: Katharina Sparstad



Figur 225. Støga før og etter restaurering. Foto til venstre: Jens Möller. Foto til høgre: Katharina Sparstad

## Registreringar

På garden er det stall og løe i eit samanhengande bygg, låve, småfehus, fjøs og utedo.



Figur 226. Skisse frå heftet *Gamal byggeskikk i Vang*, Ragnhild Dietrichson 1996



Figur 227. Låven sett ovanfrå





**Figur 228.** Låven med låvebru sett frå nordvest. Låven er bygd saman med fjøset i vinkel. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 229.** Bua ligg mot nord og er også bygd saman med dei andre bygningane. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 230.** Bu og stall sett frå tunet. Foto: Katharina Sparstad




**Figur 231.** Låven. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 232.** Låven mot vest er knytt saman med småfehus og fjøs. Foto: Katharina Sparstad

### Objekt til kart



**Figur 233.** Tunet i rett nord-sør-plassering. Til venstre: Frå Valdreskart.no. Til høgre: Forslag til avgrensing av området

## Verdisetting

Tunet er sett til verdital 2.

## Grunngjeving for verdisetting

Tunet er eit av dei få firkanttuna som er intakte. Det er sjeldsynt at alle husa er frå før 1900 utan større inngrep, med dei ulike småfjøsa i stand. Vidare er det ikkje mange tun att der husa er bygd saman i hjørna og dannar nesten eit lukka tun. Tunet er også fint sett i stand av eigaren og er såleis med på å gje eit samla positivt inntrykk av heile området.

## Forslag til forvaltning

### Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på tunet i den opphavlege konstruksjonen, slik det er restaurert fram til i dag.

**Bruk:** Hus som står tomme, forfell raskare fordi dei ikkje får dagleg tilsyn. Det er derfor viktig at husa blir brukt. Tunet ligg også godt synleg i landskapet, og det er eit poeng at området kring tunet ikkje gror att eller blir ombygd.

**Hovudmål:** Setje i stand og gje nytt liv til tunet

### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på tunet	Unngå inngrep, og nedtaking og endring av tunstrukturen	La det vere slik det er no	Eigar	Eigar
Ta vare på husa	Årleg tilsyn	Tiltak etter behov	Eigar	Eigar Norsk kulturminnefond Vang kommune
Nytte tunet	Bruke bygningar til feriestad eller næringsverksemd	Busette eller utleige	Eigar	Eigar

## Oppfølgingsansvar

Eigar



Figur 234. Foto: Katharina Sparstad

## 19 Nedre Kattevål


Kattevål ligg ved Vang sentrum og består av fire bygg: hovudhus, støge, bu og låve. Det som særmerker tunet, er låven på Kattevål. Han er karakteristisk bygd i vinkel, godt synleg frå vegen, og han fungerer nesten som eit signalbygg frå E16.



Figur 235. Låven ligg godt synleg og ruvande og fungerer om lag som eit signalbygg

### Brukshistorikk


Nedre Kattevål var bondegods og fullgard. Opphavleg var Kattevål truleg ein gard, men allereie på 1600-talet er to bruk omtalt. Nedre Kattevål vart delt i tre bruk i 1806 og 1811. I dag er det fire gardar på gardsnummer 44: 44/1 Nedre Kattevål, 44/2, 44/3 og 44/4. Ein periode var jamvel fire brukarar omtala på Nedre Kattevål, men det kan ha vore livausbrukarar. Allereie på 1500-talet har Nedre Kattevål vore lensmannsgard. Namnet Trond har følgt garden i fleire hundre år. I 1952 var det 75 daa til garden, og i 1983 var dette auka til 89 daa. I 1657 er det talt tre hestar, 17 storfe, 19 sauer, 5 + 2 geiter og ein gris på 44/1. I dag blir garden driven med 27 mjølkekyr + ungdyr (mjølk og kjøtt). Bonden på Kattevål leiger jord frå fem gardar i tillegg til eigen gard. Tunet er flytta til nedsida av E16 der eigaren bur og driv i dag. Kårhuset på det gamle tunet blir leigd ut.



Figur 236. Nye og gamle tunet på 44/1 Nedre Kattevål. Det nye tunet ligg på nedsida av Tynvegen/E16.

## Registreringar

Tunet på Kattevål 44/1 består av låve/fjøs frå 1900 (1901), stabbur frå 1711 (talet er hogd inn i treverk/dørbjelke), ei støge som truleg er frå slutten av 1500-talet, eit våningshus av nyare dato og våningshuset frå 1930. Eigaren bur på eit nytt tun nedanfor E16, medan hovudhuset på gamletunet blir bortleigd som bustad. Garden blir driven saman med nabogarden.



Figur 237. Tunet består av dei fire bygga på 44/1. Nabetunet på 44/4 ligg tett intill 44/1

**Låven/fjøset** er eit vinkelforma bygg der den eine delen er frå 1900. Bygget er sett saman av nye stokkar og stokkar frå eldre hus, der alt med unntak av fjøset er gjenbrukt material. Fjøset er bygd for både kyr og sau.



Figur 238. Bilete frå bryllaup på Kattevål i 1902. Dette biletet syner at delar av bygget mot nordaust ikkje er heilt avslutta då biletet vart teke. Foto: Vang historiske biletsamling

Låven er i svært dårleg forfatning, og på slutten av 1990 søkte eigaren om rivingsløyve. Dette vart avslått. Sidan den gong har låven forfalle ytterlegare og utgjer ein risiko slik at det er vanskeleg å nytte bygget.



**Figur 239.** Låven er i svært dårleg forfatning, og bruk utgjer ein risiko. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 240.** Låvebrua ligg midt på tunet. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 241.** Fjøs og låve i vinkelbygg rammar inn tunet. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 242.** Det er mektige pilarar av stein under fjøset mot vegen. Biletet syner at delar av muren har glide ut. Foto: Katharina Sparstad

**Bua** er frå 1711 og vart restaurert for nokre år sidan med noko støtte frå fylkeskommunen.



**Figur 243.** Bua frå 1711 er restaurert. Foto: Katharina Sparstad

**Gamlestøga** var i dårleg forfatning med mellom anna taklekkasjar. I 2017 vart det sett i gang eit restaureringstiltak av tak og inngangsparti med støtte frå Norsk kulturminnefond. Dersom huset

faktisk er frå 1500, så er dette det nest eldste bygget i privat eige i Vang. Inngangspartiet er truleg bygd på seinare.



**Figur 244.** Støga skal vere frå 1500-talet og er no under restaurering. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 245.** Våningshuset på Nedre Kattevål er frå 1930. Foto: Katharina Sparstad



### Objekt til kart



Figur 246. Avgrensning av tunet innanfor blå skravur

### Verdisetting

Tunet er viktig for kulturmiljøet i hovudsoknet, og får verdital 2.

### Grunngjeving for verdisetting

Tunet er intakt som firkanttun, med eit av dei eldste husa i Vang på tunet. Låven er har ei estetisk utforming og vakkert tilpassa terrenget og berget med mektige pilarar, og bygningen får nærmast ein monumental verknad. Bua frå 1711 er sett fint i stand, i hovudsak på eigars kostnad. Samla er bygningane ein viktig del av kulturlandskapet i hovudsoknet sett frå E16.

### Forslag til forvaltning

#### Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på tunet som heilskap. Låven er svært viktig for kulturlandskap og bygningsmiljø, og vil falle saman om det ikkje blir sett i gang tiltak. Det er eit tap for kommunen om bygget fell saman. Eigaren har ikkje rivingsløyve og får heller ikkje sett opp eit funksjonelt bygg. Om eigaren skal greie å sette låven i stand, trengst det eit økonomisk løft frå fleire instansar. Det viktigaste omsynet er derfor å legge tilhøva til rette for at eigaren greier det økonomiske løftet det er å restaurere noko så omfattande som låve/fjøs. I mellomtida er det viktig å ta tryggleikssyn, og ikkje gjere inngrep kring og på tunet som kan gjere ei restaurering vanskeleg.

**Bruk:** Landbruksdrift (garden), utleige (hovudhus) og museum (gamlestøga).

**Hovudmål:** Setje i stand og gje nytt liv til tunet med bu, støge og låve. **Det er ein viktig føresetnad at eigaren får vesentleg støtte til tiltaka.**

Restaurering av taket og påbygget på gamlestøga er i gang. Dette blir truleg ferdig i 2018. Deretter vil eigaren restaurere resten av huset og innreie det til museum.

Når gamlestøga er ferdig, kan det vere aktuelt å sette i stand låve og fjøs – under føresetnad av betydeleg ekstern finansiering.

#### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på gamlestøga	Sette i stand og bruke gamlestøga	Følgje trinnvis restaureringsplan	Eigar	Norsk kulturminnefond Vang kommune Oppland fylkeskommune (til freda bygg)
Utvikle gardsmuseum i gamlestøga	Innreie gamlestøga til gardsmuseum	Samle og preparere gjenstandar for framvising	Eigar	Uni-stiftinga Sparebankstiftelsen DNB
Avklare føresetnader for restaurering av låve /fjøs	Fagleg og økonomisk vurdering ved restaurering av låve/fjøs	Tilstandsvurdering ved regional bygningsvern-rådgjevar Søkje finansiering	Eigar	Valdresmusea Vang kommune Eigar
<b>Under føresetnader om vesentleg ekstern finansiering:</b> Sette i stand og ta vare på låve/fjøs	Vurdering av tilstand og omfang	Trinnvis restaurering <i>Tiltak er ikkje aktuelt før gamlestøga og det nye fjøset er ferdigstilt.</i>	Eigar	Norsk kulturminnefond Uni-stiftinga Vang kommune

#### Oppfølgingsansvar

Eigar



Figur 247. Mot Grindafjell. Foto: Katharina Sparstad

## 20 Torsheim grendehus

Torsheim grendehus AL er eit «andelsgrendehus» i Vang som er eigd og forvalta av frivillige organisasjonar. Eigarane er ungdomslaget, bygdekvinnelaget, skyttarlaget og bondelaget i Vang. Her er det medlemmar i alle aldrar, og sidan sjølve grendehuset er eit dugnads- og andelsbygg, var det mange medlemmar som brukte det tidlegare. Dei siste åra har likevel vist at talet på medlemmar i dei ulike eigarlaga har vorte mindre. I Vang ungdomslag er det ikkje att medlemmar, og talet på medlemmar i bygdekvinnelaget er svært lågt.

### *Brukshistorikk*

Huset vart sett opp på dugnad i 1909 og nytta av Vang Ungdomslag. Torsheim fekk egne bruksforskrifter i april 1911. Huset har aldri vore skule, men er godt eigna som samfunnshus og har lokale med scene for framsyningar og andre fasilitetar for dette. Huset har såleis fungert som kulturhuset i Vang. Torsheim er eigd av frivillige organisasjonar, og mellom anna på grunn av den lune atmosfæren har kommunen i fleire høve nytta huset til litteratur- og kulturkveldar, tildeling av kulturpris og positivpris og anna. I perioden 1998–2014 arrangerte kommunen årleg konsertarrangementet Jotnerock i februar. Jotnerock samla ungdom frå heile Valdres til rusfri konsert med landskjende artistar. Torsheim har i mange år fungert som eit hus til nytte for alle i Vang. Huset vert brukt til gebursdagar for alle aldrar (frå 5-årsfeiringar til 70-årsfeiringar), konfirmasjonar, bryllaup, barnedåp, gravferder, møteverksemd, sal av klede, private samlingar, svingkurs, øvingslokale for musikklag både med og utan dans i øvingane, joletrefestar med meir.

I det seinare har huset også vore nytta av Teater Innlandet. Huset er utvida/bygd på i seinare tid. Alt vedlikehald skjer på dugnad. Huset er no i dårleg stand, med byrjande rote og sopp etter lekkasje i taket, og delvis ueigna for arrangement vinterstid. Dermed mister det eventuelle leigeinntekter.

Dette grendehuset er det einaste i Vang som ikkje har vore skule eller offentleg samfunnshus, som framleis er i bruk (fram til no),



**Figur 248.** Torsheim på byrjinga av 1900-talet. Foto: Neste, Nils / Valdresmusea AS



**Figur 249.** Torsheim er bygd som samfunnshus med scene og fasilitetar for framsyningar og konsert. Foto: Vang Frivilligsentral

### **Registreringar**

Torsheim er bygd i tømmer. Huset var todelt med forsamlingsrom og kjøkken. Det vart utvida på 1980-talet med eit mellombygg og inngangsparti med toalett. Dette tilbygget er dårleg isolert og utsett for lekkasje i gradvinkelen på taket. Årsaka er bevegelse som gjer at taksingelen i gradrenna mellom gamalt og nytt bygg sprekk opp. Lekkasje er førebels stoppa på dugnad. Huset er måla på dugnad i seinare tid.



**Figur 250.** Torsheim i 2017. Dårlig isolasjon gjev smelting, istappar og vasslekkasje slik at huset no er dårleg eigna som forsamlingslokale. Foto: Katharina Sparstad

Vindauga, med unnatak av vindauga mot søraust, er skifta/restaurert i seinare tid. Forsamlingsrommet har ei scene. Rommet har luftig takhøgde, bratt himling i trepanel i ruta sektorar. Glasrutene som vender mot sør, er ikkje skifta, og dette burde vore gjort.



**Figur 251.** Forsamlingsrommet på Torsheim har stor takhøgde. Foto: Vang Frivilligsentral

På scena er eit stort måleri på lerret. Måleriet er noko vass-skada. Det var ein gong måla på tynn strie som ein rekvisitt til ei framsyning.



**Figur 252.** Vegglerretet er noko vass-skada. Foto: Katharina Sparstad

Kjøkkenet har innreiing frå 1960-talet.



**Figur 253.** Kjøkkenet. Foto: Ragnhild Lund

Mellom forsamlingshuset og kjøkkenet er det ei dobbeldør.



**Figur 254.** Etasjeomnen. Foto: Katharina Sparstad

Kjøkkenet og storstova har eigen eldstad, men er dårleg isolert. Eldstaden på kjøkkenet/møterommet er ei open grue, der det er sett inn ein mindre vedomn. Etasjeomnen i storstova er staseleg, men svært lite nytta grunna brannfare.




**Figur 255.** Mellombygget er av nyare dato og har dårleg isolasjon i taket. Foto: Katharina Sparstad



**Figur 256.** I tilbygget og overgang mellom nytt og gammalt er det taklekkasjar og røteskadar. Foto: Katharina Sparstad

## Objekt til kart



Figur 257. Avgrensing innanfor raud strek

## Verdisetting

Bygnaden og historia knytt til Torsheim gjev verdi 2.

## Grunngjeving for verdisetting

Torsheim har vore ein viktig del av kulturlivet i Vang. Huset er bygd på dugnad åleine og er brukt til forsamlingslokale, framsyningar og kulturell utfalding.

## Forslag til forvaltning

Torsheim står for alle utgifter sjølv. På grunn av manglande leigeinntekter hadde eigarane ikkje økonomi til anna enn straum og forsikringar i fjoråret. Berre forsikringa på huset er på over kr 900 i månaden. Det er ei utfordring å ha økonomi god nok til å betale straum og forsikringar, sidan eigaren er avhengig av utleige for å få inn midlar. Huset må ha leigeinntekter, men huset må vere i stand og vere funksjonelt, sikkert og triveleg for å få leigetakarar. Det vert viktig å kunne tilby andre lag og foreningar ein stad der dei kan gjennomføre aktivitetane sine, også etter at fleirbrukshallen er komen i bruk.

Det er naudsynt å skifte golvplank i salen, dørkarm og tak/vegg i gangen. Vidare må det skiftast glas mot søraust, det elektriske lyt framleis sikrast, og noko må kanskje skiftast ut.

Det er no ein dugnadsrunde og ei kronerulling for å samle inn pengar til ei naudsynt restaurering.

**Hovudmål:** Ta vare på bygget som kulturhus

**Bruk:** Slik det er meint, for kulturarrangement og samlingar for ålmenta



### Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare huset	Rutineperm over dei årlege naudsynte gjeremåla	Sjekke forfall, jordsig og vasstilhøve. Slå gras på tunet, rydde skog og kratt rundt huset.	Eigar ved styret	Eigar Norsk kulturminnefond, UNI-stiftinga
Halde bygget tilgjengeleg	Årleg tilsyn og vedlikehald	Restaurere etter behov, gjere avtaler om utleige, utlån av nyklar, faktura/økonomi vask (om det ikkje er bestilt leige utan vask av lokalet), handle inn forbruksvarer	Eigar ved styret	Eigar Vang kommune
Formidle historia	Aktiv bruk og formidling	Guiding, forteljning, arrangement og oppdaterte infotavler	Eigar Valdresmusea Historielag	Eigar Sparebankstiftelsen DNB, UNI-stiftinga
Vidareutvikle næringsverksemd	Enkel marknadsstrategi (under arbeid)	Produktutvikling, marknadsføring, delta i marknadsnettverk, nettbasert info	Eigar	Eigar Vang kommune Innovasjon Norge
Sikre framtidig drift	Ta omsyn til grunnleggande behov for aktiv bruk	Planlegge tiltak og aktivitetar og nytte alle kanalar aktivt for å få ut informasjon om desse.	Eigar	

### Oppfølgingsansvar

Eigar. Dersom det er hensiktsmessig, kan det vere aktuelt å danne ei stifting.



Figur 258. Foto: Valdresmusea / Olav Neste

## DEL 5 OPPFØLGJING OG VIDARE ARBEID I VANG

### Oppfølgingsområde

Ut over dei kulturminna som er definert i denne planen, er det fleire tema og minne som det bør arbeidast vidare med når det er kapasitet eller planen skal evaluerast. Tema som ikkje kom med i denne omgangen, var:

### Tettstader - Ryfoss

Tettstaden Ryfoss er i ei særstilling som den første og einaste småindustriestaden i Vang. Her var både slakteri, meieri, garveri, ljåsmie, sagbruk, krafttverk, Ryfoss betong med meir.

### Gamle skulebygg og forsamlingshus

Det er mange skulebygningar og forsamlingshus i Vang som ikkje er registret. Desse ligg i grender og tettstader i heile kommunen. I denne planen er berre Torheim forsamlingshus med, men flire bør takast til vurdering.

### Heimstøler

Både av kulturhistorisk interesse og i samband med tilrettelegging i hytteområde er det eit ynske å lokalisere heimstøler og stiggar mellom desse.

### Fangstanlegg

I denne planen er berre nokre fangsanlegg med. Ved neste rullering bør mellom anna eit område med fangst innreiingar i området ved Belgen/Smådalen vurderast inn i planen. Det bør gjerast ein mest mogleg komplett kartlegging av fangsanlegga i Vang.



**Figur 259.** Det er aktuelt å registrere fleire fangsanlegg i Vang. Her attfylt fangsgrop ved Steinbuvatn. Foto: Katharina Sparstad

### Kraftindustrien

Vang er rik på vasskraft, og har derfor ei historie som kraftkommune. I denne planen er kraftstasjonen ved Eidsfoss med, men fleire anlegg bør vurderast inn ved neste rullering.

### Bygningsmiljø

Det er berre take med nokre bygningsmiljø i denne planen. Ved rullering må det vurderast nye bygningar/bygningsmiljø som utvalde område. Tun og bygningsmiljø som er vurdert av arbeidsgrupa er mellom anna Skeistunet og prestegarden med Drengestøga. Prestegarden i Vang ligg sentralt til og har ein viktig historisk tyding for innbygarane i Vang. Her har presten halde sete i snart 200 år. Hovudbygging, drengestøge og stabbur er alle freda med enkeltvedtak jf. § 15 i kulturminnelova. Andre tun og bygningar kan sjølvstøgt også vere aktuelle.

## LOVERK

Innanfor kulturminneforvaltinga gjeld fleire ulike lovverk.

### Kulturminnelova

Kulturminnelova har ein klår definisjon av kulturminne:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.» (Kulturminnelova av 9. juni 1978, § 2).

Kulturminnelova omhandlar dei konkrete, fysiske kulturminna som kan sjåast og takast på, og ikkje kulturminne som song, dans og tradisjon.

### Automatisk freding

Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Ein har meldeplikt dersom ein skal endre bygningar frå før 1850. Før-reformatoriske minne blir også kalla fornminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet, så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringssone på 5 m.

### Vedtaksfreding

Av og til er det naudsynt å frede kulturminne som ikkje er automatisk freda, det vil seie frå nyare tid. Det kan vere bygningar eller andre kulturminne som har spesiell verdi. Desse blir freda med enkeltvedtak, jf. § 15 i kulturminnelova.

### Innleveringsplikt

Dersom du gjer eit laust funn som er frå før 1537, er det innleveringsplikt. Det er fordi det dessverre syner seg at slike minne forsvinn frå oppbevaringsstaden etter ei tid. Og med gjenstanden forsvinn eit stykke av vår felles historie. Difor blir alle slike gjenstandar oppbevart i museum eller oldsaksamlingar. Der blir funna arkivert etter gardsnamn, og alle funn får eit arkivnummer. Arkivet er tilgjengeleg på Internett <http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/oslo/hovedkat.html>.

### Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova regulerer kva inngrep som kan gjerast i samanheng med utbygging, og korleis plantiltak skal utførast. Lova er basert på spegelvendingsprinsippet. Det betyr at inngrep som ikkje står omtala i lova, ikkje er tillatne. Hovudmålsetjinga er å gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar eller om utbygging.

Lova skal vere grunnlag for den totale planlegginga og omhandlar tre plantypar:

#### 1. Fylkesplan

Fylkesplanen skal utarbeidast i kvart fylke og gje oversikt over natur- og kulturressursane. Fylkesplanen er retningsgjevande, men ikkje rettsleg bindande.

#### 2. Kommuneplan

I gjeldande plan- og bygningslov vil det seie at kulturminnet eller miljøet blir regulert til omsynssone C (erstattar regulering til spesialområde bevaring i tidlegare plan- og bygningslov). Vern gjennom reguleringsplanen er kommunens fremste moglegheit til å beskytte verneverdige kulturminne og miljø. Kva for omsyn som skal takast, skal definerast i kvart høve.

### 3. Reguleringsplan

Kommuneplanen er ein oversiktsplan over planlagde tiltak i kommunen. Arealdelen av kommuneplanen er rettsleg bindande og viktig i forvaltningssamanheng. Bandlegging gjennom kommuneplanen har rettsleg verknad i fire år.

Reguleringsplan skal utarbeidast der det er påkravd i arealdelen. Område kan også regulerast til omsynssone i reguleringsplanar. Det inneber ei mildare form for vern enn alternativa i kulturminnelova, men i reguleringsplanar kan det vere krav om utgravingar. Avgjerslene til planutvalet har på den måten stor innverknad på kulturminneforvaltninga i kommunen (plan- og bygningslova 1985).

#### Skogbrukslova

Eit siktemål i skogbrukslova er at det blir teke vare på miljøverdiar, slik som kulturminna. På dette viset kan også kulturminne frå nyare tid få større merksemd.

### Listeføring

#### Listeført kyrkje

Kyrkjer som er bygd før 1537 og erklært ståande kyrkjer frå 1537–1650, er automatisk freda. I tillegg er eit fåtal kyrkjer vedtaksfreda. Alle dei rundt 300 kyrkjene som er oppført mellom 1650 og 1850, blir betrakta som verneverdige og er derfor listeført. Listeført er også ei rekke verneverdige kyrkjer som er bygd etter 1850. Det er utarbeidd eit eige rundskriv (T-3/2000) som fastset forvaltnings- og sakshandsamingsrutinar for tilhøvet mellom kyrkjeleg myndigheit og Riksantikvaren når det gjeld dei listeførte kyrkjene. Riksantikvaren skal uttale seg før det blir fatta vedtak som inneber inngrep i / endringar av listeførte kyrkjer.

#### Statleg listeført

I denne kategorien er det bygningar og anlegg som er gjevne verneklasse 2 i det landsomfattande prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar. Desse kulturminna er vurdert til ikkje å ha nasjonal verdi, og ved sal blir det anbefalt at dei blir regulert til omsynssone.

#### Lokalt listeført

Denne nemninga blir brukt om bygningar, miljø og andre kulturminne som lokal vernemyndigheit (byantikvarane/kommunane) vurderer som verneverdige, sjølv om det ikkje er fatta eit formelt vernevedtak.

### Omgrep

I kulturminneforvaltninga blir det nytta ulike omgrep:

**Freda kulturminne.** Freding er den strengaste forma for vern. Freding inneber at inngrep/endingar på kulturminnet som går utover vanleg vedlikehald, må godkjennast av myndigheitene. Dette kan vere både automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne.

**Automatisk freda kulturminne.** Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Desse blir også kalla *fornminne*, men blir her berre omtala som automatisk freda kulturminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringsone på 5 meter.

**Vedtaksfreda kulturminne.** Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom særskilt vedtak for kvart enkelt kulturminne.

**Verna kulturminne.** Eit verna kulturminne kan vere verna med heimel i lov eller gjennom andre verkemiddel (kjelde: [www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)).

**Verneverdig/bevaringsverdig kulturminne.** Verneverdig og bevaringsverdig tyder det same. Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova (kjelde: [www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)).

**Omsynssone bevaring.** Dette er ei moglegheit i plan- og bygningslova til å verne objekt og område som har lokal og regional kulturminneverdi. Overordna avgjersler om bevaring i kommunane si arealplanlegging kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav c) og § 11-9 nummer 7. Føresegner om omsynssone bevaring i reguleringsplanar kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6. Ei omsynssone kan også regulere interiør og materialbruk.

**Arkeologisk kulturminne.** Arkeologiske kulturminne er spor etter menneske som har levd i tidlegare tider. Kunnskapen frå desse kjeldene kan gjere oss betre i stand til å forstå oss sjølv, vår samtid og andre menneske og kulturar.

**Nyare tids kulturminne.** «Kulturminne frå nyare tid» inkluderer i utgangspunktet alt som ikkje er automatisk freda i medhald av *lov om kulturminner* fram til i dag. I Valdres er dette i praksis ståande bygningar, leivningar og stader knytt til tru/tradisjon som er yngre enn reformasjonen (yngre enn 1537). Dei fleste minna som er registrert i samband med stølsregistreringane, er frå nyare tid.

**Kulturmiljø.** Dette er område der kulturminna inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

**Kulturlandskapselement frå nyare tid.** Dette er leivningar som ikkje er automatisk freda, i hovudsak leivningar knytt til jordbruk og seterdrift, slik som rydningsrøyser, steingjerde, fossile åkrar, hustufter, vegfar osb.

**Leivningar.** Med *leivning* meiner vi fysiske spor som rest av noko som har eksistert. Eit ståande hus er ein bygning, men tufta etter bygningen er ein leivning.

## TILSKOTSSORDNINGAR

Nedanfor er det sett opp nokre døme på kva det kan søkjast tilskot til, og kvar ein kan søkje. Mange av ordningane kan ha årvisse endringar. Merk at ordningane kan endrast, og at vi her berre har presentert nokre av dei viktigaste i 2017. Fleire av Valdres-kommunane abonnerer på <http://www.tilskuddsportalen.no> der du kan søkje deg fram til aktuelle ordningar.

### Statlege tilskotordningar

Nedanfor er det vist til dei viktigaste støtteordningane på statleg nivå. For meir info sjå regjeringas Rundskriv Nr: T-1/16 (for 2017).

#### *Norsk kulturminnefond*

Kulturminnefondet er ei statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota er delt inn i:

- istandsetjing, med søknadsfrist 1. november
- strakstiltak (tiltak mellom kr 10 000 og 50 000); støtta går til å hindre vidare forfall før seinare istandsetjing.

#### *Riksantikvaren*

Eigarar eller forvaltarar av kulturminne kan søkje om tilskot til tiltak som for eksempel istandsetjing, sikring og skjøtsel. Her finn du informasjon om kva du kan søkje om tilskot til, målgrupper og korleis du kan gå fram for å søkje.

Det kan gjevast tilskot til tiltak innanfor:

- [arkeologiske kulturminne](#)
- [brannsikring av tette trehusmiljø](#)
- [bygningar, ruinar og anlegg frå mellomalderen \(før 1537\)](#)
- [bygningar og anlegg etter 1537](#)
- [fartøy](#)
- [fartøyvernsentera](#)
- [konservering av fast inventar](#)
- [konservering av kyrkjekunst](#)
- [kulturmiljø og kulturlandskap](#)
- [samiske kulturminne og kulturmiljø](#)
- [tekniske og industrielle kulturminne](#)
- [verdiskaping](#)
- [verdsarv](#)

#### *Klima- og miljødirektoratet*

Det har vore mogleg å søkje tilskot til truga naturtypar og utvalde naturtypar. Dette gjeld både undersøkingar, utarbeiding av skjøtelsplanar og tiltak i naturtypar. Slåttemark (natureng) og slåttemyr fell innanfor denne ordninga.

### Regionale tilskotsordningar

Både fylkeskommunen og Fylkesmannen har tilskot som kan nyttast til kulturminne. Ordningane hos Fylkesmannen gjeld spesielt kulturlandskap og biologisk mangfald, medan fylkeskommunen gjev støtte til freda bygg.

### **Oppland fylkeskommune**

Kulturarv-avdelinga i Oppland fylkeskommune gjev tilskot til freda bygningar i privat eige. Tilskota er delt inn i:

- forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand (ingen søknadsfrist)
- istandsetjing (søknadsfrist 1. november)
- strakstiltak/sikring (ingen søknadsfrist)

### **Fylkesmannen**

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen administrerer tilskot gjennom RMP (Regional miljøprogram). I Oppland inkluderer det tilskot til seterdrift, beiting og slått på areal med miljøverdi.

### **Kommunale tilskotsordningar**

Alle kommunar har ei eller fleire tilskotsordningar som inkluderer kulturminne.

### **SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)**

Kommunane har gjennom si eiga SMIL-ordning moglegheit til å gje støtte til verneverdige bygningar. Føremålet med SMIL-midlane er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, og å redusere forureininga frå jordbruket utover det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift.

Frå Landbruksdirektoratet: «Tilskudd kan gis til foretak der det foregår en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseieendommen, og som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.»

### **Private tilskotsordningar**

Det finst ei rekke private tilskotsordningar og legat. Nokre er lista opp her. På neste side finn du link til fleire. Meir finn du også på <http://www.tilskuddsportalen.no>

### **Sparebankstiftelsen DnB**

Stiftinga gjev støtte innanfor det geografiske virkeområdet sitt. I 2017 gjev ho tilskot til tiltak som aukar forståinga for å ta vare på kulturminne, aukar interessa for historie og bidreg til å ta vare på handverkstradisjonar. Prioriteringane endrar seg over periodar.

### **UNI-stiftinga**

Stiftinga UNI er ei allmenntilgjengelig stifting som skal støtte tiltak som vernar menneske og fortidsminne. Stiftinga sine vedtekter seier det slik: «Stiftelsen UNI er en stiftelse med ideelt formål å fremme allmenntilgjengelig virksomhet innen skade- og miljøvern, for dermed å bidra til en trygg utvikling i det norske samfunnet. Stiftelsens bidrag skal i første rekke være økonomisk støtte til prosjekter og påskjønnelse til institusjoner og enkeltpersoner.» Søknadane blir behandla på styremøte seks gonger i året.

### **Norsk kulturarv**

Norsk kulturarv administrerer ordningane «Ta eit tak» og «Rydd eit kulturminne». «Ta eit tak»-ordninga er finansiert av UNI-stiftinga.

### **Legat og andre private tilskot**

Sjå <http://kulturminnefondet.no/wp-content/uploads/2016/06/4.4-Private-stiftelser-og-fond-ny.pdf>

## **DEL 6 VEDLEGG REGISTRERTE KULTURMINNE**



## KJELDER

- Adriansen, Jan og T. Ekerhaug (2011): Kongevegen over Filefjell. Forprosjekt. Statens Vegvesen.
- Dietrichson, Ragnhild (1995). *Gamal byggeskikk i Vang*, Vang kommune og Valdres folkemuseum
- Eidsiva energi
- Frøholm, A. 1972. *Den eldste gardsbusetnaden*. In: Lillebrænd, P. (red.) Valdres bygdebok 3, første delen. Valdres bygdeboks forlag: 21-60.
- Frøholm, A. 1985. Valdres bygdebok 1 Del A. Valdres bygdeboks forlag
- Hvattum, Harald (1993). *På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet. Vegkulturminne i dag*. Fagernes: Valdres Forlag.
- Ilkjær, Jørgen (2000). *Den første Norgeshistorien – Illerupfunnet: Ny innsikt i skandinavisk romertid*. Kulturhistorisk Forlag.
- Jacobsen, H. 1997. Artikkelserie. In: Moen, T. (red.) Valdres (86): *Valdres i forhistoria* (21.02.97): 14-15, *Den fyrste valdris var jeger* ( 07.03.97): 4-15, *Det fyrste jordbruket* (21.03.97): 14-15, *Bronse som offer til gudane* (04.04.97): 20-21, *Romartid med kaldara klima, jernutvinning og runer* (18.04.97): 14-15, *Kulturelle brytningar i vikingetida* (16.05.97): 16-17, *Jern gav velstand* (30.05.97): 17-18
- Jahnsen, Jahn Børe (2008 ) : *Mellomalderkyrkjer i Valdres*
- *Løddøen, Trond 2003: Kulturminneregistreringer Tyin, Årsrapport 1-a-2002*
- Løvland, B. 1993. *Eidsbugarden 125 år i historien*. Vedlegg til Eidsbugarden Budstikke. 64 s.
- Oppland Energi AS
- Sparstad, Katharina (2000): *Kulturminne i Vang*, Vang kommune
- Thorstensen, Cathrine (2010). *Milesteiner i Norge*. *Vejhistorie*, nr. 17, forår 2010.



Figur 260. Frå Raudalen.



**VALDRES**  
*skjerper sansane*